	<p>Me vil at våre bustadområde skal ha attraktive uteområde, med høg kvalitet og tilgang på nærekreasjonsområde.</p>	<p>Kvam herad skal sikra tilgang på gode nærmiljøområde, som er universelt utforma og tilrettelagt for alle som ynskjer å nytta dei.</p> <p>2024: Samarbeidet med BOF heldt fram. Stor satsing på å sikra sentrale friluftsområde med statlege midlar.</p>
	<p>Me vil ha attraktive tomter langs med sjøen i frå Vikøy til Laupsa.</p>	<p>Kvam herad skal kartleggja den funksjonelle strandsona, der fortetting skal skje i neverande bebygde område og område som er eigna til rekreasjon og friluftsliv skal sikrast mot utbygging.</p> <p>2024: Lagt til grunn i arealplan</p>
	<p>Me vil ha ein funksjonell og god infrastruktur inn til våre nye bustadfelt.</p>	<p>Kvam herad skal bidra som tilretteleggjar og pådrivar for å få på plass infrastruktur.</p> <p>2024: Ferdigstilt veg til byggjefelt i Øystese (Torebøen).</p>

Årsmelding 2024

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
<b>Infrastruktur og kommunikasjon</b>  Kvam skal ha ein trafikksikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grenadene.	Me vil ha ein trygg og god veg til ein større og bu- og arbeidsmarknadsregion i og rundt Bergen.	Kvam herad skal i samsvar med sin eigen arealstrategi arbeide med å få på plass Hardangertunnelen.  2024: Fylkeskommunen har meldt at høyringssak kjem våren 2025.
	Me vil at internkommunikasjonen skal vera god i heile kommunen i frå Gravdal til Kjepso, slik at samhandlinga vert styrka.	Kvam herad skal sørge for at godkjente reguleringsplaner for infrastrukturen vert realiserte og me skal samhandla med regionale styremakter for å få plass Fv 7, Fv 48 og Fv 49 igjennom kommunen.  2024: Kommunen arbeider med fleire reg.planar på fylkeskommunale vegar. Vegarbeid i fylkeskommunal regi på strekkja Øystese-Granvin.
	Me vil at området mellom Norheimsund og Øystese, samt tilkomsten til Sjusete	Kvam herad skal i samsvar med arealstrategien for Tolomarka få på

## Årsmelding 2024

	skal verta betre tilgjengeleg.	plass ny veg i kommuneplanen sin arealdel.
	<p>Me vil at kollektivtilbodet skal verta betre internt i kommunen og til bergensregionen.</p>	<p>Kvam herad skal samarbeide med fylkeskommunen for å få til eit betre kollektivtilbod i Kvam og mellom Kvam og bergensregionen.</p> <p>2024: svarar på årleg høyring om kollektivtilbod. Ferjetilbod Tørvikbygd-Jondal utvida sommarstid. Delfinansiering for å forlenga hurtigbåtttilbod.</p> <p>Dialog med fylkeskommunen om mogleg "bestillingsskyss" i Kvam.</p>

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
<b>Verdiskaping gjennom samarbeid</b>  I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtildoda og lokaldemokratiet	<b>Entreprenørskap</b>  I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet.	I Kvam skal me etablera nye og ta vare på gamle møteplassar for samarbeid og nytenking.  2024: Vidare arbeid og dialog med næringsliv. Innhald i ny VGS også viktig for næringsliv.  Ungt entreprenørskap i skulen.

Årsmelding 2024

	<b>Møteplassar</b>  I Kvam vil me ha eit mangfold av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.	I Kvam skal me støtta opp om og leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkast og vidareutviklast til beste for alle innbyggjarane.  2024: Ei rekke tilskotsordningar vart delt ut
	<b>Frivilligkeit og kommunen</b>  I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.	I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levekår og utviklar seg på eigne premissar.  2024: Sjå over
	<b>Bredde og mangfold i kulturlivet</b>  I Kvam vil me ha breidde og mangfold i kulturtilbodet.	I Kvam skal me støtte opp om lag organisasjonar, og frivillige og inkluderande tilbod som møter alle sine behov.  2024: Sjå over
	<b>Lokaldemokratiet</b>  I Kvam vil me ha ei aktiv og deltagande befolkning.	I Kvam skal me leggja til rette for at dei folkevalde har reell innflytelse på samfunnsutviklinga.  2024: Gjennomført opplæring og verksett betre vilkår for folkevalde som fleire dagmøte.
	<b>Vidaregåande skular</b>  I Kvam vil me ha eit godt skuletilbod for ungdommar opp til 19 år.	I Kvam skal me i lag med Hordaland (no Vestland) fylkeskommune leggja til rette for ein sentrumsnær og

## Årsmelding 2024

		<p>framtidssretta skule i Norheimsund.</p> <p>2024: Byggeprosjekt fase 1 overlevert oktober 2024.</p>
	<p><b>Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet</b></p> <p>I Kvam vil me satsa på kunnskap og kompetanse i næringslivet.</p>	<p>Kvam herad skal i samarbeid med næringslivet arbeida for koplingar i mellom Kvam herad, lokale verksemder og forskingsmiljø.</p> <p>2024: Leigd fjernarbeidsplasslokale. Forskingsprosjekt vedr. fjernarbeidsplassar vart vidareført.</p>
	<p><b>Opplevingsøkonomien</b></p> <p>I Kvam vil me få på plass heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjord, fjell og vatn.</p>	<p>I Kvam skal me profesjonalisera oss som opplevingskommune.</p> <p>2024: Marknadsføring av Kvam som turistmål gjennom Visit Hardanger. Innleiga av firma til turistinformasjon i Steinsdalen.</p>

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Livskvalitet  I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i	Frivillig sektor  I Kvam vil me ha frivillighet og dugnadsinnsats som eit viktig	I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.

Årsmelding 2024


kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.	fundament i lokalsamfunnet.	2024: Ei rekke tilskotsordningar vart delt ut
	<p><b>Arbeid - og aktivitetstilbod</b></p> <p>I Kvam vil me at alle skal komme seg ut i arbeid.</p>	<p>I Kvam skal kommunen og næringslivet samarbeide, for å få alle ut i arbeid</p> <p>2024: fleire møte med m.a næringshage, næringsråd og -lag, Handalag m.fl.</p> <p>Kommunen har i tillegg felles prosjekt med andre kommunar i regionen og NAV.</p>
	<p><b>Fysisk aktivitet hjå befolkninga</b></p> <p>I Kvam vil me at alle skal vere litt meir i fysisk aktivitet.</p>	<p>I Kvam skal alle tiltak leggjast til rette for meir fysisk aktivitet for einskildmennesket.</p>
	<p><b>Barnehage</b></p> <p>I Kvam vil me ha barnehagar som skal vera ein god arena for sosialisering, integrering og læring.</p>	<p>I Kvam skal det leggjast til rette for eit godt læringsmiljø som fremmar integrering og sosialisering.</p> <p>2024: Auka rammer til bemanning og fleire opptak i løpet av året enn lovpålagt.</p>
	<p><b>Tverrfagleg samarbeid</b></p>	<p>I Kvam skal me oppmuntra til og leggja til rette for</p>

	I Kvam vil me ha eit samfunn tufta på toleranse og samarbeid	møteplassar som fremjar samarbeid.
	<b>Samfunnstryggleik</b>  Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare	Gjennomføra gode risiko- og sårbarheitsanalysar med gode kunnskapsgrunnlag. Kontinuerleg fokus på førebyggande tiltak. Gjennomføra faste øvingar der offentlege og private aktørar samarbeider  2024: Overordna HROS, beredskapsplanar for oppvekst og helse har hatt fokus. Øvingar gjennomført.

## **Demografi og folketalsutvikling.**

Folketalet i Kvam i 4.kvartal 2024 auka med 20 siste året, til 8.517 innbyggjarar. Dette var ein nedgang på 21 personar sidan 3.kvartal. 80 born vart fødde medan 84 gjekk bort. Netto innflytting var på 24 personar.

### Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen



Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Prognosane for folketalsutvikling for Kvam, peikar nedover meir nedover for 2030 enn dei gjorde for eit år sidan (8.268), og mot 2050 (7.954).

### Forventet utvikling



Befolkning i 2030

2030

**8 228** innbyggere



Befolkning i 2050

2050

**7 812** innbyggere

Kilde

Regionale befolkningsframkrivinger, Statistisk sentralbyrå

## FN sine berekraftmål

FN sine berekraftmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, nedkjempa ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Måla gjeld for alle land i verda. Til saman er det 17 mål, illustrert under.



Til kvart mål er det utarbeidd forklaring og delmål, sjå lenkja: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-berekraftsmaal>. I Noreg er mange av måla nådd, men me har framleis mål som både er aktuelle for oss som nasjon og oss som kommune. Og sjølv om nokre av måla vert rekna for nådd, må me framleis arbeida med tema som fattigdom, likestilling, reint vatn og gode sanitærforhold. Andre mål utfordrar oss likevel meir, som ansvarleg forbruk og å stoppa klimaendringane. Under er nokre av måla som er aktuelle for vår kommune.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
<b>3 - God helse</b> "Sikra god helsa og fremja livskvalitet for alle, uansett alder"	3.3) Innen 2030 stoppa epidemiene av aids, tuberkulose, malaria og neglisjerte tropiske sjukdomar samt bekjempa hepatitis, vassbårne og	Oppdatera smittervernplanen og gjera den kjent  Ta i bruk infeksjonskontroll-program

## Årsmelding 2024

	<p>andre smittsame sjukdomar.</p> <p>3.4) Innan 2030 redusera prematur dødeleghet forårsaka av ikke-smittsame sjukdomar med ein tredel gjennom førebygging og behandling, og fremja mental helse og livskvalitet.</p> <p>3.5) Styrka førebygging og behandling av misbruk, blant anna av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol.</p> <p>3.6) Innan 2020 halvera talet på dødsfall og skadar i verda forårsaka av trafikkulykker.</p>	<p>Laga plan for helsemessig og sosial beredskap</p> <p>Utvikla målretta informasjon til alle einingar omkring «helse i alt me gjer»</p> <p>Overordna folkehelsegruppe i kommunen og deltaking i folkehelsgruppe interkommunalt og på fylkesnivå</p> <p>Følgja opp rusmiddelpolitisk handlingsplan</p> <p>Oppfylgjing av underskriven avtale om trafikksikker kommune og tenesteavtale med politiet</p> <p>2024: Planarbeid for helsemessig og sosial beredskap laga.</p> <p>Er godkjent som trafikksikkert herad.</p> <p>Ny tenesteavtale inngått med politet.</p>
--	--	---

		Ny folkehelseoversikt laga i samband med ny planstrategi.
<b>4 - God utdanning</b>  "Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheit for livslang læring for alle"	<p>4.5) Innan 2030 avskaffa kjønsskilnader i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivåer innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personer med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjoner.</p> <p>4.7) Innan 2030 sikra at alle elevar og studentar tileigner seg den kompetanse som er nødvendig for å fremja bærekraftig utvikling, blant anna gjennom utdanning for bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremja av ein freds- og en ikkjevaldskultur, globalt borgerskap og verdsetting av kulturelt</p>	<p>Sikre heiltids-introduksjonsprogram for flyktningar og på bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon laga karriereplan for arbeid og utdanning</p> <p>Ta imot lærlingar og studentar</p> <p>Laga kompetanseplanar</p> <p>2024: Satsing på vidare generell kompetanseheving, med bruk av Dossier for kompetanseplanlegging.</p> <p>Vidare satsing på lærlingar, i samarbeid med Handalag.</p>

	mangfold og kulturen sin medverknad til bærekraftig utvikling.	
<b>9 – Innovasjon og infrastruktur</b>  "Byggja solid infrastruktur, fremja inkluderande og bærekraftig industrialisering og medverka til innovasjon"	<p>9.1) Utvikla påliteleg, bærekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, herunder regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtta økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkommeleg pris og likeverdig tilgang for alle.</p> <p>9.4) Innen 2030 oppgradera infrastruktur og omstilla næringslivet til å verta meir bærekraftig, med ein meir effektiv bruk av ressursar og større bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar, der alle land gjer ein innsats etter eiga evne og kapasitet.</p>	<p>Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan</p> <p>Krav i kommuneplan til planlegging av infrastruktur, bygge miljøvennlege bygg og sette energikrav.</p> <p>Halda fram arbeidet med å sanera VA-anlegg</p> <p>Halda fram satsing på bruk av el-bilar som tenestebil i Kvam herad</p> <p>2024:</p> <p>Fleire el-bil-avtalar inngått.</p> <p>Ei rekke VA-prosjekt i løpet av året</p> <p>Strandebarm omsorg bygd med fleire miljø- og energiomsyn. Det gjeld også for ny vidaregåande skule.</p> <p>Kvam herad deltek m.a. i Klimapartner Vestland.</p> <p>Ei rekke ENØK-prosjekt gjennomført.</p>

<p><b>12 – Ansvarleg forbruk og produksjon</b></p> <p>"Sikra bærekraftig forbruks- og produksjonsmønster"</p>	<p>12.5) Innan 2030 betydeleg redusera avfallsmengda gjennom forbod, reduksjon, gjenvinning og ombruk.</p> <p>12.7) Fremja berekraftige ordningar for offentlege anskaffingar, i samsvar med dei enkelte land sin politikk og prioriteringar.</p> <p>12.b) Utvikla og innføra metodar for å overvaka konsekvensane av ein berekraftig utvikling på ei turistnærings som er berekraftig, skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.</p>	<p>Samarbeida med BIR for å redusera, gjenvinna og ivareta resterande avfall på best mogleg måle.</p> <p>Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan</p> <p>Gjenomføra tiltak i innkjøpsstrategi.</p> <p>Samarbeida med Visit Hardangerfjord AS, fylkeskommunen og andre partar for ei berekraftig utvikling av turistnæringer.</p> <p>2024: Kvam deltek i fleire nettverk for klimanettverk. Tiltak i klimaplan arbeidd vidare med.</p>
<p><b>13 – Stoppa klimaendringane</b></p> <p>"Handla umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei"</p>	<p>13.1) Styrka evna til å stå imot og tilpassa seg klimarelaterte farer og naturkatastrofar i alle land.</p> <p>13.3) Styrka enkeltpersonar og institusjonar si</p>	<p>Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan</p> <p>Gjenomføra ROS-analysar for ulike delar av organisasjonen</p>

	<p>evne til å motvirka, tilpassa seg og redusera konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidleg varsling, samt styrka kunnskapen og bevisstgjeringen om dette.</p>	<p>Klargjera tilfluktsrom</p> <p>Gjennomføra beredskapsøvingar</p> <p>Delta i beredskapskampanjar</p> <p>2024: HROS vedteken.</p> <p>Utflytting frå tilfluktsrom til arkiv gjennomført.</p> <p>Det har vore fleire reelle beredskapshendingar.</p> <p>Utvikla nytt beredskapssystem og auka opp øvingstakt.</p>
--	--	---

## Klimarekneskap

### Klimatiltak


Kvam herad vedtok i 2021 kommunedelplan for energi og klima, med målsetjing om å redusera klimagassutsleppa med 55% innan 2030.

I kommunebarometeret for 2024, som er basert på tal for 2023, kjem Kvam herad på 162. plass innan kategorien «klima og natur». Klimagassutsleppa i Kvam herad har gått ned med 4,7% dei siste fire åra. I same peroda vart utsleppa frå vegtrafikken redusert med 9%. Av hushaldsavfallet i Kvam vart 26,2% levert til materialattvinning eller biogassproduksjon, noko som er relativt lågt.

### Direkte utslepp

Dei direkte utsleppa i Kvam herad har hatt ei jamn nedgang sidan 2009, om me ser bort ifrå utsleppa frå industri. For å sjå nærmare på kvar sektor kan de undersøka grafane hjå [Miljødirektoratet](#). Det er bra at


utsleppa går ned, men utsleppsreduksjonen må skje mykje raskare dei neste åra for at med skal komma nærmare å innfri eigne og internasjonale mål- og aller viktigast – for å redusera klimaendringane og dei negative effektane som kjem med. Dei største kjeldene til klimagassutslepp innafor det geografiske Kvam herad hald frem med å vera frå jordbruk, vegtrafikk, sjøfart, avfall og avløp, og anna mobil forbrenning.



Figur 1. Direkte klimagassutslepp i Kvam herad i tidsrommet 2009 til 2023, ekskludert utslepp frå industri, olje og gass. Data for 2024 er ikkje tilgjengelege før mot slutten av 2025. Kjelde: Miljødirektoratet.

### Indirekte klimagassutslepp frå kommuneorganisasjonen

Dei siste åra har me laga eit klimarekneskap for kommuneorganisasjonen. Då nyttar med verktøyet Klimakost som er utvikla av Asplan Viak. I dette verktøyet fyller me inn kva me har brukt av drivstoff og straum, men også kor mykje pengar me har nytta på investeringar og innkjøp av varar og tenester. Verktøyet reknar så ut kva klimagassutslepp me står for, når me har eit livslaup-perspektiv på aktivitetane og forbruket vårt, og inkluderer utsleppa våre også utanfor Noreg sine grenser. Utrekningane er gjort basert på sektorgjennomsnitt, som gjer at dei grøne investeringane me ha gjort ikkje vil vera synleg i klimarekneskapet. Det betyr at me ikkje kan nyttar det til å samanlikne over år, for å sjå om me har vorte betre. Me kan derimot nyttar klimarekneskapet til å sjå på kva aktivitetar me gjer som medfører høge utslepp, og kvar me har dei største utsleppspotensiala. Klimarekneskapet for 2024 viser, igjen, at mykje av våre utslepp kjem frå investering i bygg og varekjøp. Innafor kategorien varekjøp er dei aller største utsleppa frå kjøp av persontransport. Dette viser at Kvam herad bør legga vekt på miljøvennlege byggeprosessar og miljøvennlege transportalternativ i åra framover.



*Figur 2 Dei indirekte klimagassutsleppa frå kommuneorganisasjonen.*

### Miljøfyrtårn

Etter at rådhuset vart Miljøfyrtårnsertifisert i slutten av 2023, har me halde fram med arbeidet vårt for kontinuerleg forbetring i 2024. Me har arbeida med måla og tiltaka som vart satt då me vart sertifisert. I 2024 vart også biblioteket og kulturskulen sertifisert som Miljøfyrtårn.

I forbindelse med sertifisering, satt me oss ei rekke mål for forbetring. Nokre av dei har me allereie nådd i 2024:

Me ynskja at andelen miljøsertifiserte leverandørar blant våre vesentlege leverandørar skulle aukast til over 65%. Til samanlikning var talet 34% for 2022. I 2024 nådde me målet, og 66% av våre vesentlege leverandørar var sertifisert som Miljøfyrtårn, ISO 14001.

Me hadde også satt oss mål om at graden av gjenvinning ved rådhuset skulle auka og mengda restavfall ved Kvam rådhus skulle reduserast med 30 % i 2024 i forhold til 2023. Me nådde ikkje målet heilt her, med reduksjonen var 24%, og me arbeidar vidare med å nå målet neste år i staden.

Ved å gå frå søppelbøtte på alle kontora på rådhuset til avfallsstasjonar på korridorane med separate bøtter for plast, papir og restavfall, har me auka sorteringsgraden frå 25% til 49%.

### Her er nokre av dei andre tiltaka me gjennomførte i 2024:

Igjennom eigendomsstrategien har det vorte bestemt at heradet sine nye bygg skal verte sertifisert etter (minimum) BREEAM Good standard.

Kvam herad arrangerte Gjenbruksveka. Miljøbutikken Plant Eit Tre arrangerte Grøn fredag, utstilling av redesigna produkt viste born korleis ein kan laga hoppetau av slitne dynetrekk. Biblioteket arrangerte leikebytedag.

Me deltok i aksjonen «Rein Hardangerfjord» i september.

## Årsmelding 2024

I 2024 var Kvam herad med på sykkel til jobben, prosjektet motiverte fleire til å sykla og gå til arbeid, men motiverte også folk til å komma seg ut ved andre høve. Det vart til saman 182 deltagarar og det vart spart 3 352 kgCO<sub>2</sub>.

I juni gjennomførte me ei spørjeundersøking om korleis tilsette på rådhuset reiser til og frå arbeid, for å finna ut korleis me redusera bilkøyringa. Me arbeider no med å finna ut kva tiltak som er best å iverksette, basert på undersøkinga.

Kvam herad søkte, og fekk, stønad hjå Miljødirektoratet til å utføra ein planvask. I 2024 fekk me oppgradert kunnskapsgrunnlaget, og no skal me i gang med planvask.

## Organisasjon og internkontroll

### Organisasjonskart for Kvam herad



Illustrasjonen viser organiseringa pr 31.12.24. Det har vore ein gjennomført ein endringsprosess når det gjeld den overordna organiseringa av Kvam herad, og ny organisering vert gjort gjeldande frå 1.1.2025. Endringane vart gjort i samband med reduserte økonomiske rammer i økonomiplanen og med det resultatet at ledig kommunalsjefstilling som einingsleiar for samfunn, næring og kultur vart spart inn. Endringane hadde også samanheng med at kommunalsjefstillinga som einingsleiar for teknisk og informasjon vart ledig. Hausten 2024 vart det konstituert einingsleiarar i desse to stillingane.

Nytt organisasjonskart frå 1.1.25:



## Internkontroll

Kravet til at kommunen har eit internkontrollsysteem er heimla i kommunelova § 25-1. Internkontrollen skal bidra til å unngå lovbro, at vedtatt politikk vert gjennomført, god tenestekvalitet og effektiv ressursbruk. Internkontrollen skal vera basert på risiko- og sårbarheitsvurderingar. Internkontrollen skal vera systematisk og tilpassa kommunen med omsyn til storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Det er utarbeidd eit dokument som gir oversikt over det overordna arbeidet med internkontroll i Kvam herad. Anna tenestespesifikk dokumentasjon av internkontroll, vert utarbeidd på avdelingsnivå. All overordna og tenestespesifikk dokumentasjon skal enten liggja i kommunen sitt kvalitetssystem (Compilo), eller ha lenkja til eventuell anna programvare der dette ligg.

Kvam herad nyttar COSO-modellen i det overordna internkontrollarbeidet, som har følgjande komponentar:



Element i det interne kontrollmiljøet er **kompetanse, organisering og utvikling av medarbeidrar, leiarar sitt engasjement og overordna styring, rolle- og ansvarsfordeling og etiske verdiar**. Ivaretaking av desse elementa skjer gjennom Kvam herad sin **arbeidsgjevarpolitikk, medarbeiderutvikling, delegeringsreglement og etiske verdiar**.

Internkontrollen er retta mot administrasjonen og ikkje mot folkevalde organ, kommunale foretak, aksjeselskap eller interkommunale selskap som kommunen er deleigar i. Kontrollinjer for internkontroll er som følgjer:

*Figur 3.*  
*Kontrolllinjene*



Utanom eigenkontroll, har kommunen òg tilsyn av fylkeskommunale og statlege organ. Kvam herad nyttar tilsynsprosessar, -resultat og eventuelt etterarbeid som kjelde i arbeidet med kontinuerleg forbetring.

Kontrollutvalet lagar eiga årsmelding, som vert lagt fram for heradsstyret. I snitt vert det gjennomført 1 forvaltningsrevisjon i året, i tillegg til oppfølging av tidlegare revisjonsarbeid, og planlegging av komande. I etterkant av ein forvaltningsrevisjon vert det vanlegvis laga ein handlingsplan for oppfølging av tilrådingane i revisjonen. Ein handlingsplan kan vera omfattande, og strekkja seg over fleire år.

I 2024 var det forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg med politisk handsaming i mars 2024. I tillegg rapporterte rådmannen på fleire tidlegare forvaltningsrevisjonar som til dømes innan overordna internkontroll og tilsetjingsprosedyre. Vidare vart det starta opp forvaltningsrevisjon av saksbehandling og tenestekvalitet i barnevernet.

I tillegg til arbeid med forvaltningsrevisjon, var det fleire statlege tilsyn i 2024. Av større tilsyn i 2024 var tilsyn innan trygt og godt barnehagemiljø og Arbeidstilsynet førte tilsyn innan temaet muskel- og skjelettplager og psykiske helseplager ved Kvam ungdomsskule og Øysteseheimen. Vidare var det gjennomført tilsyn innan saksbehandlingstid og sakkunnig vurdering i grunnskule, økonomisk rådgjeving etter sosialtenestelova og eit dokumenttilsyn innan helse og omsorg med heimel i folkehelselova.

Statlege tilsyn vert som hovudregel varsle ved årsskiftet i "tilsynskalenderen" der også planlagde forvaltningsrevisjonar vert registrerte, slik at det er mogleg å koordinera. Kontrollutvalet har bedt om dokumentasjon og orienteringar for statlege tilsyn til sine møter.

## Kvam herad som arbeidsgjevar

Medarbeidar- og leiarskapsplattforma utgjer eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Leirarar har eit særskilt ansvar, ei plikt, men også høve til å påverka og nå mål saman med medarbeidarane sine. Godt leiarskap heng tett saman med godt medarbeidarskap.

Kjenneteikn for kva me legg i godt leiarskap og medarbeidarskap i Kvam herad er samla i ei felles plattform. Denne byggjer på fem ulike kjenneteikn for leirarar og medarbeidarar. Desse kjenneteikna er:

- Meistringsorienterte
- Innovatørar
- Effektjegarar
- Profesjonelle
- Lagspelarar

Godt leiarskap er avgjerande for å levera gode tenester til innbyggjarane. Leirarar i Kvam herad stiller krav og har tydelege forventningar. Dei har tillit til medarbeidarane sine, gir konstruktive tilbakemeldingar og viser dei respekt. Leirarar lyttar, involverer og byggjer gode arbeidsmiljø. Det er leirarar sitt ansvar å setja mål, følgja opp resultat og sjå heilskapen.

Godt medarbeidarskap handlar om å spela kvarandre gode. Ved å utføra arbeidsoppgåvene ansvarsfullt og profesjonelt, tenkja kva som har verdi for brukaren og arbeida med kontinuerleg forbetring, vil me skapa god tenestekvalitet. Medarbeidarar skal vera serviceinnstilte, fleksible og delta aktivt for å skapa gode arbeidsmiljø.

Kvam herad er kjenneteikna ved at me er ein open, folkestyrt organisasjon som skal utvikla og levera tenester i eit samspelet mellom politikk og organisasjon. Å vera ein attraktiv og framtidsretta kommune stiller krav til at me har både endringskompetanse og kan levera tenester med høg fagleg standard. Til det trengs det kompetente medarbeidararar som får brukt kompetansen sin, har ein leveleg arbeidsbelastning og kjenner meistring i jobben. Det vil igjen bidra til indre motivasjon, arbeidsglede og til at dei skapar verdiar.

Den økonomiske situasjonen og utfordringane med å rekruttere nok kvalifisert arbeidskraft gjer at kommunen må finna nye måtar å organisera tenestene på med relativt færre ressursar, på ein måte som gjera at me også vil vera ein attraktiv arbeidsgjevar.

## Medarbeidarundersøking – "10 - faktor"

Annakvart år vert det gjennomført medarbeidarundersøkingar. Kvam herad nyttar KS si undersøking «10 faktor»; ei forskningsbasert undersøking og eit godt verktøy for å måla faktorar som vert sett på som avgjerande for at organisasjonen skal oppnå gode resultat. Undersøkinga er gjennomført fire gonger; i åra 2017-2023.

Undersøkinga er basert på 10 innsatsfaktorar som det er mogleg å påverka for å utvikla godt leiarskap og eit godt arbeidsmiljø. Undersøkinga er orientert både mot medarbeidar- og leiarskap og legg spesiell vekt på meistring, motivasjon og bruk av kompetanse.

Resultata frå medarbeidarundersøkingane på den enkelte arbeidsplass vert arbeidd med gjennom eit felles oppfølgingssystem som byggjer på oppfølgingsmetodikken i 10 faktor. Under er tabell som viser resultat for 2023 for kommunen samla. Det er ikkje gjennomført undersøking i 2024, og neste undersøking vert hausten 2025. Skalaen går frå 1 til 5, der 5 tyder at ein er svært einig i ein påstand, og 1 "svært ueinig". Resultata vert samanlikna med alle andre 10-faktorundersøkingar i Noreg som er gjennomført i same tidsrom.

## 10 faktor Kvam herad samla

Oversikt og samanlikning av alle faktorar.

Tabellen viser resultat for vald eining, organisasjonen, landssnittet for tenestetype og landssnitt generelt.

Faktor	10 faktor Kvam herad samla	Kvam	Organisasjons enhet	Norge
1. Indre motivasjon	4.0	4.0	4.2	4.2
2. Meistringstru	4.1	4.1	4.3	4.3
3. Autonomi	4.1	4.1	4.3	4.3
4. Bruk av kompetanse	4.0	4.0	4.2	4.2
5. Meistringsorientert leiing	3.9	3.9	4.0	4.0
6. <u>Rolleklarheit</u>	4.0	4.0	4.3	4.3
7. Relevant kompetanseutvikling	3.6	3.6	3.7	3.7
8. Fleksibilitetsvilje	4.2	4.2	4.4	4.4
9. Meistringsklima	4.0	4.0	4.1	4.1
10. Prososial motivasjon	4.4	4.4	4.7	4.7

## Rekruttera og behalda arbeidskraft

Å sikra kvalifisert arbeidskraft til alle oppgåver kommunen har ansvar for, spissar seg til. Det er rekrutteringsutfordringar både innan til helse og omsorg, skule og barnehage. Særleg er det vanskeleg å skaffa kvalifiserte lærarvikarar når behov oppstår midt i skuleåret og det er svært få ledige kvalifiserte lærar på jobbmarknaden. Det medfører at mange vikarar i skulen manglar dei formelle kvalifikasjonskrava i opplæringslova for få fast undervisningsstilling. Rekrutteringa er særleg vanskeleg til skular og barnehagar i indre og ytre delar av kommunen. Sjølv om me klarer å rekruttera til desse områda, er det ein klar tendens til at tilsette søker seg til sentrale delar av kommunen og større fagmiljø når det vert høve til det. Å kunne tilby gode arbeidsmiljø, meiningsfulle arbeidsoppgåver og fagfellesskap er viktig i dagens arbeidsmarknad og eit fortrinn kommunen vil kunne ha i kampen om arbeidskraft.

Kommunen sitt "sørge for-ansvar" i fastlegeordninga er framleis utfordrande. Subsidiering av ordninga har auka ytterlegare gjennom å ta i bruk incentivordningar i tillegg til fastlønn og innføring av lokale tillegg til det basistilskotet som staten gir til næringsdrift. Ordninga fungerer per i dag ikkje etter den modellen som låg til grunn ved innføringa av fastlegeordninga, der staten var ansvarleg for finansieringa. 1.10.24 overtok Kvam herad drifta av Norheimsund legesenter for å driva det som kommunalt legekontor. Kommunen ynskjer framleis å tilby næringsdrift til fastlegar som ønskjer denne driftsforma, men det er fleire år sidan kommunen rekrutterte lege som ville driva næring.


Å kunne tilby læreplassar til ungdomar som vil kvalifisera seg til fagbrev, er viktig for rekruttering av framtidig arbeidskraft. Ved årsskiftet hadde Kvam herad 15 lærlingar i helsefag, 13 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget og 2 lærlingar i brannførebyggarfaget. Kommunen er også godkjend læreverksem i byggdriftarfaget, IKT-fag og kontorfaget. Det vert i større og større grad behov for at lærlingar har tilpassa læreløp. Kvam herad samarbeider med Handalag opplæringskontor for å finna gode løysingar for dei som ønskjer læreplass i kommunen etter ulike læreplassmodellar.

## Heiltidskultur

Det har vore ei positiv utvikling når det gjeld auke i gjennomsnittleg stillingsstorleik. Framleis er det mange som jobbar deltid – både frivillig og ufrivillig. Her ligg ein stor arbeidskraftreserve som kommunen treng og ynskjer å ta i bruk. Fleire heiltidsstillingar er eit mål, men også det å auka stillingar opp mot heiltid. Deltidsarbeid er særleg utbreidd innan pleie og omsorg, men også i skule og barnehage. Kombinasjonsløysingar med delstilling i både pleie og omsorg og skule/barnehage er eitt av tiltaka for å fleire heiltidsstillingar, men regelverket for arbeidstid og kviletid kompliserer tiltaket med å tilby stillingar med kombinasjon av dagarbeid og turnusarbeid.

Tabellen syner at den gjennomsnittlege stillingsprosenten har stabilisert seg rundt 80%:

## Utvikling i gjennomsnittleg stillingsprosent



*Utvikling i gjennomsnittleg stillingsstorlek 2019-2024. 2 % stillinger i brann og redning er utelatne.*

Bemanningsprosjektet i pleie og omsorg la fram sin sluttrapport i 2024. Prosjektet har synleggjort at utfordringsbiletet med å dekka behovet for helgetimer, aukar i tråd med graden av heiltid ved tradisjonelt turnusarbeid med arbeid kvar tredje helg og 7,5 timars vakter. Styringsgruppa for prosjektet, som bestod av både arbeidsgjevar og arbeidstakarsida, vart ikkje einige om forslag til gode løysingar på denne utfordringa. Men arbeidstidsordningar med langvakter både i vekedagar og på helge, er innført som ei mogleg løysing for dei som ønskjer det. Det vert arbeidd kontinuerleg med ulike tiltak for å auka den gjennomsnittlege deltidspersonen, bl. gjennom å tilby stillingsauke internt før eventuell utlysing av stillinger. Større arbeidsgrupper og årsturnus er også sentrale grep for å oppnå heiltid i pleie og omsorg. Pleie og omsorg har hatt årsturnus sidan 2018. Arbeidstidsordningar med lengre arbeidsperiodar og lengre friperiodar rekrutterer betre enn tradisjonell turnus med 7.5 timars vakter.

Sjølv om det framleis er stort innslag av deltid i enkelte av tenestene, viser effekten av tiltaka at den gjennomsnittlege stillingsprosenten i kommunen samla sett held seg på 81% som i dei føregåande to åra.

Kvam herad har til ei kvar tid om lag 25-30 lærlingar jamnt fordelt mellom helsefag og barne- og ungdomsarbeidarfag. Lærlingar er tilsett i heile stillingar og i hovudsak i 2-årige lærlingeløp, men me ser også eit behov for individuelt tilpassa læreløp i samarbeid med Handalag opplæringskontor og NAV. Kvam herad har inngått intensjonsavtale med Handalag om nyvinninga "tidleg i lære". Dette er ein heilt ny veg til fagbrev der lærling og læreverksemeld kan inngå avtale om eit læreløp som kan starta allereie etter 10. trinn og varar i fire år. Lærlingen får den teoretiske opplæringa undervegs. Dette opplegget høver der faget ikkje fins som VG2 i det lokale vidaregående skuletilbodet, men behovet er der ungdomen og verksemda har felles ynskje om å etablera eit læringsløp. Kvam herad samarbeider

også med Handlag opplæring om fagopplæring til tilsette som vil ta fagbrev som vaksne praksiskandidatar. Dette bidreg til at kommunen får fleire barne- og ungdoms-arbeidrar og helsefagarbeidrar.

## Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling

Samfunnet er i endring, globalt og lokalt. Den digitale påverknaden er sterkt. Teknologi og data er sentrale drivarar for innovasjon. Å lukkast med innovasjons- og endringsprosessar krev at det er gjort ei vurdering av kva føresetnadane som må vera til stades for at endringane skal kunne skje, og kva gevinstar som er realistiske å henta ut. Endring av tenester og arbeidsprosessar som betyr unngått kostnad, spart tid eller auka kvalitet er døme på gevinstar.

Gevinstrealisering handlar om dei aktivitetane me set i verk for å oppnå gevinstane. Det er viktig å planleggja korleis me faktisk skal henta ut gevinstane. Endrings- og innovasjonsprosessar kan vera både enkle eller meir komplekse. Innovasjon i kommunen handlar om å:

- *skapa rom for idéar og setja pris på kreativitet, pleia talent og utfordra innovatørar*
- *sjå kvar det er behov for å skapa noko nytt og føreslå nye løysingar*
- *bruka kompetanse på nye måtar og i nye samarbeidsrelasjonar*
- *henta inspirasjon og løysingar frå andre fagområde og organisasjonar*
- *dela og auka kunnskap internt og eksternt*

Lean vert nytta som filosofi og verktøy for kontinuerleg forbetring av arbeidsprosessar og tenesteutvikling,

Tenesteinnovasjon og endring av arbeidsprosessar er utviklingsprosessar som medfører behov for omstilling. Kvam herad har retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning som saman med Hovudavtalen skal sikra medverknad frå tilsette i slike prosessar.

## Sjukefråvær

Samla sett ligg det gjennomsnittlege sjukefråværet i 2024 på 10 % og viser ein auke frå året før (9,4% i 2023). Det er store variasjonar mellom dei ulike tenesteområda. Det er særleg innan barnehage (12,3%) og pleie og omsorg (13%) at fråværet er høgast. I skule er det samla sjukefråværet på 9,6%, medan i teknisk eining er det 7,5%.


Sjukefråvårsstatistikken i Visma HRM viser utvikla gjennom året:

## Årsmelding 2024

### Totalt

I valgt periode: **10,03%**

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Barnehagane har delteke i eit 2-årig HMS-prosjekt med økonomisk tilskot og fagleg støtte frå KLP si HMS-avdeling. Dei samarbeider også tett med Nav arbeidslivssenter. Prosjektet har fått namnet "Bli i jobben" og fokuserer på at barnehagetilsette skal bli verande i jobben. Det er sett lys på betre sjukefråværsoppfølging og tettare samarbeid mellom leiarar, verneombod og tillitsvalde i hms-arbeidet. Ved utløp av prosjektpersonen viser det førebels ingen effekt i form av lågare sjukefråvær. Det er likevel tru på at dei tiltaka som er sett i verk vil ha effekt, men at det vil ta lengre tid før ein ser resultat i form av lågare fråvær.


Sluttrapporten frå bemanningsprosjektet i pleie og omsorg konkluderte med at det ikkje har vore nedgang i sjukefråværet som følgje av auke i grunnbemanninna ved den institusjonen som var med i prosjektet. Men det vart i mindre grad nytta innleige av vikarar ved fråvær og hadde dermed ein kostnadsbesparende effekt. Eitt av måla i prosjektet var å finna ut om auka grunnbemannin og større stillingar ville føra til redusert sjukefråvær - ein samanheng ein førebels ikkje fann, men som kan ha innverknad på fråværet på lengre sikt. Auka grunnbemannin innebar tilsetjing av andre yrkesgrupper enn helsepersonell som kjøkenansvarleg, matvertar og servicepersonell for m.a. å avlasta pleiepersonalet. Mangelen på helsearbeidarar i åra framover vil gjera at andre yrkesgrupper vert rekruttert for å utføra oppgåver som ikkje krev helsefagleg utdanning.

### Helse, miljø og tryggleik

Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, jf. aml. § 3-1 og internkontrollforskrifta. Kommunen pliktar å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette. Innkjøp av bedriftshelseteneste er ei offentleg avskaffing. Kvam herad har inngått avtale med Bedriftshelse1 om kjøp av ca. 300 timer årleg.

Kommunen skal etablira, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsysteem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter vert varetekne, m.a. skal kvar arbeidsplass utarbeida sin eigen HMS-plan. Leiinga har fokus på at tilsette må meldar frå om HMS-avvik. Talet på meldte avvik har auka monaleg sidan 2018 og i 2024 vart det rapportert 475 avvik. Oppdatering av prosedyrar og opplæring for både leiarar, verneombod og tilsette i avviksrutina er ein del av det systematiske HMS-arbeidet. På denne måten nyttar me avvikssystemet for å kontinuerleg forbetra HMS-arbeidet i organisasjonen.

2022: 343  
2023: 443  
2024: 475



Talet på meldte avvik auka også i 2024 - totalt vart det meldt 475 HMS-avvik. Det er truleg likevel framleis underrapportering av avvik, og det er positivt at rapporteringa aukar. Tilsette er difor oppmoda om å melda frå om det skjer avvik. Arbeidsmiljøutvalet får jamleg informasjon om avvikssituasjonen og går gjennom meldingar om personskadar.

Totalt er det meldt 173 avvik i kategorien personskade. 73 er avvik med reelle personskader av ulik alvorsgrad, medan 98 avvik er hendingar som kunne ført til personskade. Det er flest slike hendingar innan pleie og omsorg og skule. Det vert fylgt særleg med på avvik som vert meldt i kategorien vald, truslar og trakassering. I 2024 melde tilsette frå om totalt 94 tilfelle av vald, truslar eller trakassering i jobbsamanheng. 26 av desse kom frå brukarar i pleie og omsorg og 63 frå elevar i grunnskulen. I tillegg var det meldt 5 avvik frå andre tenesteområde. Kommunen vurderer i kvart tilfelle om saka skal meldast til politiet.

Det førebyggande arbeidet er avgjerdande for å unngå at alvorlege avvik skjer og inneber at kvar arbeidsplass må utarbeida HMS-planar. Tilsette gir tenester til mange ulike brukargrupper, deriblant personar i sårbare situasjonar som kan utagera. Trass i førebyggjande tiltak skjer det uønska hendingar. ROS-analysar er eit viktig verktøy i å førebyggja at dette skjer.

## Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Kvam herad er medvitenansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova. Det inneber at det ikkje skal skje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova.

## Årsmelding 2024

Det er innført ei «aktivitets- og redegjørelsespunkt» for all offentleg verksemd. Det inneber krav om å jobba med likestilling og diskriminering gjennom ein lovbestemt metode i fire trinn, inkludert å kartleggja lønn og ufrivillig deltid annakvart år (aktivitetspunkt).

Vidare skal det gjerast greie for kjønnslikestilling og arbeidet med likestilling og ikkje-diskriminering i årsmeldinga (redegjørelsespunkt).

### Tilsettedata

Den kommunale organisasjonen skal i størst mogleg grad spegla mangfaldet i befolkninga. Målet er difor å oppnå ei balansert samansetjing når det gjeld alder, kjønn og kulturell bakgrunn. Det er likevel slik at det er eit klart fleirtal kvinner som arbeider i kommunane. Omlag 80 prosent av dei tilsette i Kvam herad er kvinner.

Kommunen har totalt 113 mellombels tilsette som i hovudsak er knytt til at det er fast tilsette i lovbestemte permisjonar/med redusert arbeidstid og sjukefråvær.

Oversikten viser at det er kvinner som tar ut flest veker med foreldrepermisjon. Dei tar i snitt ut 23 veker, medan menn tar ut 14 veker i snitt.

Når det gjeld deltidsarbeid, er det 54% av kommunen sine tilsette som har deltidsstilling . Kvinnene sin del av deltid utgjer 85%. Den gjennomsnittlege stillingsstorleiken i kommunen er 81%.

Midlertidig ansatte		Uttak av foreldrepermisjon		Deltidsarbeid	Faktisk deltidsarbeid
Midlertidig ansatte kvinner	Midlertidig ansatte menn	Kvinneres uttak av foreldrepermisjon (gjennomsnitt antall uker)	Menns uttak av foreldrepermisjon (gjennomsnitt antall uker)	Deltid kvinner	Deltid menn
0	94	19	23,4	13,95	472

### Stillingsnivå

Oversikten viser talet på tilsette fordelt på ulike utdanningsnivå/stillingsnivå, samt fordeling mellom kjønn og del kvinner på ulike stillingsnivå.

Tabellen viser at det er flest kvinner i alle dei ulike lønnsgruppene:

### Kjønnsfordeling på ulike stillingsnivå/grupper

Beskrivelse av stillingsnivå/-gruppe	Kvinner	Menn	Andel kvinner	Total
Total	781	220	78 %	1001
Utan formell kompetanse	148	20	88 %	168
Fagbrev og fagskule	272	79	77 %	351
3 årig høgskule/universitet	193	39	83 %	232
4-årig og 5-årig høgskule/universitet	127	38	77 %	165
Lektorutdanning	25	8	76 %	33
Akademikergrupper HTA kap. 5	28	19	60 %	47
Leiarar HTA kap. 3	39	18	68 %	57

### Lønnsforhold

I kolonna "Forskjeller avtalt lønn/fastlønn (%)" viser kor stor del kvinner sitt lønnsnivå utgjer av menn sitt lønnsnivå. Det viser t.d. at kvinner sitt lønnsnivå samla sett utgjer 98 % av menn sitt lønnsnivå. Det er størst lønnforskjellar i akademikerkapittelet i HTA kap. 5 då dette lønnskapitlet inneheld mange ulike stillingstypar fordelte på alle einingar.

deling på ulike stillingsnivå/grupper

<b>Lønn</b>
<b>Kontante ytelsjer</b>
Avtalt lønn/fastlønn

Årsmelding 2024

av å/-	Kvinner	Menn	Andel kvinner	Total	Gjennomsnitt avtalt lønn/fastlønn kvinner (kr)	Gjennomsnitt avtalt lønn/fastlønn menn (kr)	Forskjeller avtalt lønn/fastlønn (%)	Forskjeller avtalt lønn/fastlønn (kr)	Gjen- avta- lønn (alle
	818	220	79 %	1038	579 897	629 938	92,1%	- 041	50 604
ope 1	148	20	88 %	168	442 657	427 700	103,5%	14 957	435
ope 2	272	79	77 %	351	507 814	522 279	97,2%	- 465	14 515
ope 3	193	39	83 %	232	618 974	661 071	93,6%	- 097	42 640
ope 4	127	38	77 %	165	671 687	665 863	100,9%	5 824	668
ope 5	25	8	76 %	33	714 872	675 163	105,9%	39 709	695
ope 6	28	19	60 %	47	791 543	927 089	85,4%	- 546	135 859
ope 7	39	18	68 %	57	872 672	850 100	102,7%	22 572	861

## Diskriminering

Kvam herad har retningslinjer for førebygging og handtering av konflikter, mobbing og trakassering, i tillegg til varslingsrutiner. Rutinene er gjort kjende og er tilgjengelege for alle tilsette i kvalitetssystemet. Kvam herad som arbeidsgjevar har tett dialog med vernetenesta og tillitsvalde om disse temaene. Det er også eit godt samarbeid med bedriftshelsenesta både når det gjeld førebygging og oppfølging av konkrete hendingar/saker. Kvam herad har null toleranse for mobbing, trakassering eller anna utilbørleg åferd. Kor vidt tilsette opplever eit meistringsklima på arbeidsplassen sin, vert målt annakvart år gjennom 10-faktor undersøkinga. I eit meistringsklima vert medarbeidarar motivert av å læra, utvikla seg og gjera kvarandre gode, framfor å konkurrera med kvarandre. Måling av dette vart ikkje utført i 2024, men vert utført annakvart år - neste gong i 2025.

Medarbeidar- og leiarskapsplattforma for Kvam herad har *meistringsorienterte leiarar* som eitt av tre hovudkjenneteikn på godt leiarskap og *lagspel* som eitt av kjenneteikna ved godt medarbeidarskap.

## **Etikk**

Det er utarbeidd etiske reglar og retningslinjer for tilsette. Føremålet med etiske retningslinjer er å oppnå ei tillitsskapande forvaltning i som byggjer på ein høg etisk standard hjå alle tilsette og andre representantar for kommunen. Retningslinjene skal gje tilsette i Kvam herad, innleigde konsulentar og andre samarbeidspartnarar merksame på kva som er etisk akseptable handlemåtar. Det er eigne etiske retningslinjer for folkevalde.

Tilsette i Kvam herad har eit personleg og sjølvstendig ansvar for å følgja dei etiske retningslinjene. Retningslinjene er gjort tilgjengeleg for dei tilsette gjennom kvalitetssystemet og gjennom eit digitalt etikk-kurs på læringsplattforma KS-læring. I tillegg vert det arbeidd med etiske dilemma i avdelingsmøter og felles leiarsamlingar, men her varierer tema og omfang frå år til år. Etikk er også tema i årlege utviklingssamtalar.


## **Kraftforvaltning**

*Inntekter frå sal av heimfallskraft og konsesjonskraft har stor påverknad på kommuneøkonomien. I 2024 har Kvam seld kraft til ein samla verdi av 88,9 MNOK. Etter fråtrekk for kraftkjøp, grunnrenteskatt og andre utgifter har kommunen bokført eit netto resultat frå kraftsal på 37,9 MNOK. Dette er ein reduksjon på 16,4 MNOK samanlikna med 2023*

*Kvam har i tillegg inntekter frå konsesjonsavgift, naturressursskatt og eigedomsskatt knytt til kraftnæringa. I 2024 utgjorde dette 23,7 MNOK. Aksjeutbytte frå kraftselskapa Kvam Energi og Eviny bidrog samla med 21,1 MNOK i 2024.*

## **Kraftforvaltning**


Kvam herad disponerer årleg ei kraftmengd på 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh (63,6%) heimfallskraft og 60,9 GWh (36,4%) konsesjonskraft. Kraftmengda vert forvalta etter månadsblokk-modellen, som inneber at volumet er størst om vinteren når forbruket og prisane normalt er høgast. Modellen gjev eit føreseileg volum kvar månad, både for konsesjonskraft og heimfallskraft. Kvam herad sin uttaksprofil gjennom året ser slik ut.



Ein GWh er det same som 1 000 000 KWh. Straumbruken til ein gjennomsnittleg norsk einebustad ligg på ca 25 000 KWh per år (0,025 GWh). Krafta som Kvam herad disponerer dekker med andre ord det årlege forbruket til om lag 6 700 einebustader.

#### Kraftprisar

Prisane på kraft vert fastsett på timebasis basert på tilbod og etterspørsel i marknaden. Etterspørselel etter kraft vert mellom anna påverka av vær- og temperaturforhold både i Norge og Europa. På tilbodssida vert kraftprisane påverka av tilgangen på konkurrerande energikjelder som sol, vind, kol, gass og kjernekraft. Dette gjer at salsprisane svingar mykje.



Den røde linja syner prisane på heimfallskrafta som vert seld i spot-marknaden.

Den blå linja syner prisane på konsesjonskrafta. På grunn av prissikring avviker prisen på denne konsesjonskrafta frå prisene i spot-marknaden.

Den grøne linja syner den gjennomsnittlige salsprisen for den kommunale krafta.

Salsprisar	NOK/KWh
Heimfallskraft	0,518
Konsesjonskraft	0,554
Årsgjennomsnitt	0,531

I 2024 ligg prisane på konsesjonskrafta som er delvis prissikra noko høgare enn prisane på heimfallskraft som vert seld i spot-marknaden. Samla har Kvam oppnådd ein pris på 53,1 øre per KWh.

#### Prissikring og skatt


Kraftprisane svingar mykje, noko som igjen fører til at kommunen sine inntekter frå kraftsal og svingar mykje. For å få meir stabile og føreseielege inntekter til kommunen er det difor vedteke å prissikra størstedelen av konsesjonskrafta. Prissikring inneber å selja krafta eit eller fleire år fram i tid til ein avgift pris. Kvam herad nyttar ein ekstern kraftforvaltar for å følja med på marknaden og handtera salet av krafta.

Når det gjeld heimfallskrafta må kommunen betala både grunnrenteskatt og overskotsskatt til staten. Grunnrenteskatten vert rekna ut basert på den løypande spot-prisen uavhengig av kva inntekter kommunen faktisk oppnår på kraftsalet. I år der marknadsprisen ligg høgare enn sikringsprisen kan skatterekninga verta høgare enn kommunen sine inntekter frå salet av heimfallskrafta. Dette inneber ein stor risiko for kommunen og difor er prissikring av heimfallskrafta ikkje er aktuelt.


I 2024 har prissikring av konsesjonskraft ført til meirinntekter på 3,2 MNOK samanlikna med spot-prisen.

## Resultat

Kommunen har oppnådd positive nettoinntekter frå kraftsal gjennom året. Variasjonen i inntekter frå månad til månad reflekterer endringar i prisar og kraftmengd.



Akkumulert over året vart netto bidraget frå kraftsal på 37,9 MNOK.



### Kraftrekneskap 2024

Kraftsal (MNOK)	Heimfall	Konsesjon	Totalt
Salsverdi	-55,2	-33,7	-88,9
Skatter	26,8	0,0	26,8
Kraftkjøp og utgifter	15,1	9,1	24,2
<b>Netto resultat</b>	<b>-13,2</b>	<b>-24,6</b>	<b>-37,9</b>


Krafta er seld for til saman 88,9 MNOK.

Staten krev grunnrenteskatt og overskotsskatt på 26,8 MNOK.

Kvam kjøper krafta frå kraftprodusentane til kostpris som vert fastsett ein gong i året på departementsnivå. Kraftkjøp og andre utgifter utgjer 24,2 MNOK.

Samla gjev krafta eit netto resultatbidrag til kommunen på 37,9 MNOK.

## Historisk utvikling



Som grafen viser, svingar resultatet frå kraftsal mykje. I 2018 og 2019 var prisane gode og netto resultat frå kraftsal vart 24,0 og 29,6 MNOK. I 2020 var kraftprisane uvanleg låge, slik at heradet tapte pengar på heimfall, medan konsesjonskrafa som var sold til fastpris og sikra kommunen eit samla overskot på 5,7 MNOK. I 2021 var prisane høge og resultatet enda på 45,2 MNOK. Grunna krigen i Ukraina og historisk høge energiprisar vart resultatet frå kraftsal i 2022 på heile 106,5 MNOK. I 2023 var kraftprisane fortfarande relativt høge, men overskotet vart redusert grunna ein auke i grunnrenteskatten og resultatet landa på 54,3 MNOK. Prisane i 2024 var lågare enn 2023 og netto kraftinntekt enda på 37,9 MNOK i 2024.

## Andre kraftrelaterte inntekter

I tillegg til kraft som kan seljast i marknaden, mottek Kvam konsesjonsavgift, naturressursskatt, eigedomsskatt og aksjeutbytte frå kraftnæringa.

I 2024 fekk Kvam herad ei inntekt på 4,7 MNOK i form av årleg konsesjonsavgift frå kraftprodusentane. Konsesjonsavgifta vert berekna av NVE og pengane vert overført til kraftfondet.

Naturressursskatten vert berekna som 1,1 øre per kWh gjennomsnittleg produsert siste 7 år. For Kvam utgjorde denne inntekta 6,4 MNOK.

Dei ulike aktørane i kraftbransjen bidreg og med eigedomsskatt til kommunen. For 2023 utgjorde dette 12,1 MNOK.

Kvam herad eig aksjar og fekk i 2024 utbytte frå Kvam Energi AS med 9,3 MNOK og Eviny AS med 11,8 MNOK.

Kraftrelaterte inntekter	2023	2024	Endring
Resultat frå kraftsal	-54,3	-37,9	16,4
Konsesjonsavgift	-4,8	-5,2	-0,4
Naturressursskatt	-6,5	-6,4	0,1
Eigedomsskatt	-13,5	-12,1	1,4
Utbytte (KK, Eviny)	-37,0	-21,1	15,9
<b>TOTALT</b>	<b>-116,1</b>	<b>-82,7</b>	<b>33,4</b>

### Straumutgifter

Prisane i kraftmarknaden påverkar og kommunen sine utgifter til eiga straumforbruk. Straumen vert nytta til dømes til oppvarming, pumpestasjonar og elektriske bilar.

Kommunen kjøpar straum til eiga forbruk i spot-marknaden og straumutgiftene svingar difor like mykje som kraftinntektene. I 2020 når prisane var historisk låge, var utgifa på 6,7 MNOK. I 2021 var utgifa auka til 14,5 MNOK. I 2022 når prisane var på sitt høgaste, var utgifa på heile 25,4 MNOK. Straumutgiftene for 2023 var på 15,4 MNOK og i 2024 var dei på 11,6 MNOK

Kommunen sel heimfallskraft til marknadspris, samtidig som vi kjøpar kraft til eiga bruk i den same marknaden. Når kraftprisen aukar får Kvam høgare kraftinntekter, men samtidig må me betala høgare pris for eige forbruk. Desse effektane motverkar kvarandre og dette reduserer kommunen si risikoeksponering knytt til svingingar i kraftprisane.

## Finans og økonomisk berekraft

### Finansielle måltal for 2024


Kvam herad - Finansielle måltal frå budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027.

1. *Lånegjeld i prosent av driftsinntektene skal ikkje overstiga 160%.*
2. *Tidlegare måltal for netto driftsresultat utgår i perioden.*

### Lånegjeld i prosent av driftsinntektene

Diagrammet under viser utviklinga i total lånegjeld og lånegjeld i prosent av driftsinntektene. Per 31.12.2024 utgjorde lånegjelta, eksklusiv lån til vidare utlån 129 % av driftsinntektene. Dette ligg innanfor målalet på 160 %.

## Total lånegjeld i % av driftsinntekter, eksklusiv Husbanklån til vidare utlån




Husbanklån til vidare utlån er lån som kommunen tar opp hjå Husbanken for å låna vidare til privatpersonar (Startlån).

Når ein ser på nøkkeltalet "Lånegjeld i prosent av driftsinntekter" er det viktig å vera klar over at driftsinntektene (nemnaren i brøken) svingar i takt med marknadsprisane på kraft. Desse har vore høge dei siste åra, noko som gjer at nøkkeltalet vert lågare.

Sjølv om nøkkeltalet er lågare i 2024 enn det var i 2020 har lånegjelda auka med 204 MNOK i perioden. Utviklinga i lånegjeld er vist i grafen under:


Langsiktig gjeld eksl lån til vidareutlån (mnok)



## Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter vart på minus 7,9 % i 2024

Det er ikkje vedteke finansielt nøkkeltal på netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene i 2024. Anbefalinga frå TBU (Teknisk berekningsgrunnlag for kommunal økonomi) er på 1,75%. Grafen under viser utviklinga i Kvam herad i rekneskap 2020-2024 og økonomiplan 2025-2028 sett opp mot TBU si anbefaling.



## Økonomisk berekraft

### §14-1 i Kommunelova - Grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga


*Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*

*Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnede og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*

*Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfrys ved forfall.*

Det er ikkje ein tydig fastlagt kva det tyder å vera økonomisk berekraftig, men det er utvikla ein modell for kommunaløkonomisk berekraft (KØB) etter eit samarbeidsprosjekt mellom NORD Universitet, Statsforvalteren i Nordland og Rana kommune (heretter kalla Rana-modellen). Den har peika på tre

faktorar som sentrale for å seia noko om kommunaløkonomisk berekraft (KØB), netto driftsresultat, netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter og disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter.



Modellen tek utgangspunkt i at økonomisk berekraft vert oppretthalde når:

- Netto lånegjeld er 75 prosent av inntektene eller lågare. Dette for å unngå at renter og avdrag skal belaste drifta i for stor grad.
- Disposisjonsfondet er 8 prosent av driftsinntektene eller høyere. Dersom kommunen har mykje gjeld og volatile inntekter bør nivået vera høyere.
- Driftsresultatet er 2 prosent eller høyere (tilsvarende anbefalinga til Teknisk beregningsutvlag)

Dersom gjeldsnivået er høyare enn 75 prosent eller disposisjonsfondet lavere enn 8 prosent, må driftsresultatet settast høyare enn 2 prosent. Nivået på driftsresultatet må settes høyere enn 2 prosent inntil gjeldsnivået er 75 prosent eller lavere og disposisjonsfondet er 8 prosent eller høyere.

## Økonomisk berekraft i Kvam herad

Kvam herad har mykje gjeld og volatile kraftinntekter. Modellen anbefaler difor å auka måltala knytt til netto driftsresultat og disposisjonsfond, samstundes som kommen jobbar med å redusera netto lånegjeld ned mot anbefalt nivå.

I løpet av dei siste 5 åra har dei tilrådde tala utvikla seg på fylgjande måte:

## Årsmelding 2024

<b>Rekneskapstal (MNOK)</b>		<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Driftsinntekt		882	1027	1192	1110	1121
Netto driftsresultat		11	74	89	8	-89
Netto lånegjeld		888	895	1007	1014	1020
Disposisjonsfond		71	159	253	258	187
<b>Nøkkeltal</b>	<b>Anbefalt</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Netto driftsresultat / Driftsinntekt	1,75 %	1,27 %	7,16 %	7,44 %	0,75 %	-7,90 %
Netto lånegjeld / Driftsinntekt	75 %	101 %	87 %	84 %	91 %	91 %
Disposisjonsfond / Driftsinntekt	8 %	8 %	15 %	21 %	23 %	17 %

\*) Kvam sin "netto lånegjeld" er her definert som kommunen sine totale gjeldsforplikting unntake pensjonsforpliktingar, fråtrekt startlån, obligasjonsinvesteringar og ubrukte lånemidlar.


I åra 2021 og 2022 var kraftinntektene gode, og Kvam hadde høgare netto driftsresultat enn tilrådd. I desse åra fekk kommunen opparbeidd eit solid disposisjonsfond. I 2023 var netto driftsresultat lågare enn anbefalt, men positivt slik at disposisjonsfondet ved utløpet av året var på 258 MNOK eller 23 % av driftsinntektene. I 2024 fekk Kvam eit negativt netto driftsresultat på 88,6 MNOK. Dette gjorde eit kraftig innhogg i disposisjonsfondet som no er redusert til 187 MNOK (17%). Sjølv om storleiken på fondet fortsatt ligg over anbefalt nivå, rekk det berre til to år med negativt netto driftsresultat på same nivå som 2024 før fondet er tomt.

Ei av utfordringane er kommunen si store lånegjeld. Netto lånegjeld er på 91 % av driftsinntektene og renter og avdrag gjer eit stort innhogg i kommuneøkonomien.

**Det er ikkje berekraftig å driva med negativt driftsresultat over tid og kommunen er avhengig av å tilpassa nivået på drifta slik at økonomien i fyrste omgang kjem i balanse og deretter vert stabilisert omkring det anbefalte 2% nivået på netto driftsresultat.**

### Konsekvensar av svak kommuneøkonomi

Modellen for kommunaløkonomisk berekraft har og ei trapp som viser utviklinga i kommunen når økonomien ikkje er berekraftig. Med den store gjelta og det store underskotet i 2024 er Kvam på veg nedover denne trappa. Dersom kommunen skal snu denne trenden er det naudsynt både å gjennomføra innsparingstiltak i drifta og vera restriktiv med nye investeringar dei nærmaste åra.



**Kommunelova § 14-2 Heradsstyret pliktar å vedta**

	Aktuelle lenker
Fast/prinsipp i møtet	
Dsjettvedtak i embermøtet	<a href="https://www.kvam.no/tenester/planar-strategiar-og-styringsdokument/okonomi/">https://www.kvam.no/tenester/planar-strategiar-og-styringsdokument/okonomi/</a>
imøtet	<a href="https://www.kvam.no/tenester/planar-strategiar-og-styringsdokument/okonomi/">https://www.kvam.no/tenester/planar-strategiar-og-styringsdokument/okonomi/</a>
av årleg sjettvedtak	HST-sak 17.12.19 <a href="https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2019022979&amp;dokid=100659003&amp;versjon=1&amp;varian">https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2019022979&amp;dokid=100659003&amp;versjon=1&amp;varian</a>
av årleg sjettvedtak	HST-sak 29.9.20 <a href="https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2020017003&amp;dokid=100698030&amp;versjon=1&amp;varian">https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2020017003&amp;dokid=100698030&amp;versjon=1&amp;varian</a>

e finans- og dsrapportar i apportar	Siste versjon i HST 16.2.21  <a href="https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2021001447&amp;dokid=100717013&amp;versjon=1&amp;varian">https://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2021001447&amp;dokid=100717013&amp;versjon=1&amp;varian</a>

## Finans- og gjeldsforvaltning

Frå Kvam herad «Melding om vedtak HST- sak 018/21 Reglement finans- og gjeldsforvaltning».

Finans- og gjeldsforvaltninga har som føremål å sikre ei rimeleg avkastning på kommunen sine plasseringar samt stabile og låge netto finanskostnader på låneporteføljen innanfor definerte risikorammer.

Dette vert forsøkt oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrett) til å dekkja løpende betalingspliktelser.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkuransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når ein tek omsyn til tidsperspektivet på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når ein tek omsyn til behov for forutsigbare lånekostnader.
- Forvaltning av langsiktige finanzielle aktiva skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko

## Forvaltning av midlar (obligasjonsportefølje)


Heradet sine midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet, kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberende verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner.

Forvaltninga av midlar med lang tidshorisont har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning. Det vert styrt etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samstundes som ein søker ei rimeleg årleg bokført avkastning. Med midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont aktiva meiner ein midlar som ikkje må reknast som ledige likvider og andre midlar til driftsføremål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan reknast som forsvarleg å forvalta med lang tidshorisont.

## Årsmelding 2024

Grafar og tabellar i teksten nedanfor er henta frå **Finansrapport 2024 for Kvam herad**. Denne er utarbeidd av Bergen Capital Management (BCM) som er kommunen sin finansielle rådgjevar. Den fullstendige rapporten ligg som vedlegg til årsmeldinga.


### Fordeling på risikoklasser



Alle investeringar gjennom året er gjort i bankobligasjoner og -sertifikat innanfor risikoklasse 2. Porteføljen består av obligasjoner og ansvarlege lån i norske sparebankar og banker som er forventa å ha lav tapsrisiko. Dette er i samsvar med rammene i reglementet.

For å tilføra kommunen naudsynt likviditet, vart 13,0 MNOK flytta frå obligasjoner til bankkonto i 2024.

### Avkastning



Oppnådd avkastning i 2023 var på 5,89%. Dette er 3,81% over referanseindeksen (norske statsobligasjoner med 3 års durasjon) som investeringa vert målt mot.

## Årsmelding 2024

### Stresstest

Aktivklasse	Markedsverdi i kr.	Endringsparameter	Resultat i kr.	Resultat i %
Obligasjoner	234 163 163	+2% renteskift	-586 575,29	-0,248%
Bank	2 373 132	0	0,00	0,000%
Samlet	236 536 295		-586 575,29	-0,248%

Midlane er forvalta etter rammene i finansreglementet. Midlane vert forvalta etter kriteria: sikkerheit, risikospreiing, likviditet og avkastning. Forvaltninga blir styrt etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år.

Stresstesten viser at potensielt verdifall er på 0,5 MNOK dersom marknadsrenta endrar seg med 2,0%. Verdifallet har samanheng med løpetida til obligasjonane og inntreff berre dersom kommunen må selja obligasjonane før forfall.

### Forvaltning av gjeldsportefølje

Grafar og tabellar i teksten nedanfor er henta frå **Gjeldsrapport 2024 for Kvam herad**. Denne er utarbeidd av Bergen Capital Managment (BCM) som er kommunen sin finansielle rådgjevar. Den fullstendige rapporten ligg som vedlegg til årsmeldinga.

### Utvalde nøkkeltal for låneporteføljen

Nøkkeltal	31.12.2024	01.01.2024	Forklaring
Total lånegjeld	1,57 MNOK	1,47 MNOK	Inkluderer all lånegjeld også startlån frå Husbanken.
Rentebindingstid (inkl. rentebytteavtaler med framtidig oppstart dersom det finnes slike i porteføljen).	1,25 år	0,74 år	Måltalset angir porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Talet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fast. Dersom har rentebindingstida er på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har en rentebinding på 12 månader.
Vekta gjennomsnittsrente	4,27 %	4,01 %	Måltalset angjev porteføljen si vekta gjennomsnittlege kupongrente

			(effektiv rente vil avvike noko).
Kapitalbinding	4,78 år	5,79 år	Måltalat angir porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Talet viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Dess høyare tall, dess mindre refinansieringsrisiko har porteføljen alt anna like.
Rentebinding under 1 år	65,7 %	71,7 %	Nøkkeltalet viser kor stor del av porteføljen som har renteregulering innanfor det nærmeste året.
Kapitalbinding under 1 år	35,8 %	24,8 %	Nøkkeltalet viser kor stor del av porteføljen som kommer til forfall innanfor det nærmeste året.
Rentesensivitet (1 %-poeng økning)	10,3 MNOK	10,5 MNOK	Viser kor mykje porteføljen si rentekostnad kjem til å auke med 1 år fram i tid, ved 1 prosentpoeng auke i det generelle rentenivået.

Sjå gjeldsrapporten for fleire nøkkeltal og meir detaljerte forklaringar på nøkkeltala.


## Nye lån og refinansieringer i perioden

Heradsstyret vedtek storleiken for opptak av nye lån i budsjettåret i samband med budsjettvedtaket. Oversikten under inkluderer rullering av eksisterande lån, nytt låneopptak og innbetaling av årets avdrag. Alle kommunen sine låneopptak og refinansieringer vert løypande konkurranseutsett i marknaden og beste tilbod vert valt.

## Årsmelding 2024


Ny långiver	Dato	Beløp	Rente	Forfall/renteregulering	Lånenummer	Kommentar
DNB	11.03.2024	175 500 000	4,548	12.03.2029	NO0013178004	Refinansiering av 20190124. Refinansieres som 5 års fast for å øke fastrenteandel, samt spre forfall av fast.
Husbanken	26.03.2024	30 000 000	4,705	01.04.2054	13586815	
DNB	30.04.2024	120 000 000	4,924	30.10.2024	NO0013220921	Refinansiering av NO0013057406. Legges som sertifikat 6 mnd. for å opprettholde ett sertifikat i porteføljen. Løpetid valgt på bakgrunn av markedsforhold og forfallsstruktur.
KBN	02.09.2024	170 500 000	3,930	04.09.2028	20240266	Refinansiering av 8317.53.46069 (NOK 69 mill.), samt årets lånearoptak NOK 101,5 mill. Legges som 4 års fast mtp. forfallsstruktur samt attraktiv prising på løpetid.
DNB	30.10.2024	143 000 000	4,795	30.04.2025	NO0013387274	Refinansiering av NO0013220921 (NOK 120,000 mill.) og nytt lånearoptak (NOK 23,000 mill.). 6 mnd sertifikat ble valgt basert på forfallsstruktur og markedsforhold.

## Långjevarar




## Rentebindingstid og renterisiko

Intervall	Pålydende i NOK	Rentebindingstid	Andel	Akkumulert andel	Økning i rentekostnad ved 1% renteøkning
Under 1 år	1 031 810 951	0,12	65,70%	65,70%	kr 10 318 110
1 til 2 år	92 700 000	1,32	5,90%	71,60%	kr 11 245 110
2 til 3 år	0	0,00	0,00%	71,60%	kr 11 245 110
3 til 5 år	446 000 000	3,84	28,40%	100,00%	kr 15 705 110
> 5 år	0	0,00	0,00%	100,00%	kr 15 705 110
<b>SUM</b>	<b>1 570 510 951</b>	<b>1,25</b>	<b>100,00%</b>		




## Kapitalbinding og refinansieringsrisiko

Forfallsintervall	Pålydende i NOK	Kapitalbinding	Prosentvis andel av porteføljen	Kommentar
Under 1 år	561 600 000	0,43	35,76%	Tabellen viser gjenværende tid frem til forfallsdato for lånenes i porteføljen. Det er tatt hensyn til kapitalbevegelser som f.eks. avdrag i beregningene.
1 til 2 år	222 845 794	1,32	14,19%	Desto høyere tall desto lavere refinansieringsrisiko. Et 3MND sertifikat vil ved inngåelse ha 0,25 i kapitalbinding.
2 til 3 år	142 145 448	2,13	9,05%	
3 til 5 år	346 000 000	3,94	22,03%	
>5 år	297 919 709	17,83	18,97%	
<b>SUM</b>	<b>1 570 510 951</b>	<b>4,78</b>	<b>100,00%</b>	



## Utvikling i gjennomsnittsrente



Gjennomsnittsrenta har lagt rundt 4 % i 2024, men auka noko grunna utløp av fastrenteavtaler med lågare rente.

## Netto renteeksponert gjeld og vurdering renterisiko

Når ein skal rekna ut nettoeffekten av renteendring på kommuneøkonomien, er netto renteberande gjeld eit sentralt begrep. Ein tek då utgangspunkt i kommunen sin langsiktige gjeld eksklusive pensjonsforplikting. Deretter kjem renteberande likviditet og gjeld som vert betala av andre til fråtrekk.

Kommunen har i tillegg overskotslikviditet (bankinnskot) som gjev renteinntekter. Likviditeten svingar mykje gjennom året og det er difor ikkje trekt inn i vurderinga.

Pr 31.12.2024, ser dette reknestykket slik ut:

	MNOK	Prosent
Langsiktig gjeld (unnateke pensjonsforpliktingar)	1 571	100 %
Ubrukte lånemidlar	- 169	11 %
Lån til vidare utlån (Husbanklån)	- 179	11 %
Lån til sjølvkostområda	- 370	24 %
Langsiktige obligasjonsinvesteringar	- 237	15 %
<b>Netto renteeksponert gjeld</b>	<b>616</b>	<b>39 %</b>

Ei endring i renta på 1,0 % på netto renteeksponert gjeld på 616 MNOK, vil ha direkte innverknad på resultatet i kommunerekneskapen med ca 6,2 MNOK. Merk at talet ikkje er nøyaktig, sidan

innskotsrenta og lånerenta ikkje er identiske. I tillegg vil det ta fleire år før heile effekten av renteendringa slår inn fordi ca 550 MNOK er bunde opp i fastrentelån.

## Investeringar

Kvam herad har mange investeringsprosjekt og få driftsprosjekt. Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, medan driftsprosjekta ikkje kan vera lånefinansiert, og dermed må finansierast med driftsfond eller driftsinntekter.

### Driftsprosjekt i Kvam herad

[Lenke til driftsprosjekt](#)

### Investeringsprosjekt i Kvam herad

#### Årlege Investeringsprosjekt

Kommunen har ei rekke årlege prosjekt. Dei årlege rammene viser i tabellen under. Dersom det er mindreforbruk eller meirforbruk på dei årlege prosjekta vert ramma året etter tilsvarende auka eller redusert.

Løpende årlege prosjekt	Årleg ramme inkl mva
IT-investeringar	1 800 000 kr
Velferdsteknologi	1 250 000 kr
IKT prosjekt i skule og barnehage	3 400 000 kr
Asfaltering	3 125 000 kr
Fornying teknisk utstyr	625 000 kr
Fornying teknisk utstyr VAR	500 000 kr
Kommunale bruer	313 000 kr
Oppgradering av kummar i heradet - avlaup	600 000 kr
Oppgradering reduksjonskummar	800 000 kr
Rassikringstiltak	1 875 000 kr

## Årsmelding 2024

<b>Oppgradering bygg</b>	<b>1 250 000 kr</b>
<b>Bustader</b>	<b>8 125 000 kr</b>
<b>PC til tilsette i skule og bhg</b>	<b>750 000 kr</b>
<b>Barnehage - inventar og utstyr</b>	<b>188 000 kr</b>
<b>Skule - inventar og utstyr</b>	<b>188 000 kr</b>
<b>Oppgradering av kummar i heradet - vatn</b>	<b>1 500 000 kr</b>

### Prosjekt i Kvam herad

Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett- og rekneskapsår, medan budsjetttrammene vert tildelt årleg. Fokuset til prosjektleiarane er først og fremst å halda dei totale prosjektrammene, ikkje kva år fakturaene kjem i. Det er difor ei ekstra utfordring å treffa med rammefordelinga per budsjettår. Kvam herad nytta 1. og 2. tertialrapport til å justera prosjektrammene mellom år. Det kan likevel oppstå avvik i enkelt år, utan at det er avvik på totalramma for prosjektet.

Nokre prosjekt står som ferdige med eit mellombels meirforbruk på totalramma. Årsaka kan vere at forventa tilskot eller salsinntekter kjem i etterkant av at prosjektet er ferdigstilt. Tabellane under "Status investering" syner ei oversikt over prosjekt i 2024. Nærare beskriving og status av prosjekta kjem fram ved trykka seg inn på kvart enkelt budsjett i tabellen. Dei løpende prosjekta har årlege prosjektrammer og har difor ingen totalramme å forhalda seg til, påløpt totalt er heller ikkje synleg.

Nedst i tabellen ligg det eit punkt "Sum andre prosjekt", dette er tidlegare avslutta prosjekt som har rekneskapsmessige feilføringar/korrigeringar i 2024.

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0* Skjermar HST	313	294	2023	0	42
0*Asfaltering - årleg prosjekt	-	-	LØPANDE	5 000	5 273
0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg	-	-	LØPANDE	207	116
0*Base-camp	1 344	125	2025	1 254	34
0*Bjørketeigen bhg - flytte småbarnsavdelinga ned	188	299	2024	188	299
0*Bord og stolar til idrettshall	813	345	2025	813	345
0*Brannsikring trygdebustad Hatlevegen	500	513	2024	414	427
0*Deling av Øystese barnehage, del 2, tilbygg	12 638	12 015	2024	878	257
0*Deponering av elektronisk arkiv	388	192	2024	196	0
0*Digitale tavler til skulane - utskifting	5 250	909	2026	1 750	909
0*Digitalisering egedomsarkiv	2 500	1 446	2024	1 285	0
0*ENØK - Oppgradering eksisterande ventilasjon Mikkjelsflaten	1 850	1 268	2026	0	568
0*ENØK tiltak kommunale bygg	500	529	2025	403	432
0*ENØK tiltak kommunale bygg - Rokabrekka og Stoppel	368	304	2099	141	77
0*ENØK tiltak kommunale bygg -Gartveit	227	189	2025	227	189
0*ENØK tiltak kommunale bygg -Hatlevegen	652	325	2099	652	325
0*Etablering av feienenesta	3 437	2 868	2024	1 055	486
0*Felles brannsikringstiltak	13 750	13 842	2026	6 805	6 897
0*Fornyning teknisk utstyr - årleg	-	-	LØPANDE	1 016	595
0*Fornyning teknisk utstyr VAR - årleg prosjekt	-	-	LØPANDE	810	0
0*Forprosjekt ventilasjon og varmeanlegg Kvam rådhus	350	243	2026	350	243
0*Framtidig utviding av sjukeheimspllassar	1 250	1	2025	1 250	1
0*Gangveg Torebøen	10 875	9 417	2024	10 450	8 992
0*Haugamyr Idrettsanlegg	525	51	2027	525	51
0*Heradet kjøper seg inn i byggeprosjekt	50 000	0	2028	5 000	0
0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg	-	-	LØPANDE	3 687	2 163
0*IT-investeringar - årlege	-	-	LØPANDE	2 285	2 260
0*Kjøp av kjøretøy KVBR	15 250	8 697	2025	7 494	7 191
0*Kjøp legekontor	1 250	1 000	2024	1 250	1 000
0*Kloakksanering Ålvik	2 093	1 845	2024	285	8
0*Kommunale funksjonar i Kvam VGS	103 500	28 961	2025	26 432	26 670
0*Kryss Tolo - Buspareklubben	7 500	461	2025	6 929	43
0*Kyrkjeleg fellesråd namna minnelund	313	262	2024	313	262
0*Lyssetjing strandveg i Norheimsund	363	551	2024	150	338
0*Namna minnelund i Øystese	3 125	178	2024	625	178
0*Norheimsund barnehage - vognskur	216	336	2024	196	316
0*Norheimsund skule - uteområde	2 625	154	2025	0	112
0*Ny pumpestasjon P5, Tolo	17 014	12 125	2024	15 118	11 293
0*Ny toalettmodul Haugamyr	1 250	358	2024	1 250	358
0*Ny vassleidning, Fosse	4 951	3 324	2024	1 661	34
0*Nytt kjøken og oppvaskmaskin Toloheimen	500	89	2024	0	89
0*Ombygging Øystese Barneskule	2 449	1 997	2025	1 436	1 015
0*Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	4 500	2 247	2024	2 306	53
0*Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	2 250	1 748	2025	877	389
0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg avlaup	-	-	LØPANDE	795	682
0*Oppgradering av kummar i heradet - årleg vatn	-	-	LØPANDE	3 633	632
0*Oppgradering av reduksjonskummar - årleg	-	-	LØPANDE	2 055	178
0*Oppgradering av VA-leidningskart	3 000	2 806	2024	502	308

Årsmelding 2024

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*Oppgradering bygg -årleg prosjekt	-	-	LØPANDE	2 082	1 863
0*Overføring avlaupsvatn Vikøy	1 500	151	2025	86	17
0*Overvatn Norheim/Mjølstølvegen	11 670	355	2099	500	273
0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg	-	-	LØPANDE	675	1 540
0*Prosjektering - Bufellesskap for personar med psy	625	110	2024	549	34
0*Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås	200	19	2024	185	4
0*Prosjektering Nytt inntak frå Forsete og opp i Kalderassen	500	0	2024	500	0
0*Prosjektering Vassforsyning til Soldal	1 000	245	2099	1 000	245
0*Prosjektering Øvre Valland/Vallandshovden	200	66	2023	0	31
0*Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes	5 500	3 253	2024	1 474	1 232
0*Rassikringstiltak - årleg	-	-	LØPANDE	6 391	0
0*Rehabilitering pumpestasjoner Kvamskogen	6 300	112	2024	6 300	112
0*Reserveforsyning vatn	2 300	1 893	2024	511	104
0*Sanere deler av avløpsnettet i Vikøy	200	0	2024	200	0
0*Sanering Børveneset , prosjektering	800	570	2024	426	196
0*Sanehage Toloheimen	2 975	34	2025	2 941	0
0*Sjølvbeteniaingsløysing Ålvik bibliotek	403	114	2024	311	22
0*Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg 2020-2024	9 400	6 662	2024	5 126	2 390
0*Skifte tak Strandebarm kyrkje	7 500	186	2024	200	186
0*Skule - inventar og utstyr - årleg	-	-	LØPANDE	368	288
0*Snuhammar Fartøyvernsenteret	1 125	1 128	2025	1 125	1 128
0*Solskjerming kommunale bygg	10 525	3 627	2025	6 383	3 234
0*Storeteigen - opprustning	1 125	949	2025	1 067	891
0*Strandebarm barnehage - vognskur	388	373	2024	38	23
0*Tilrettelegging av elbillading for kommunale køyretøy	1 250	766	2024	677	193
0*Utbetring kommunale bruer - årleg	-	-	LØPANDE	774	0
0*Uteområde Sandven drenering /asfaltering	625	327	2024	298	0
0*Uteområde skule og barnehage - søkbar pott	2 688	1 666	2029	2 688	1 666
0*Utomhus Norheimsund skule, rådhus og KFL	-215	136	2025	-25	-155
0*Utomhusområde rundt Kvam rådhus/KFL-bygget	12 500	46	2025	2 500	46
0*Utskifting av køyretøy	1 500	836	2024	1 500	836
0*Varmepumpe Ålvik Skule	1 875	0	2025	1 875	0
0*Varmepumper Øysteseheimen	3 750	1 308	2025	1 625	1 308
0*VA-sanering norheim del III	15 000	12 917	2024	2 368	282
0*Vaskerobot Strandebarm skule	1 250	1 472	2024	1 250	1 472
0*Vass- og avlaupsleidning Øvre Valland/Vallandshovden	2 900	0	2025	400	0
0*Vassleidning frå høgdebasseng på Torpe til Laupsa	11 120	60	2025	501	33
0*Vassleidning Stronde	2 800	129	2099	2 718	48
0*Veg Sandvenhagen/Sæland	9 477	9 586	2029	462	282
0*Velferdteknologi - årleg	-	-	LØPANDE	4 728	92
0/1* Trafikksikringsplan - årleg	2 250	1 767	2099	498	108
0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg	3 438	2 085	2099	249	0
Bustader 2024	25	0	2024	7 396	0
Husbanklån	-	-	LØPANDE	50 000	0
Sum andre prosjekt	217 418	184 171		1 565	708
<b>Sum</b>	<b>633 751</b>	<b>349 431</b>		<b>242 432</b>	<b>102 864</b>

## Tenesteområda i kommunen

### Finans og fellespostar

#### Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: [Finans](#)

#### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
Årets premieavvik	-8 942	-6 175	-1 251	-1 797	4 377	243,5 %
Amortisering av tidligere års premieavvik	2 969	3 842	0	0	-3 842	0,0 %
Pensjon	25	29	21	21	-7	-33,6 %
Premiefond	0	0	109	109	109	100,0 %
Diverse fellesutgifter	806	974	2 246	1 147	174	15,1 %
Interne serviceenheter	0	0	0	4	4	100,0 %
Skatt på inntekt og formue	-5	0	5	5	5	100,0 %
Motpost avskrivninger	-55 977	-67 424	-55 977	-67 305	119	0,2 %
Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)	-549	238	151	151	-87	-58,0 %
Interne finansieringstransaksjoner	-8 176	-24 908	-2 587	-7 587	17 320	228,3 %
<b>Sum</b>	<b>-69 849</b>	<b>-93 425</b>	<b>-57 283</b>	<b>-75 252</b>	<b>18 173</b>	<b>24,1 %</b>

#### Kommentar til status økonomi

På finansområdet ligg felleskostnader og inntekter som ikkje er knytt til tenesteområda.

Finans og fellespostar har eit totalt mindreforbruk på 18,2 mnok i 2024.

Pensjonskostnadene er rekneskapsført og budsjettert per tenesteområde, medan premieavvik og motpost premiefond ligg på finansområdet. Størrelsen på premieavvik og premiefond påverkar pensjonskostnaden på tenesteområda. Pensjonskostnaden på finansområdet har eit meirforbruk på 0,5 mnok i 2024.

Avskrivingskostnaden på 67 mnok ligg på tenesteområda, medan motposten ligg på finans. Postane er 0,1 mnok over budsjett og forbetra dermed resultat på finansområdet noko.

Kvam herad har motteke mindre inntekter på skatt av eiga og inntekt enn anslaget i prognosemodellen.

Det er motteke 1,5 mnok meir i renteinntekter på bankinnskot og fondsmidlar, medan renteutgiftene vart 0,8 mnok høgare.

Rammetilskot endte 1,5 mnok over budsjett.

Det er etterslep i utbetalingar frå klima og energifond med 1,2 mnok, det er også brukt mindre på driftsprosjekta knytt til trafikksikring og rek verk kommunale vegar.

Det var budsjettert med 17 mnok i inntekter frå Fiskeridirektoratet/Havbruksfondet, tildelinga vart på 22,6 mnok og heile beløpet er avsett til det kommunale havbruksfondet. 12 mnok av 17 mnok er

## Årsmelding 2024

feilbudsjettet som inntekt under statlege rammetilskot og det vil såleis verta eit avvik på 17,6 mnok på rammeområdet for finans og fellespostar.

### KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo Kostragruppe 05
<b>Prioritet</b>			
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B) *)	137 095	132 469	110 930
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-2,3 %	-7,7 %	-0,3 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) *)	140 187	142 683	111 303
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	23,1 %	16,7 %	11,6 %
<b>Økonomi</b>			
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	3,6 %	4,4 %	3,9 %
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	69 742	68 692	69 718
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	110,6 %	111,5 %	91,0 %

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Kvam herad har lågare brutto driftsinntekter og utgifter enn samanliknbare kommunar i kostragruppe (K05).

Inntektene ligg under nivået i kostragruppa med ca 13%, og utgiftene er ca 8% lågare. Kvam herad har hatt ein nedgang i brutto driftsinntekt på ca 4% frå 2023 til 2024.

Landet utan Oslo ligg godt under nivået i Kvam og kostragruppe 05, både på utgift og inntektssida.

Brutto driftsresultat (før avskrivningar) i % av brutto driftsinntekter er på -7,7 % mot -1,4 % i samanliknbare kommunar. Brutto driftsresultat er forskjellen mellom driftsinntekter og driftsutgifter, dvs overskot på årets drift før renter og avdrag. Nedgang i brutto driftsresultat før avskrivningar betyr at driftsutgiftene aukar meir enn driftsinntektene. Brutto driftsresultat forverra seg med 5,4 % samanlikna med 2023.

Disposisjonsfondet er redusert med 6,4% frå 2023 til 2024, nivået på disposisjonsfond ligg på omlag same nivå som samanliknbare kommunar.

Netto lånegjeld er monaleg høgare i Kvam herad enn gjennomsnittet i samanliknbare kommunar K05 og landet utan Oslo. Det var ein auke på netto lånegjeld frå 2023 til 2024.

Avdrag i % av brutto driftsinntekt ligg over samanliknbar kostragruppe K05 og landet utan Oslo.

Dei frie inntektene i Kvam herad har gått ned frå 2023 til 2024, og ligg under gjennomsnittet i kostragruppa.

## Status investeringar

### Status politiske vedtak

#### Budsjettvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 149/23 Bud24 Tillegg 8: Eigedomsskatt	Botnfrådraget på eigedomsskatt vert auka til 350.000 kr. Finansiering: 1 million i omdisponering. Midlar til akutt forureining vert stroke.	Ferdig	Innarbeidd i budsjett 2024

### Styring og kontrollverksemد

#### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Styring og kontrollverksemد](#)

#### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024	rek/bud 2024	
Politisk styring	5 461	4 943	6 228	6 566	1 623	24,7 %
Kontroll og revisjon	948	1 227	1 272	1 310	84	6,4 %
<b>Sum</b>	<b>6 410</b>	<b>6 169</b>	<b>7 500</b>	<b>7 876</b>	<b>1 707</b>	<b>21,7 %</b>

#### Kommentar til status økonomi

Styring og kontrollverksemد har eit mindreforbruk på netto 1,7 mnok. Forbruket er ned ca 0,2 mnok samanlikna med 2023.

Politiske organ nytta 1,7 mnok mindre på frikjøp av politikarar, godtgjersle folkevalde, kurs, reise og overnatting.

Det er nytta 0,1 mnok mindre enn budsjett på kontroll og revisjon. Det er likevel ei auke på 0,3 mnok samanlikna med rekneskap 2023.

## KOSTRA Nøkkeltal

Kvam	Kvam	Landet Kostragruppe
2023	2024 uten Oslo	05

## Årsmelding 2024

Prioritet				
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) * **)	692	602	436	785
Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B) * **)	113	139	111	214

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Kvam hadde i 2024 lågare utgifter til politisk styring og kontroll enn gjennomsnittet i samanliknbare kommunar (K05).

Politisk styring, kontroll og revisjon har derimot høgare utgifter enn landet utanom Oslo.

Kostnaden til kontroll og revisjon har auka med omlag 20% frå 2023 og 2024.

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 072/24 1. tertialrapport 2024 - tilleggspunkt 2 Ungdomsrådet	Kvam heradsstyre ser det viktige arbeidet til ungdomsrådet, og aukar deira budsjetttramme frå kr 150 000,- til kr 200 000,- Finansiert frå disposisjonsfond	Ferdig	Innarbeidd i budsjetttrammer.
HST 096/23 Søknad om midlar til flytting - Hardanger AKS AS		Ferdig	Utbetalt.

## Administrasjon

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Administrasjon](#)

### Utvikling og utfordringer

### Økonomi, HR og IT

I 2024 har kommunen implementert nytt skybasert ERP system. Systemet vert nytta til mellom anna rekneskap, lønn og e-handel.

Kvam deltek i IndreVestland IT som er eit samarbeid mellom kommunane Voss, Sogndal, Eidfjord, Ulvik og Kvam. Fokus for samarbeidet i 2024 har vore effektiv drift, trygging og beredskap. Det vert mellom anna arbeidd med sikring av infrastruktur og felles innkjøp av lisensar.

## Fellessekretariat og arkiv

Fellessekretariatet har ei sentral rolle som informasjonsformidlar og er kontaktpunkt mellom innbyggjarane og kommunen, og leverer òg eit breitt spekter av tenester til tilsette og avdelingar i kommunen. Grunna fråvær innan informasjonstenestene i løpet av 2024, har fleire arbeidsoppgåver nedprioritert då driftsoppgåvene må prioriterast. Nedprioriterte arbeidsoppgåver er til dømes oppfølging i forhold avlevering av gamle elev- og barnehagemapper, lukking av avvik etter tilsyn m.m. Etter tilsyn på arkiv meiner Arkivverket at manglande oppfølging av avvik gir grunn til uro over forvaltninga av arkiva i Kvam.

I 2024 vart endeleg det historiske byggesaks- og eigedomsarkivet til Kvam herad tilgjengeleg for innbyggjarane i Kvam via Dansk Scanning si innsynsløysing WebLager. Arkivleiar har òg jobba med anbodsdokument for å skaffe ny frittståande arkivkjerne. Dette arkivet skal verte samlande for alle kommunale arkiv på sikt. Arbeidet med anboden vart ikkje ferdigstilt i 2024.

Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) digitaliserte 90 protokollar/bøker for Kvam herad i 2024, som innbyggjarane har fått digital tilgang til via Digitalarkivet. IKAH har totalt digitalisert 175 protokollar for Kvam. Talet på visningar gjekk ned frå 66.000 visningar til 15.000 visningar.

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
Administrasjon	38 352	41 070	42 297	43 289	2 220	5,1 %
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	3 517	3 729	3 668	4 354	625	14,4 %
Administrasjonslokaler	3 446	4 070	3 624	3 897	-173	-4,4 %
<b>Sum</b>	<b>45 315</b>	<b>48 869</b>	<b>49 589</b>	<b>51 541</b>	<b>2 672</b>	<b>5,2 %</b>

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet administrasjon har eit mindreforbruk på 2,7 mnok i 2024. Rammeområdet har eit uspesifisert innsparingskrav på ca 2 mnok i 2024 som er løyst med å halda vakante stilling ledige deler av året. I løpet av året har det vorte rekruttert inn innkjøpskonsulent, tenesteutviklar og controller.

På tenesteområdet administrasjon låg det budsjettert 0,6 mnok til riving av bustadbygg i Ålvik. Dette bygget vart brent ned som ei brannøving, og kostnadane med nedbrenning ligg såleis på tenesteområdet for brann- og ulykkesvern. Straumkostnadane knytt til administrasjonsbygg endte omlag 1 mnok lågare enn budsjettert.

## KOSTRA Nøkkeltal

Prioritet	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo 05	Kostragruppe
Lønnsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) * ) **)	3 984	3 732	3 390	4 287
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) * ) **)	5 217	5 096	4 269	5 784

## Årsmelding 2024

Netto driftsutgifter per innbygger (121) forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen (B) * ) **)	442	441	454	296
Netto driftsutgifter per innbygger (130) administrasjonslokaler (B) * ) **)	439	485	532	600
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) * ) **)	6 902	6 761	5 801	7 681
Netto driftsutgifter til eiendomsforvaltning i prosent av samlede driftsutgifter (prosent)	8,5 %	7,6 %	9,0 %	9,0 %
<b>Økonomi</b>				
Energiutgifter	141	128	160	145
Administrasjonslokaler Utgifter per kvadratmeter bygg (kr) * )	511	478	803	798
Utgifter til driftsaktiviteter	138	113	193	208
Administrasjonslokaler Utgifter per kvadratmeter bygg (kr) * )				

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Kvam hadde i 2024 lågare utgifter til administrasjon og styring enn gjennomsnittet i samanliknbare kommunar ( K05). Det gjeld både innan politisk styring, kontroll og administrasjon.

Eigedomsforvaltning er lik i 2023 til 2024 og ligg over kommunegruppe 5, ein bør tolka dette varsamt då det kan vera ulik rekneskapspraksis mellom kommunane på dette området. Energikostnadene for administrasjon ligg under gruppe 5, det er ein nedgang på 10% samanlikna med 2023. Det kan tyde på at energikostnaden er fordelt ulikt mellom kommunar og/eller kanskje Kvam herad har meir energieffektivt Rådhus enn samanlikbar kostragruppe. Reinhaldskostnadane har gått ned med omlag 20% frå 2023 til 2024, det har truleg samanheng med lengre frekvens mellom reinhald på Rådhuset.

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0* Skjermar HST	313	294	2023	0	42
0*Deponering av elektronisk arkiv	388	192	2024	196	0
0*Digitalisering eigedomsarkiv	2 500	1 446	2024	1 285	0
0*Forprosjekt ventilasjon og varmeanlegg Kvam rådhus	350	243	2026	350	243
0*IT-investeringar - årlege	-	-	LØPANDE	2 285	2 260
<b>Sum</b>	<b>3 551</b>	<b>2 176</b>		<b>4 116</b>	<b>2 546</b>

## Status politiske vedtak

### Budsjettvetak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 149/23 Bud24 Tillegg 12: Stipendordning for studentar	Kvam heradsstyre bed administrasjonen tilby stipendordning til studentar som vil utdanna seg innan profesjonar innanfor oppvekst og helse der behovet er størst. Ein føreset at dei som kjem inn under ordninga bind seg til arbeid i Kvam herad. Det vert løyvd 1 million kroner til føremålet i 2024. Ubrukte midlar kan brukast i 2025. Finansiering: Disposisjonsfond.	Ferdig	Retningslinjer for stipend til studentar er utarbeidd og ordninga er aktiv.
HST 149/23 Bud24 Verbalpunkt 6: Inkludering i arbeidslivet	Heradsstyret vil at Kvam herad vurderer å knyta seg opp mot stiftinga «Helt med». «Helt med» er eit prosjekt for å få personar med utviklingshemming, utviklingsforstyrring og lærevanskar inn i arbeidslivet, gjennom uførretrygd i tillegg til vanleg løn. Målet er å opne både kommunale og private arbeidsplassar for folk med forskjellige utviklingshemmingar. Frist: Til juni-møtet	Iht. plan	Helse og omsorgssjefen og leiarar i pleie og omsorg har vore i dialog og møte med representantar frå «Helt med»-organisasjonen med tanke på mogleg samarbeid.

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 042/22 Tertiairrapport 2022, 1. tertial - tillegg k) Rekrutteringspott (3 MNOK) til å finansiera overlappande stillingar.	HST 042/22 Tertiairrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg k) Rekrutteringspott Rådmannen får fullmakt til å bruka inntil 3 mill.kr. i løpet av budsjettåret til å finansiera overlappende stillingar i samband med rekrutteringsarbeid. Potten vert finansiert med disposisjonsfond for ekstra kraftinntekter, konto 25600200.	Forsinket	Nokre av midlane gjekk til stilling i Oppvekst, og vert overført til vår-halvåret 2025.

## Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 073/23 UØP 2024-27 tillegg D: Justering av politisk vedtekne prosjekt for prisauke.		Ferdig	Trangen for å justera budsjettet på prosjekt grunna prisauke vert løypande vurdert i samband med med budsjett og tertial.
HST 073/23 UØP 2024-27 tillegg G: Kompetansehevingsmidlar		Ferdig	Ekstra løyving på 0,5 mill til kompetanseheving i 2023 og 24 vart nytta.
HST 073/24 Utkast til budsjett og økonomiplan 2025-28 - tillegg 1 Konsulentbistand	Rådmannen får fullmakt til å gå til innkjøp av ekstern konsulenthjelp til vidare arbeid med innsparingsprogram og endra struktur, til ei samla ramme på inntil 1 mnok.	Forsinket	Konkurransegrunnlag ikkje klart per 31.12.24.
HST 073/24 Utkast til budsjett og økonomiplan 2025-28 - tillegg 2	Kvam herad melder si interessa for å delta i Ferdig læringsnettverk for berekraftig omstilling.		Det er 15 kommunar som var interessert og dei hadde berre plass til 9 kommunar, og Kvam herad var for sein med å melda si interessa. Fylket melder til kommunen dersom det er mogeleg å koble på fleire i nettverket eller i eit seinare nettverk.
HST 075/23 Utomhus rådhuset og alternativ vegtilkomst		Forsinket	Det har vore jobba med anbod, tildeling vart klaga på. Det resulterte i ein ny anbodsprosess som er pågående. Gjennomføring av prosjektet er overført til teknisk eining.

## Barnehagar

### Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: [Barnehagar](#)

### Utvikling og utfordringer

#### UTVIKLING

##### Beskyttande faktor: Trygge vaksne

I året som har gått har me jobba med kursing og betre opplæring av nye vikarar, i tillegg til kurs for elevar i språkpraksis via NAV. For å sikra kvalitet på vikarar er det viktig å inkludera dei i all opplæring og møteverksemd som føregår i barnehagen.

##### KLP prosjekt

Gjennom to år med deltaking i barnehagen sitt «Bli i jobben» prosjekt har me laga oss gode system for å styrka partsamarbeidet i barnehagane, og oppfølging og tilrettelegging av sjukemeldte. Alle barnehagane har LTV(leiar, tillitsvalt og verneombod) grupper med månadlege møter. Me har ikkje lukkast med målet om redusert sjukefråvær, men håpar langsiktig arbeid vil gje resultat til slutt. Styrarane får støtte ved å nytta tillitsvalte og verneombod aktivt i viktige saker som skjer i løpet av året og utvikling av barnehagen. Prosjektgruppa ser at det er viktig for tenesta å jobba for å sikra rekruttering, stabilitet, godt arbeidsmiljø og gode arbeidsforhold.

## Årsmelding 2024

Alle LTV gruppene i barnehagane samlast gjennom året for fagleg utvikling, involvering og drøftingar.  
Det har vore 3 samlingar i 2024

Dato	Tema
29.04.24	- Rollar, rettar og pliktar – NAV arbeidslivssenter Vestland  - Erfaringsdeling av LTV grupper og evaluering av årshjul.
22.10.24	Emosjonelle belastningar - Bedriftehelse1  Korleis redusera emosjonelle belastningar i barnehage?
21.11.24	ROS- analysemøte med Proactima

Barnehagane nyttar seg av det gode familjøet som er i tenestene rundt oss. Arbeid med BTI har gjeve auka kunnskap om andre tenester og lågare terskel for å søkja råd og rettleiing. Barnehagane gjennomfører årleg case-øvingar knytt til det som i BTI-modellen heiter nivå 0, som handlar om tidleg oppdaging, ved å bruka materiella *Trygg til handling* og *Snakke med barn* frå RVTS. Som del av dette har det vore gjeve opplæring knytt til meldeplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt ved uro for at eit barn kan vera utsett for vald eller overgrep. Leiar for barnehage, styrarane, spesialpedagogane og nokre pedagogisk leiarar deltek, saman med kommunale tenester for barn og vaksne, på opplæringsprogrammet Tidleg Inn.

I 2024 deltok barnehagane i opplæringsprogrammet Stine Sofie barnehagepakke om vald og overgrep mot barn. Programmet skal styrka dei tilsette til å sjå og handla dersom dei er bekymra for barn. Personale har fått eit verktøy til bruk i samtale med barn. Programmet er satt inn i eit system og skal gjennomførast årleg og ved behov.

På planleggingsdagen den 15.11.24 informerte konsultasjonsteamet i Kvam, kva dei gjer og at dei er eit verktøy i BTI handlingsrettleiaren. Styrarar og pedagogisk leiarar nyttar konsultasjonsteamet ved behov for drøftingar knytt til bekymring for vald og overgrep.

Helsestasjonen har årleg møte med alle barnehagane der dei drøftar barn si helse, utvikling og sjukdomar.

PPT har faste lågterskelrundar to gongar i året med alle barnehagane. Der har barnehagane høve til å ta opp saker dei er bekymra for, og ein kan saman sjå om hjelpe kan gjevast på grønt, gult eller raudt nivå. PPT jobbar tett med spesialpedagogane i barnehagen og gjev rettleiing ved behov. Målet er at hjelp skal gjevast i det ordinære tilbodet, der nedslagsfeltet er størst, slik at flest mogleg kan få nytte av hjelpa.

## Årsmelding 2024

Hjelpa skal i større grad flyttast frå individ- til systemnivå. I tillegg gjev PPT opplæring og kompetanseheving til tilsette ved behov.

Familiesenteret arranger foreldrekkurs med utgangspunkt i COS(tryggleikssirkelen). Det gjev foreldre og tilsette felles forståing av barn og eit felles språk.

Spesialpedagogane i barnehagane sikrar ei heilskapstenking rundt barn når det gjeld allmenn- og spesialpedagogikk, og gjev rettleiing og kompetanseutveksling til personale. For å sikre kompetanseheving deltek dei på kurs og faste nettverk gjennom året. I 2024 fekk fire spesialpedagogar sertifisering i *Sjå barnet innanfrå*. Dei skal framover halde årleg kurs for nytilsette og oppfriskingskurs til alle tilsette, i samarbeid med PPT.

### **Beskyttande faktor: Mangfald vert sett på som ein ressurs**

Me jobbar for å inkludera alle og sikra at barna i Kvam føler seg sett og anerkjent for den dei er. Barnehagane har som mål og gje morsmålassistent dei første tre månadane, etter ein trappetrinnsmodell, for å sikre forståing, tryggleik og god start. Alle barnehagane brukar Rolltalk Designer for Print for å lage symbolbasert materiale for dei som har behov for Alternativ- og supplerande kommunikasjon, eller for tilrettelegging med bruk av symbol. I 2024 deltok heile personale i Norheimsund barnehage på kurs i teikn-til-tale for å auka kunnskap om bruk av teikn, og korleis/kvifor det kan vera ei språkstøtte for alle barn.

I 2024 deltok mobbeombodet på ein planleggingsdag med heile personale for å gje opplæring i Kap. 8 Trygt og godt barnehagemiljø.

### **Beskyttande faktor: Høg kvalitet på opplæringa**

For å sikra lik kompetanseheving og kvalitet i barnehagane våre ha barnehagane felles kompetanseplan som ligg i kvalitetssystemet Compilo. I barnehage er det avgrensa med møtetidspunkt der personale kan møtast utan at det er barn i barnehagen. Me brukar møter, planleggingsdagar og personalmøte til å gje felles opplæring og gjennomgå nye system og rutinar.

#### **Regional ordning for kompetanseheving (Rekom)**

Som eit ledd for å sikra høg kvalitet deltek alle kommunale barnehagar, i eit rulleringssystem, i Regional ordning for kompetanseheving i barnehage (Rekom). Den private barnehage får tilbod om deltaking. I 2024 byrja Sjydnaugan barnehage si Rekom deltaking med vurderingstema *Personalelet bidreg til eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø for alle born i uteleiken*.

#### **Styrking av leiarrolla**

I 2024 byrja me på ei leiaropplæring, av pedagogisk leiarar og styrarar i barnehagane, i samarbeid med BI i Oslo. Den fyrste samlinga vart gjennomført i 2024 med tema *Kvalitet i barnehage og Leiing av endrings- og utviklingsarbeid*.

### **Trygt og godt barnehagemiljø**

2024 har barnehagane forsett arbeidet med kompetanseheving innan psykososialt barnehagemiljø, kap. 8 i barnehageloven for å sikra at alle har det trygt og godt i barnehagane våre. Tilsette gjennomfører kompetansepakkar gjennom UDIR og me har laga ein felles plan som skal sikra trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane. Ved behov søker barnehagane råd og rettleiing gjennom barnehagemynde og Mobbeombodet i Vestland.

## Vidareutdanning 2024

Barnehagelærarar søker på vidareutdanning gjennom Udir. Vidareutdanningsordninga for barnehagelærarar er eit tiltak i kompetansestrategien for framtidas barnehage. Udir støttar kr. 50.000 pr. barnehagelærar, pr. halvår. Alle som har søkt, dei siste åra, har fått delta.

Studieår	Studie	Antal
2024-2025	Master i praktisk utdanningsvitenskap med vekt på spesialpedagogikk	1 stk.
2024-2025	Spesialpedagogikk	2 stk.
2024-2025	Veilederutdanning	1 stk.
2023-2024	Veilederutdanning for praksislærere	1 stk.

## Rettleiing

### nyutdanna

E

in barnehagelærar har 10% stilling som rettleiar for nyutdanna barnehagelærarar i Kvam. I 2024 avslutta ho rettleiarar utdanning i regi av Udir og kan såleis gje kvalifisert rettleiing til nyutdanna. Alle nyutdanna barnehagelærarar får toårig rettleiing, og dette kan bidra til at nyutdanna barnehagelærarar raskare vert trygg i rolla si og vert værande i barnehagen. Kvam var tidleg ute med å etablera ei god rettleiarordning for nyutdanna og har vore føregangskommunen for andre kommunar som skal starta systematisk rettleiing for nyutdanna.

## Instruktørar

I 2024 fullførte sju instruktørar *Veiledning av lærlingar*, i regi av AOF fagskulen. Utdanninga styrkar instruktørane og sikrar kvalifiserte instruktørar for lærlingane våre.

## Planleggingsdagar

På planleggingsdagane i mars og september vart arbeid med kompetansepakkar tema Trygt og godt barnehagemiljø følgt opp og barnehagetilsette gjennomførte kompetansepakkar på Udir.no.

Kompetansepakkane skal bidra til refleksjon over haldningar, normer og barnehagekultur, og til utvikling av eigen praksis og auka handlingskompetanse.

## Oppgradering Bjørketeigen barnehage

Bjørketeigen barnehage har sidan 2021 hatt omfattande renovering i barnehagen, jfm sak 032/21. I 2024 vart barnehagen og den nye personalavdelinga ferdigstilt. Personale har fått ein god administrasjonsavdeling med fine kontorlokale. Det gjenståande arbeidet er leikeområdet til barnehagen. I 2024 vart det gjort ei endring i aldersinndelinga i barnehagen ved å flytta dei minste barna ned og dei store barna i øvste etasje. Denne endringa medfører enklare evakuering, levering/ henting og tilkomst til leikeplass for føresette, personale og borna.

## Spørjeundersøkingar

I 2024 vart det verken gjennomført foreldreundersøking eller medarbeidarundersøking. Planen var å gjennomføra foreldreundersøking i 2024, men Udir utsette undersøkinga til januar 2025.

## **Barnehagemynde**

### Tilsyn

Etter forskrift om barnehagelova §1 og barnehagelova §10, er det kommunen sitt ansvar som lokal barnehagemynde å sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk.

Barnehagemynde har plikt til å føre tilsyn med og gje rettleiing på barnehageeigar sitt ansvar og oppgåver etter barnehagelova §7, jf. §53 der dette er nødvendig.

Barnehagemynde innhenta ei eigenvurdering innan lovkrava i barnehagelova i november 2023, i både kommunale og privat barnehagar. Etter ein ROS-analyse av svara såg barnehagemynde nokre område der regelverksetterlevinga ikkje var fullstendig.

Mynde vurderte at avvika kunne rettast opp ved felles rettleiing og gjennomgang av rutinar. Dette vart gjort i felles styrarmøte i mars, der ein gjekk igjennom resultata, og det vart jobba fram løysingar for dei ulike avvika.

Utifrå dette vurderte mynde at barnehagane raskt ville rette opp avvika og fann såleis ikkje grunnlag for å gjennomføre vidare tilsyn. Den private barnehagen var og med på tilbakemeldingsmøte.

Barnehagemynde innhenta ny eigenvurdering innan lovkrava i barnehagelova i november 2024.

### Rettleiing til barnehageeigar og styrargruppa:

Barnehagemynde har faste møter med barnehageeigar og deltek på styrarmøte for å gje rettleiing.

Barnehagemynde har hatt 11 samarbeidsmøte med barnehageeigar i 2024 og deltok på 2 møte med styrarane. Tema for desse møta har vore:

- Tilbakemelding på eigenvurdering frå 2023
- Rettleiing etter § 35 og §37 i barnehagelova
- Søknader om dispensasjonar i barnehagane etter §25 og forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehage §§1-3 i Lov om barnehage
- Bemanningssituasjonen ute i barnehagane i Kvam, § 26
- Oversikt over spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging §35 og §37.
- Avviksrapportering
- Barnesamtalar, kap.2 i Lov om barnehage
- Arbeidsmiljø i barnehagane
- Leiarutvikling
- Arkivering
- Foreldresamtalar
- Internkontroll, §9 i Lov om barnehage
- Klagehandsaming
- Godkjenning av barnehage, kap. III i lov om barnehage

### Sakshandsaming/Vedtak :

## Årsmelding 2024

Barnehagemynde har motteke søknad/melding om behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og/eller behov for kommunal tilrettelegging i barnehage gjennom heile 2024.

I 2024 vart det tildelt til saman 35 t/veker vårhalvåret og 28 t/v hausthalvåret, til barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Våren 2024 var det 11,27 stillinger som var knytt til tilrettelegging, og 9,93 stillinger hausthalvåret 2024. Retten til tilrettelegging skal sikra barn med nedsett funksjonsevne likeverdig utviklings- og aktivitetsmogleheter i barnehagen.

### Andre oppgåver:

- Barnehagemynde i lag med rådgjevar oppvekst har rapportert kommuneskjema i Basil.
- Statsforvaltaren i Vestland har hatt tilsyn med barnehagemynde i Kvam herad. Tema for tilsynet var kommunen som barnehagemyndighet si plikt til å sjå til at barnehagane vert drive i samsvar med gjeldande regelverk etter barnehagelova §10. Under dette temaet kontrollerte Statsforvaltaren om barnehagemynde har ivareteke ansvaret sitt for å sjå til regeletterleiving hjå barnehageeigarane gjennom risikovurdering, rettleiling og tilsyn jf. Barnehagelova §§ 10 og 53, jf. barnehagelova kap.VIII psykososialt barnehagemiljø. Statsforvaltaren avslutta tilsynet utan merknader; *"Vi har kome til at de rettleier og ser til at barnehageeigarar etterlever regelverket i kap.VIII i barnehagelova, jf. §§10 og 53."*
- Barnehagemynde i Kvam har hatt innlegg på samling for barnehagemynde i Vestland i regi av Statsforvaltaren. Tema var korleis barnehagemynde i Kvam utfører påsjårolla (tilsyn)

## UTFORDRINGAR

Det er utfordrande med høgt sjukefråvær i barnehagane, og at fleire søker seg til andre stillinger. På utlyste stillinger i 2024 har det vore få kvalifiserte søkerar og me har slitt med å få personale i alle stillingane. Me var heldige å få tilsette fullt personale til oppstart av nytt barnehageår i august 2024. Det har gjort at me har hatt bemanning å gå på dersom nokon har sluttat eller ved høgt fråvær. Likevel har me flyttat personale frå ein barnehage til ein anna, nytta auka grunnbemanning inn i grunnbemanninga og lærlingar inn i grunnbemanning. Såleis har ikkje alle barnehagane fått erfaringar med å ha auka grunnbemanning slik dei er tildelt. Dei fleste barnehagane seier at dersom dei ikkje hadde hatt auka grunnbemanning hadde dei vore nøydd til å redusera opningstida og stenga avdelingar ved fleire høve. Alle barnehagane har i løpet av året sendt meldingar til føresette og spurde om dei kan halde barn heime eller henta tidlegare for å få dagen til å gå opp med antal barn og tilsette for å sikra forsvarleg drift.

Kommunale barnehagar har vaksentettleik, utover bemanningsnorm. Denne auka i tillegg til spesialpedagogar og lærlingar har bidrege til at barnehagane har klart å halda ope og ikkje har redusert opningstid sjølv med mangel på personale ved høgt fråvær og ved ferieavvikling. Sjølv med auka grunnbemanning er sjukefråværet høgt. Tilbakemeldingar frå tilsette er at m.a stor arbeidsbelastning og ustabil bemanning er ei av årsakene til sjukefråvær. Ved mykje vikarbruk og mangel på tilsette får ikkje personale gjennomført planlagde aktivitetar, foreldresamtalar, osv. Det viktigaste er å sikra nok bemanning på huset og få vaktene til å gå opp gjennom heile dagen. Tilsette melder inn avvik på emosjonelle belastningar i arbeidsdagen og at desse vert ofte vert sett på som noko som er fråkopla arbeidsoppgåvene. Styrarane brukar meir tid på oppfølging av personale grunna belastningar og rettleiling i dag enn før. Dette er ei av årsakene til at styrarar har mindre tid til administrative oppgåver og utviklingsarbeid. Dei må ivareta personale som har behov for at leiaren ser dei og fylgjer dei opp.

## Årsmelding 2024

Vikarkoordinatorane har utvikla gode system for mottak av nye vikarar og fordeling av vikarar til barnehagane. Det er lite tid til å bruka på opplæring då barnehagane har behov for at vikarane byrjar raskt. I Kvam er det få personar som ynskjer å vera vikar, i tillegg til låg arbeidsløyse i heradet. Dei fleste vikarane kan kun jobba enkelte dagar sidan dei er studentar eller har anna arbeid. Vikarane ynskjer ikkje å bli brukta i fleire barnehagar og avgrensar seg til kun å jobba i ein eller to barnehagar. Sidan det er få tilgjengelege vikarar vert det faste personale flytta rundt i barnehagen til avdelingar med størst behov for vikar. Sjølv om personale er fast tilsett i barnehagen kjenner dei ikkje nødvendigvis alle barn og rutinar på andre avdelingar, og enkelte opplever det belastande å bli flytta rundt på ulike avdelingar. Personale opplever at barn kan bli meir urolege og utsigge når det faste personale ikkje er på jobb.

Det er til tider utfordrande å få tak i barnehagelærarar til Strandebarm og Ålvik. Bakgrunnen for utfordringane er at mange ikkje ynskjer lang reiseveg til jobb.

Me har erfart at byggeprosessar er tidkrevjande og vert meir omfattande enn først tenkt ref. sak 032/21, renovering av Bjørketeigen barnehage. Det er belastande for leiar og personale å stå over lengre tid i slike omfattande prosessar når barnehagen er i full drift. På tross av mange års oppjustering av Bjørketeigen barnehage er det behov for mykje oppussing på fleire av avdelingane i barnehagen. Behov for oppussing er gjengangar i alle dei kommunale barnehagane, sjølv om dei er forholdsvis nye. Det er ikkje sett av tilstrekkeleg med midlar til jamleg vedlikehald og etterslepet vert stort, krevjande og kostbart. Leikeapparat på uteområde er i dagleg bruk, både i barnehage- og fritid, noko som medfører stor slitasje. Barnehagane sitt inventar og investeringsbudsjett samsvarar ikkje med dagens prisar på innkjøp, levering, montering, m.m.

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
Førskole	74 354	84 480	81 937	83 854	-626	-0,7 %
Styrket tilbod til førskolebarn	8 056	8 194	8 920	8 458	264	3,1 %
Førskolelokaler og skyss	11 553	11 904	11 323	11 631	-272	-2,3 %
<b>Sum</b>	<b>93 963</b>	<b>104 578</b>	<b>102 180</b>	<b>103 943</b>	<b>-634</b>	<b>-0,6 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Samla har barnehage teneste eit meirforbruk på 0,6 mnok i 2024.

Ordinær barnehageteneste har eit meirforbruk på lønn og lågare inntekter, ca 0,3 mnok.

Overføring til private barnehage vart ca 0,3 mnok høgare enn estimat og skuldast fleire born.

Styrka teneste i barnehage har hatt eit mindreforbruk på ca 0,27 mnok på grunn av sjukelønrefusjon og høgare inntekt enn budsjettet.

Barnehagebygg har eit meirforbruk på ca 0,27 mnok som fylgje av høgare lønn til reinhald men lågare driftskostnader.

### KOSTRA Nøkkeltal

## Årsmelding 2024

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo 05
<b>Prioritet</b>			
Netto driftsutgifter per innbygger (211) styrket tilbud til førskolebarn (B) *) **)	1 276	1 145	986
Netto driftsutgifter per innbygger (221) førskolelokaler og skyss (B) *) **)	1 584	1 493	695
<b>Kvalitet</b>			
Kommune Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	8,1	8,7	6,4
Privat Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	4,8	4,7	5,5
			6,8

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Netto driftsutgifter per innbyggjar i alderen 1 - 5 år for ordinær barnehagetenester er høgare enn landet utanom Oslo og Kostragruppe 5. Utgiftene har auka frå 2023 til 2024.

Netto driftsresultat per innbyggjar i Kvam for barnehage er kr 11 649, og gjennomsnitt i Kostragruppa er kr 10 657 i 2024.

Styrka tilbod (spesial pedagog og tilrettelegging) er høgare enn landet utanom Oslo og Kostragruppe 5. Utgiftene har gått litt ned frå 2023 grunna færre barn med vedtak i starten på 2024.

Netto driftsutgifter per innbyggjar i barnehagelokalet er høgare enn landet utanom Oslo og Kostragruppe 5. Utgiftene er redusert frå 2023.

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg	-	-	LØPANDE	207	116
0*Bjørketeigen bhg - flytte småbarnsavdelinga ned	188	299	2024	188	299
0*Deling av Øystese barnehage, del 2, tilbygg	12 638	12 015	2024	878	257
0*Norheimsund barnehage - vognskur	216	336	2024	196	316
0*Strandebarne barnehage - vognskur	388	373	2024	38	23
<b>Sum</b>	<b>13 429</b>	<b>13 022</b>		<b>1 506</b>	<b>1 011</b>

## Grunnskuleopplæring

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Grunnskuleopplæring](#)

### Utvikling og utfordringer

#### UTVIKLING

**Trygge vaksne:** Skuleåret 2024/2025 er siste året av tre år kor Kvam er del av Udir si Oppfølgingsordning og såleis knytt til ulike kompetansemiljø. Skulane i Kvam er i implementeringsfasen når det kjem til system som er laga for trygt og godt skulemiljø. Rutinane og planane er laga med støtte av Guttorm Helgøy som er knytt til Læringsmiljøsenteret i Stavanger. Mobbeombodet i Vestland har gitt råd til kven Kvam bør ha som samarbeidspart i dette arbeidet. System og rutinar er laga på bakgrunn av nasjonalt tilsyn som var utført på Øystese skule og resultat av nasjonale kartleggingar for trygt og godt skulemiljø.

Døme på rutinar og system som er teke i bruk for trygt og godt skulemiljø:

- BTI skal brukast ved uro for barn.
- Rutinar og skjema for å ivareta aktivitetsplikten ved brot på rett til og godt skulemiljø.
- Fast kartleggingsplan av trygt og godt skulemiljø frå 1.-10. trinn med eigne skjema.
- Førebyggande plan for trygt og godt skulemiljø.
- Undervisningsopplegg for folkehelse og livs-meistring 1.-10. trinn, med tema som nettvett, rusførebygging og mobbing.
- Kvalitetsdialogar mellom skuleeigar og skuleleiing på kvar skule tre gonger i året kor resultat frå kartleggingar fagleg og trygt og godt skulemiljø er tema. Eit av desse dialogane er og utvida med elevmedverknad.
- Trygt og godt skulemiljø er tema på rektor sitt møte i utviklingstida på skulane og på rektermøte for rektorane i heradet.
- Trygt og godt skulemiljø er fast sak på møte for fagarbeidarane ein gong pr. månad og i lagsmøte for pedagogane.
- I møte for fagarbeidarar og på lagmøte skal det gjennomførast caseøvingar. Case vert henta frå udir.no, samt bruk av anonymiserte reelle case frå skulekvardagen.
- Møte mellom kontaktlærar og avdelingsleiar etter utviklingssamtalane som er mellom kontaktlærar og elevar/foreldre. Avdelingsleiar får nødvendig informasjon om sårbare elevar og trygt og godt skulemiljø.

## Årsmelding 2024

- Rutine for når rektor skal varsle skuleigar er revidert og gjennomgått i skuleleiarmøte. I rutinen er det forklart kva som vert rekna som ei alvorleg sak.
- Rutine for når skuleigar skal varslast dersom ein som arbeider på skulen krenker ein elev.
- Utarbeidd ein overordna ROS og beredskapsplan for skule og SFO, med aksjonskort for svært alvorlege mobbesituasjonar.

Guttorm Helgøy var med grunnskulane i Kvam på planleggingsdagen i mars. Tema var:

- God start (metodikk for god klasseleiing, som fleire skular har teke i bruk)
- Følgja med og gripa inn (utføring av aktivitetsplikt når det er utrygt skolemiljø)
- Klasseleiing når det er utrygt klassemiljø.

Vidare hadde miljøretteiarar og skuleleiatarar gjennomgang av miljøretteiarane sine roller, og gjennomgang av kartlegging- og undersøkingsverktøy og analyse og tiltak med pågående case for trening i bruk av systemet vårt.

Arbeidet med trygt og godt skolemiljø er eit kontinuerleg arbeid og me ser at me har hatt god nytte av kompetansemiljø i dette arbeidet. Likevel veit me at målet om eit trygt og godt skolemiljø for alle elevane ikkje er nådd, og i ulike klassar og ulike skular er det mobbetalet som me ikkje er nøgde med og at me må jobba meir med å få eit større lag rundt arbeidet mot mobbing, då dette ikkje berre er eit skuleproblem, men også eit samfunnsproblem.

Sommaren 2024 var det for første gong gjennomført feriekubb i skulen sin regi kor sfo- leiarane i Øystese og Norheimsund hadde hovudansvar for å leggja planar for innhald og bemanning. Nytt namn på tilbodet var Ferie- SFO.

**Høg kvalitet på opplæringa:** Høg kvalitet på opplæring krev at Kvam har skuleleiatarar som driv eit godt utviklingsarbeid, både på skulane og på skuleeigarnivå. Pål Riis har bidrige i dette arbeidet gjennom oppfølgingsordninga, der analyse av resultat, målsetjingar for skulane og kvalitetsdialogar (to av tre årlege ) mellom skuleigar og skulane er gjennomført.

Gjennom oppfølgingsordninga er god og inkluderande undervisning eit fokusområde. Dette inneber at me rettar merksemda på varierte undervisningsformer og at elevane skal kjenna meistring og reell deltaking i skulen. Hausten 2024 har planleggingsdagen vore felles for skulane i regi av Skrivesenteret med desse tema:

- Introduksjon til den nye stortingsmeldinga «En mer praktisk skole - Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.- 10.trinn» Meld. St. 34 (2023-24)
  - Rike oppgåver og tenkande klasserom
  - Inkluderande praksis/styrka ordinær opplæring
  - Vurdering og tilpassa opplæring : Korleis sikra god undervisnings- og vurderingspraksis i skulen?
- Vidare er ny kartleggingsplan for 1.-10. trinn under utarbeiding i eit samarbeid mellom lærarar/ støttekoordinatorar, skuleleiatarar, PPT og Skrivesenteret.

Kvam herad har no teke i bruk rammeavtalen med dei tre lokale bedriftene, Stiftinga Hardanger og Voss Museum, Tormod Linga og Kvammabygg AS som tilbyr alternativ opplæringsarena til elevar der sakkyndig vurdering frå PPT tilår dette.

Inneverande skuleår har Arbeidstilsynet hatt tilsyn ved Kvam ungdomsskule. Tema i tilsynet :

- Systematisk HMS-arbeid (kartlegging, risikovurdering, handlingsplan, rapportering og avvikshandtering) knytt til forhold i arbeidet som kan bidra til muskel- og skjelettplager
- Førebygging, handtering, oppfølging, samt opplæring og øving knytt til vald og truslar

## Årsmelding 2024

- Leiing og medverknad, samarbeid med arbeidstakrar og verneombod
- Informasjon og opplæring knytt til risikoforhold i arbeidet
- Aktiv og førebyggande bruk av bedriftshelseteneste

Påleggja er oppfylte og lukka av Arbeidstilsynet 18.12. 2024. Skuleeigar har sett opp plan for deling av resultat og tiltak med dei andre skulane slik at det vert lik praksis for alle skulane i Kvam.

I desember 2024 fekk me informasjon om nytt, komande tilsyn frå Statsforvaltaren. Temaet for tilsynet er personleg assistanse:

- om heradet gjer vedtak som oppfyller retten til personleg assistanse, jf. opplæringslova §§ 11-4, 10-1 og 10-2, og forvaltningslova §§ 2, 11 a, 17, 23

**Mangfald:** Handlingsplanen for særskild språkopplæring er teken i bruk, og oppfølging av nyttilkomne elevar med rett på språkopplæring er betre ivaretekne med tanke på fagleg oppfølging.

**Gode kommunale tenester for barn, unge, gravide og familiar:** Skulane i Kvam føl oppsett plan for implementering av Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), med opplæring til nyttilsette, case- øvingar og ressursane "Trygg til handling" og "Snakke med barn". Prosjektleiar er i tillegg ute i skulane og hjelper dei til å bruka BTI i konkrete elevsaker.

### UTFORDRING

**Skule:** Skulane i Kvam går inn i ei utfordrande tid, kor budsjettvedtak i desember 2024 viser kutt grunna synkande elevtal og strammare kommuneøkonomi.

Likevel er rekrutteringssituasjonen den største uroa. Også våren 2024 var det mangel på utdanna grunnskulelærarar etter utlysing av årsvikariat og faste stillingar. Resultatet er at me tilset vikarar, og har mangel på vikarar frå skulestart. Dette gjer at det vert krevjande å driva utviklingsarbeid og børa vert stor for dei som er på jobb når nokon vert sjukemelde, som igjen kan vera ein av grunnane til høgt sjukefråvær i skulane. Me har difor ikkje klart å oppfylla krava i ny opplæringslov 17-7 som seier «Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråvær».

Når me manglar tilsette, er det særleg utfordrande å ivareta det faglege og sosiale tilbodet til elevane og særleg dei med behov for tilrettelegging, anten gjennom støttesystemet eller gjennom vedtak om Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) . Vidare vert det utfordrande for profesjonsfellesskapet å drøfta gode undervisningsopplegg og følgja opp implementering av rutinar og det systematiske arbeidet med trygt og godt skulemiljø kor trygge relasjonar er ein viktig føresetnad. Med trongare budsjett og utfordrande rekrutteringssituasjon som i resten av landet, er det krevjande å ha ein skulestruktur som krev fleire tilsette enn det lærarnorma krev på dei mindre skulane i Kvam; Strandebarm, Ålvik og Tørvikbygd.

Skulesektoren opplever ein auke av krav og forventningar frå lovverk, tilsyn, individuelle rettar, politiske vedtak og media, som alle krev meir sakshandsaming, særleg for leiarane på alle nivå i skulen. Skuleeigar saman med skulane jobbar for å betra rutinar og kompetanse innan ulike felt, men det tek tid å implementera dei. Skuleeigar har ei uro for stort arbeidspress i alle rollene i skulane, og kva dette medfører med tanke på rekruttering og turnover.

### PPT

## Årsmelding 2024

PPT har også dette året vore tett på skulen gjennom deltaking i oppfølgingsordninga og gjennom å leia prosessen med ny og digital kartleggingsplan for skulane i Kvam. Dette er kartlegging som gjev retning for kartlegging både på universelt og selektivt nivå og som er i tråd med ny Opplæringslov, § 11-2. PPT deltek fast på støtteteam og spesial-pedagogisk team på alle skulane, og me ser at mange skular no har begynt å jobba særskilt godt med systemperspektivet langt framme. Framleis er det ein del å gå på i dette arbeidet, men me er på rett veg. PPT har gjennomført opplæring i blant anna tema autisme og tiltak for dette i klasserommet, om DLD (utviklingsmessige språkvanskar), dysleksi og tiltak for dette. PPT har også delteke dette året i gjennomføring av foreldremøteplanen, men i 2024 klarte me å digitalisera desse foredragene både for skule og barnehage, slik at skulane/barnehagane sjølve kan gjennomføra foreldremøta med innslag frå PPT digitalt.

I samarbeid med Skrivesenteret har me leia ei arbeidsgruppe for alle støttekoordinatorane og representantar for leiarane på skulane for å styrka inkluderande opplæring i skulane i Kvam. Her har Skrivesenteret møtt digitalt, og alle deltakarane har vore samla på ulike skular. PPT er opptekne av at me skal oppfylla lovkravet som i stadig større grad peikar på verdien av systemarbeid framfor eit for einsidig fokus på sakkunnig vurdering og individuelle rettar og behov. Dette er krevjande å få til når trykket på tilvisingar på individenivå er minst like stort som før. Her kjem forvalningslova inn og styrer oss, gjennom at tilviste barn skal hjelpast innan rimeleg tid. Arbeidstrykket vert då svært stort i periodar. Det er behov for ein gjennomgang i oppretthaldande faktorar for å få ned trykket på Individuelt tilrettelagt opplæring og nytta ressursane på ein betre og meir verksam måte ute i skulane. Kostratala viser at me ligg høgt på tal elevar som har ITO også i 2024, og talet er stigande. Me ser også at talet på timer for dei som får ITO er lågare enn i andre kommunar. Det betyr at me har mange elevar med få årstimar samanlikna med andre kommunar. Målet er at dei som verkeleg treng ITO grunna at dei ikkje klarar å nå kompetansemåla/har store utfordringar og treng heilt eigne tilpassingar, skal få det. Andre kan gjennom god og inkluderande opplæring med eit aktivt PPT på laget og god kompetanse om ulike behov i elevgruppa, klara å få hjelp innanfor ramma av ordinær opplæring.

## Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Oph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
Grunnskole	129 381	140 205	135 665	141 169	964	0,7 %
Voksenopplæring	7 861	3 813	8 670	8 804	4 991	56,7 %
Skolefritidstilbud	5 007	7 357	6 377	7 276	-82	-1,1 %
Skolelokaler	25 254	25 337	24 239	25 441	104	0,4 %
Skoleskyss	3 997	4 549	4 021	4 126	-422	-10,2 %
<b>Sum</b>	<b>171 501</b>	<b>181 262</b>	<b>178 972</b>	<b>186 817</b>	<b>5 555</b>	<b>3,0 %</b>

## Kommentar til status økonomi

Teneste for grunnskuleopplæring har eit mindreforbruk på ca 5,5 mnok.

Grunnskulen har eit mindreforbruk i underkant av 1 mnok som kjem frå kjøp av varer og tenester. Eit eldre vedtak om auka budsjett til nye lærebøker er delvis nytta i 2024.

Vaksenopplæringa:

## Årsmelding 2024

4,1 mnok av avviket på 5 mnok, skuldast ny fordeling mellom tenesteområder knytt til opparbeiding av ny vidaregåande skule. Fordelingsnøkkelen er oppretta i 2024 og er såleis ikkje oppdatert mellom tenesteområda i budsjett. Ny vidaregåande vert fordelt mellom vaksenopplæring, bibliotek, kino og kulturskule kontor. Forbruk i 2024 er vedteken fondsbruk på 12 mnok fordelt på desse tenesteområda.

Vidare har vaksenopplæringa høgare inntekt frå Imdi enn estimat.

Skulefritidsordninga har eit mindreforbruk på ca 80 000 og gjeld lågare inntekter frå brukerbeting.

Skulelokaler har eit avvik på ca kr 100 000. Avviket kjem frå ein differanse mellom meirforbruk på lønn og lågare driftskostnader.

Skuleskyss har eit meirforbruk på ca 420 000 i 2024.

### KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo	Kostragruppe 05
<b>Prioritet</b>				
Netto driftsutgifter per innbygger (213) voksenopplæring (B) **)	959	952	380	608
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) * **)	145 480	148 179	118 869	137 785
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) **)	16 521	21 304	16 856	14 173
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) * **)	26 231	24 828	24 544	28 176
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år (B) * **)	3 897	4 243	2 970	4 132
<b>Produktivitet</b>				
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.- 4.årstrinn (B)	10,3	9,8	11,4	9,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.- 10.årstrinn (B)	13,5	12,0	13,8	10,9
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	150,6	151,3	151,0	167,9
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	46,6	58,9	36,0	60,2
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	11,4 %	12,7 %	8,0 %	9,9 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	7,4 %	7,2 %	6,2 %	7,4 %

## Årsmelding 2024

Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	49,9 %	60,6 %	73,8 %	64,2 %
---	--------	--------	--------	--------

---

*\*) Inflasjonsjustert med deflator*

*\*\*) Justert for utgiftsbehov*

Netto driftsutgift per innbyggjar i skulealder -

Grunnskule er høgare enn landet utanom Oslo og Kostra gruppe 5 i tillegg til ein liten auke frå 2023 til 2024.

Skulefritidsordninga er høgare enn landet utanom Oslo og Kostragruppe 5 og har hatt ein høg auke frå 2023 til 2024 grunna fleire born på SFO.

Skuleskyss er høgare enn landet utanom Oslo og Kostragrupper 5, og har hatt ein auke frå 2023 til 2024 pga prisauke og kommunale vedtak.

Skulebygg er lågare enn Kostragruppe 5 og ligg omtrent likt som landet utanom Oslo.

Netto driftsutgift per innbyggjar -

Vaksenoplæringa er høgare i landet utanom Oslo og Kostra gruppe 5, men har hatt ein liten nedgang frå 2023. Gjennomsnitt for Kostragruppera er kr 608.

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*Digitale tavler til skulane - utskifting	5 250	909	2026	1 750	909
0*ENØK tiltak kommunale bygg	500	529	2025	403	432
0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg	-	-	LØPANDE	3 687	2 163
0*Kommunale funksjonar i Kvam VGS	103 500	28 961	2025	26 432	26 670
0*Norheimsund skule - uteområde	2 625	154	2025	0	112
0*Ombygging Øystese barneskule	2 449	1 997	2025	1 436	1 015
0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg	-	-	LØPANDE	675	1 540
0*Skule - inventar og utstyr - årleg	-	-	LØPANDE	368	288
0*Uteområde skule og barnehage - søkbar pott	2 688	1 666	2029	2 688	1 666
0*Varmepumpe Ålvik Skule	1 875	0	2025	1 875	0
Sum andre prosjekt	0	1 229		275	0
<b>Sum</b>	<b>118 887</b>	<b>35 443</b>		<b>39 589</b>	<b>34 795</b>

## Status politiske vedtak

### Budsjettpedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 149/23 Bud24 Tillegg 13: Gratis bind og tampongar i ungdomsskulen.	Kostnad: 30.000 pr år. Finansiering: Disp.fond.	Ferdig	Ingen endring sidan 2. tertial 2024: Er ferdig gjennomført
HST 149/23 Bud24 Tillegg 2: Norheimsund skule.	Det vert løyvd 500 000.- til ein mulighetsstudie i 2024 som skal vise aktuelle løysingar for å sikre ein nødvendig og framtidsretta kapasitetsauke for skulen og SFO. Finansiering: lån.	Ikke startet	Pr desember 2024 var ikke dette arbeidet starta, men forvent oppstart over nyttår
HST 149/23 Bud24 Verbalpunkt 3: Mat i ungdomsskulen	Mat i ungdomsskulen vert utsett til rådmannen kjem tilbake med innsparingsprogram. Det vert gjort ny vurdering i.l.a. 2024.	Ikke startet	Som følgje av den økonomiske situasjonen, er tiltaket sett på vent inntil vidare.
HST 149/23 Bud24 Verbalpunkt 7: Øystese skule	Heradsstyret ynskjer at rådmannen kjem til heradsstyret med sak om nye Øystese barneskule i løpet av første halvår med kostnadskalkyle, framlegg til finansiering og innarbeidning i økonomiplanen. 2	Ferdig	Nytt vedtak hausten 2024 om kjøp av "gymnasbygget" i Øystese som mellombels løsing frå 2026, og utgreiling som ev. permanent løsing. Ny sak til politisk handsaming innan sommaren 2025.

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 029/24 Fullmakt til forhandling om kjøp av bedehus i Norheimsund og Øystese	Kvam heradsstyre gjev rådmannen fullmakt til å forhandle om eventuelt kjøp av bedehuset i Øystese og eller bedehuset i Norheimsund.Før ei eventuell inngåing av	Forsinket	Det har tidlegare vore sondering med "eigarane" i Øystese og Norheimsund, men ingen avtaler er gjort vidare.

## Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	kjøpsavtale, skal saka opp for ny handsaming og godkjenning i heradsstyret.		
HST 031/23 Uteområde til barneskulen - oppfølging av vedtak og vidare prosess	Kvam heradsstyre løyer 5 mnok til uteområdet til Norheimsund skule, som ein del av Haugamyrprosjektet. Løyvinga vert finansiert med kraftfond som stadutviklingsprosjekt.	Forsinket	Det er planlagt å gjennomføre prosjektet med ute-området til barneskulen, etter at prosjektet med bl.a. parkeringsplassar bak rådhuset er utført. Prosjektet med parkeringsplassar fører til grovopparbeiding, og sluttføring med tilstelling er planlagt i lag med prosjektet til ute-området for barneskulen. Etter planen kan ein då ferdiggjere begge områda samtidig.  Prosjektet med parkering er noko forsinka pga klage på tildeling og ute-området vert difor tilsvarende seinka.
HST 072/23 Tertial 1-2023 tillegg G: Tilstandsrapport basseng Ålvik		Ferdig	Viser til eigedomsstrategi vedteken hausten 2024, og budsjett der det ikkje er planar for vidare driftstilsikt frå 2026
HST 072/24 1. tertialrapport 2024 - tilleggspunkt 3 Mellombels undervisningsstad	Rådmannen skal snarast undersøkje moglegheita for å skaffe ein mellombels undervisningsstad av permanent karakter som kan nyttast under bygging av ny skule i Øystese. Heradsstyret ber om at det vert lagt opp til ein samlokalisert mellombels undervisningsstad	Ferdig	Erstattar av nye vedtak. Vestland fylkeskommune skal i mars handsama Kvam herad sitt tilbod på noverande vidaregåande skule i Øystese som mellombels undervisningsstad. Samstundes er området til vurdering som ei permanent løysing som alternativ til eksisterande barneskuleområde. Ny sak før sommaren 2025.
HST 080/23 Søknad om tilskot til Hardangerbadet AS for 2022-2024		Ferdig	Tilskot utbetalt.
HST 080/24 Lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa	Kvam heradsstyre vedtek Lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i dei offentlege grunnskulane i Kvam herad med følgjande endring: Første avsnitt vert endra til "Søknad om permisjon i inntil 3-10 dagar pr. år kan innvilgast om vilkåra i §§ 2-4 er oppfylte og opplæringa samla sett er forsvarleg."	Ferdig	Forskrift lagt til grunn og tinglyst.
HST 081/24 Lokal forskrift skuleregler for offentlege grunnskular i Kvam herad	Kvam heradsstyre vedtek Lokal forskrift om skuleregler for alle dei kommunale grunnskulane i Kvam herad med følgjande endringar: · Skulane i Kvam skal vera mobilfrie og smartklokkefrie i tråd med nasjonale tilrådingar. Alle skulane skal utarbeida lokale reglar om oppbevaring av mobiltelefonar og smartklokker i skuletida. Desse kan brukast pedagogisk i opplæringa etter avtale med tilsette og/eller i tråd med eventuelle sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak.. §9 første kulepunkt endres	Ferdig	Forskrift lagt til grunn og tinglyst.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	fra: Merknad: Dei tilsette på skulen kan gje ei munnleg eller skriftleg melding. Endres til: Merknad: Dei tilsette på skulen skal gje ei munnleg eller skriftleg melding.		
HST 102/24 Forhandlingsfullmakt- mellombels løysing Øystese skule	Vedtaket i saka er u.offl jf. offl. § 23, 1. ledd. Forsinket Det blir ført direkte på saksdokumentet.		Vestland fylkeskommune har Kvam herad sitt bod til handsaming i mars 2025.

## Kommunehelse

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Kommunehelse](#)

### Utvikling og utfordringer

## Helsestasjon

### Utvikling

- I 2024 har tenesta vidareutvikla digi-helsestasjon og sett stor verdi av brukardialog via Helse-Norge. Både tenesta og brukarane tek kontakt digitalt t.d. endre time, og innkallingar vert sendt ut digitalt. Det er både kostnads- og tids effektivt. Og ikkje minst ei god kvalitetsikring.
- Felles dugnad/delfinansiering med Vestland fylkeskommune og gjeve gratis vaksine mot hjernehinnebetennelse til elevar i dei vidaregåande skulane i kommunen, med stor oppslutning.
- I 2024 har tenesta brukt tid på BTI, spesielt ute på skulane.(Betre tverrfagleg innsats). Gjennom BTI er ansvarsområde tydeleggjort og strukturane er ein styrke for meir og betre tverrfagleg samarbeid og samhandling. Retningslinjene for skulehelsetenesta fokuserer særleg på korleis skulen og skulehelsetenesta skal samhandla.
- Rekruttering: Tenesta fekk rekruttert ein ny helsejukepleier hausten -23, og den stillinga har me vidareført i 2024 pga overføring av tilskuddsmidlar i ein 100 % stilling for å styrkja skulehelsetenesta. Dette er ei viktig styrking ute i skulane mtp å vera meir synleg på alle skulane, spesielt dei største. Tenesta ser tydeleg auke i talet elevar som tek kontakt når helsejukepleiarar er meir tilgjengeleg på skulen fleire dagar.
- Hausten 2024 starta me på opplæringsprogrammet "Tidleg inn". Programmet er utvikla for dei som jobber med småbarnsforeldre, gravide og deira partnere. Hovudmålgruppa er dei som jobber på helsestasjonen; Jordmor, helsejukepleier, lege og psykolog. Programmet skal hjelpe oss til å stille dei rette spørsmåla og gje nødvendig hjelp til familier med utfordringar knytt til rus, psykisk helse og vold i nære relasjoner. Tidleg inn er eit samarbeid mellom helsedirektoratet og barne-ungdom-og familiendirektoratet. Det er representanter frå KORUS; RBUP; RKBU; RVTS; Bufetat som har ansvar for opplæringa.
- Tenesta har faste samarbeidsmøter med andre tenester som barnehage, leiar for skule, barnevernstenesta, NAV- flyktning og tannhelsetenesta. Leiar set og som medlem av psykososialt kriseteam, og arbeidet rundt hendingar, der psykososialt kriseteam vert involvert.
- I 2024 fekk tenesta videreført 20 % ekstra ressursar til helsestasjon for flyktningar, som har ført til god oppfølging til brukarar som kom i 2024. Denne stillinga har vore heilt nødvendig for å få

gjort dei undersøkingane og kartlegginga tenesta skal utføra i samband med mottak av flyktningar og familiegenforening.

- Ein helsejukepleiar har delteke fast i konsultasjonsteam for vold og overgrep ein halv dag pr. mnd.
- Ein helsejukepleier har delteke i rusførebyggande arbeidsgruppe som vart etablert i 2024 og leia av avdeling ROP.
- I 2024 vart det født 84 barn. I 2023 starta helsestasjonen eit tilbod om å delta på Cos-kurs via barselgrupper på helsestasjonen. Det var mange som meldte seg på, og me fekk gode tilbakemeldingar om at dette var svært nyttige kurs. Grunna mangel på helsejukepleier heile året, har ikkje alle som har født fått tilbuddet i 2024 . Men avdelinga ynskjer å videreføre tilbuddet til neste år, så snart me kan.
- Tenesta deltek i nettverk for helsestasjon for ungdom, nettverk for jordmødre i kommunane og har faste samarbeidsmøter med Voss fødeavdeling- Helse Bergen. Leiar for helsestasjon har delteke på faste nettverksmøter med andre leiarar for helsestasjon- og skulehelsetenesta i kommunane rundt Bergen.
- Tenesta har i 2024 hatt ein auke i reisevaksine. Det var ein stor nedgang etter pandemien, men no har det teke seg opp igjen. Ei oppgåve, som krev tid, og kompetanse på avansert reisemedisin.
- Retningslinjene for skulehelsetenesta fokuserer særleg på korleis skulen og skulehelsetenesta skal samhandla. Skulehelsetenesta har vore til stades på skulen i lang tid, og tenesta har vore forplikta til samarbeid med skulen. Tidlegare har skulen ikkje hatt same føringane om forpliktande samarbeid slik som skulehelsetenesta har hatt og dette har påvirka samarbeidet. No er dette endra(St meld 21) og skulen er forplikta til fleirefagleg samarbeid både på system og individnivå. Dette er positivt og vil vera tema i vidare samarbeid med leiinga i skule.

## Utfordring

- Det er eit stort press på tenesta og det kjem stadig fleire oppgåver som skal løysast.
- Bemanningsnorma er ikkje bindande, men skal vere førande for tenesta. Den ligg litt under når det gjeld skulehelsetenesta på barnetrinn. Tenesta ser ein vekst i samansette hjelpebehov, og fleire unge som opplever därleg psykisk helse og utanforskap, noko som påverkar folkehelse og livskvalitet. Tenesta tilstreber å vera tilgjengeleg på skulane, slik at born og ungdom kan nå helsejukepleiar kvar dag og ikkje koma til stengt dør nokre dagar i veka.
- Rekrutterings- og bemanningssituasjonen har vore krevjande også dette året. Det har vore vanskar med å skaffa helsejukepleier til ledige vikariat, både korte og lengre vikariat. Men grunna låge fødselstal i 2023, har tenesta likevel klart å halde seg ajour i høve dei lovpålagte oppgåvene, men har fått innmeldt nokre avvik. Hausten 2023 vart det tilsett helsejukepleier i tilskotsmidlar via helsedirektoratet, og skulehelsetenesta vart styrkja slik at helsejukepleiar var til stades på skulane fleire dagar i veka. Me fekk overført ubrukte midlar til 2024, i tillegg søkte me på nye midlar same år. Helsedirektoratet bevilga nye friske midlar som me ikkje fekk brukt pga ein permisjon. Desse vart overført til 2025. Det er søkt om nye midlar vidare, slik at styrking av skulehelsetenesta kan halda fram. Tenesta strevar fortsatt med å rekruttere helsejukepleier inn i ledig vikariat ved permisjon og sjukemeldingar. Avdelinga har i heile 2024 hatt ledig vikariat pga permisjon og sjukemelding. Det var ingen kvalifiserte søkerar ved utlyst av vikariat.
- Helsejukepleierutdanninga er blitt lengre grunna eit masterforløp, og dermed var det ingen nyutdanna helsejukepleier i 2024. Rekrutteringsarbeidet må prioriterast vidare i åra som kjem. Dette er ein felles problematikk i distrikts-Norge, og mange kommunar slit med å rekruttere utdanna helsejukepleier. Dei seinare åra har det vore satsing på tenesta frå nasjonalt hald, men

tal studieplassar har ikkje vore auka i tråd med behov for fleire helsejukepleiarar ute i kommunane. Tenesta har nært samarbeid med høgskulen i Vestland og tenesta har hatt student i praksis også dette året.

- Tenesta har også i 2024 brukt ressursar og delteke i arbeid med korona og influensavaksinering i samarbeid med tenestekontoret og fagsjukepleier der. Bestilling av både influensavaksine og koronavaksine vert utført og administrert via helsestasjonen.
- Tenesta skal vere utviklingsorientert og nyttja forskningsbasert kunnskap og metodar. Det er derfor viktig å ikkje “gapa” over for mykje og setje i gang for mange nye prosjekt på ein gong. Det må setjast av meir tid på implementering av arbeid me har sett i gang.

## Kommunepsykolog for barn og unge - Familiesenteret

### Utvikling

Det er stadig press på ressursane til individuell hjelp og støtte, og difor større krav til prioritering. Avstand til både familievern og psykisk helsevern for barn og unge (BUP Voss), gjer at innbyggjarar søker hjelp lokalt dersom dei ikkje har kapasitet til å nytta desse tilboda. Auka krav og kompleksitet til barnevernstenesta sine oppgåver har utfordra ressursfordelinga mellom lågterskeltilbod og tiltak etter vedtak i barnevernslova. Utfordringa har vore adressert i tidlegare budsjett utan vedtak om ressursauke. Oppvekstsjefen har dette året leia eit evalueringsarbeid om organisering og ressursfordeling mellom ulike oppgåver i Familiesenteret. Bakrunnen var m.a auka krav til barnevernstenesta sitt tiltaksarbeid, og behov for større oversikt og styring over tiltaksressursane (familierettleiarne). Rådmannen avgjorde på nyåret (2025) at desse tiltaksressursane vert organisert under barnevernstenesta. Tilbod om foreldrestøtte (lågterskeltilbod) skal halda fram, men i redusert omfang.

Familiesenteret har i 2024 arbeidd med følgjande område for å følgja opp mål og strategiar i overordna planarbeid, ma oppvekstplanen.

### Trygge vaksne

Familiesenteret har på ulike måtar bidrige med å styrkja føresette, tilsette i barnehage og skule og andre helse-/hjelpetenester i arbeidet til å bli trygge vaksne i møte med barn og unge. Det handlar om direkte arbeid med familien, og indirekte gjennom veiledning, kompetanseheving og informasjon.

- Råd og veiledning til foreldre som har vedtak om slik hjelp etter lov om barnevern
- Veiledning til fosterheimar, besøksheimar og støttefamiliar
- Foreldrestøtte der foreldre som ber om det (lågterskeltilbod)
- Ulike foreldrerekurs, inkl spesifikt tilbod til fosterforeldre i og omkringliggjande kommunar
- Veiledning og samarbeid med andre helse-/hjelpetenester, td avlastningstilbod
- Foreldreforedrag i barnehagen
- Foredrag på foreldremøte: Digital kvardag. ”Korleis vera ein kjip forelder” (AV og TIL)
- Medlem i konsultasjonsteam - førebygging av vald og overgrep
- Nettverksgruppe for foreldre med barn med funksjonsnedsetjingar
- Familiesenteret har hatt ei pådrivarrolle om kompetanseheving kring foreldrestøtte, som kursarrangør og kontakt med regionale kompetansemiljø.

### Aktiv Fritid - Å vera del av ein sosial fellesskap

Familiesenteret har hatt eit avgrensa tilbod om *Ung Sommarjobb* for ungdom med samansette utfordringar og behov for erfaringar med arbeidslivet. Fleire ungdomar har fått jobberfaring i prosjekt Basecamp og gjennom Sterke Fellesskap. Erfaringane så langt er gode. Det er ønskjeleg å utvikla tiltaket vidare på tvers av tenester og i samarbeid med skulen. Alle tilboda har vore dels finansiert av prosjektmidlar.

Utekontakten er særleg involvert i strategiane for å desse måla i Oppvekstplanen

- Sentral i Ung Fritid sine ferjetilbod, både planlegging/organisering og gjennomføring, inkludert familiefestivalen Bygdaskoi.
- Nært samarbeid og medverka i arbeidet med Sterke Fellesskap, som del av demokratiopplæring. Medverknad og innspel om Ungdataresultat i 2024.
- Delteke på fritidsmesse, informerer om Utekontakten sine aktivitetar og arrangement via sosiale media
- Utekontakten har gjennom ulike prosjekt, som Basecamp, Båtbase (samarbeid med Hardanger Fartøyvernsenter) og Jentebase for å nå fleire ungdomar og målgrupper. Jentebasen har særleg rekruttering jenter med fleirkulturell bakgrunn.
- Generelt drift av ungdomsbasen med mål om å få fleire til å nytta treffstaden.
- GJennom oppsökjande arbeid på ungdomsskulen og drift av samtalegrupper (jente-/gutegrupper) har utekontakten gjort seg synleg og tilgjengeleg. Dette inkluderer også samarbeid med helsejukepleiar og miljørettleiar på skulane
- Samarbeid med miljørettleiar på vidaregåande skule har også fungert bra.

### Gode kommunale tenester for gravide, barn, unge og familiar

Familiesenteret er del av barnevernstenesta sitt tiltaksapparat, i hovudsak råd og veiledning til familiar. Med auka forventningar til barnevernstenesta sitt tiltaksapparat, har rådmannen avgjort endra organisering og ressursfordeling (omtalt over). Det er i større grad behov for å utvikla tiltak omtalt som "skreddarsaum", med mål om å førebyggja omsorgssvikt og omsorgsovertaking.

Forprosjektet FACT-ung vart ikkje sett igang på grunn av vanskar med å skaffa prosjektleiar. FACT-ung er ein arbeidsmåte for ungdom 13-18 år (25), der eit tverrfagleg team jobbar tett med ungdom og familie ved samansette problemstillinger, omtalt som "skreddarsaum". Tilboden er i samarbeid med psykisk helsevern for barn og unge. Denne arbeidsmåten bør Kvam bør følgja med på framover når fleire kommunar har fått erfaringar med metoden som kan imøtekoma utfordringar ved komplekse problemstillinger.

Familiesenteret tilbyr også lågterskeltilbod om individuell foreldrestøtte. Helse-/hjelpetenester eller foreldre sjølv tek kontakt. Tilboden strekkjer seg frå telefonkontakt, kortvarig rådgjeving, familiesamtalar, lengre veiledningsforløp, vise veg til andre tenester eller tilbod om foreldrekurs. Foreldrekursa får gode tilbakemeldingar, td "Dette burde alle fått", "dette skulle me hatt for lenge sidan". Eindel foreldre søker råd og støtte lokalt fordi reiseavstanden til familievernkontor (Odda) og psykisk helsevern for barn og unge (Voss) er lang. For nokre foreldre kan reiseavstand vera ein terskel for å søkja hjelp i ein vanskeleg situasjon. Kommunen har ved fleire høve signalisert behov for utekontor for desse tenestene i kommunen.

Psykologtilboden for barn og unge er avgrensa pga leiaransvar, og ytterlegare avgrensa i perioden september-des 24 pga konstituering som oppvekstsjef. Det er auka forventningar til lett tilgjengelege tilbod om psykisk helsehjelp for alle aldersgrupper i kommunen frå nasjonalt hald, jmf Opptrappingsplan for psykisk helse 2023-33, og nasjonal veiledar om psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunen. Det er jamn tilstrøyming til tilboden, flest ungdomar og flest jenter. Yngre barn møter oftast saman med

foreldre. Grunnar for kontakt er psykiske helseplagar, uro i familie eller skolemiljø, livshendingar, lærevanskar for å nemna nokre. Behovet for psykisk helsehjelp til barn og unge er aukande. Psykisk helsevern for barn (BUP) og unge har auka pågang, nokre vert avvist og tilrådd tilbod i kommunen. Reiseveg eller fråvær frå skule eller arbeid, kan heva terskel for å ta imot tilboden. Dei kommunale tenestene har jamleg samarbeid med BUP Voss for å drøfta utfordringar og moglege løysingar kring heilskaplege tenester for barn og unge. BUP tilbyr kurs til barn og undervisning til foreldre i Kvam, for enkelte diagnosegrupper.

Saman med barnevernstenesta har familierettleiarane delteke i det regionale samarbeidet med Voss og Ullensvang om fosterheimsarbeid. Andre tema har vore samarbeid/konfliktar etter samlivsbrot, og korleis ta vare på seg sjølv og kvarandre når ein står i krevjande problemstillingar. Avdelinga har også tilgang på ekstern veiledning for å fremja fagleg tryggleik og førebyggja slitasje.

Tenesta deltek i kompetanseprogrammet Tidleg Inn i kommunen. To tilsette kvalifiserer seg til å driva sinnemestringsprogram. Utekontaktane deltek i ulike nettverk om ungdomsarbeid/rusførebygging. Ein tilsett er igang med masterutdanning i familieterapi.

### **Utfordringar**

Familiesenteret står framfor omorganisering i løpet av 2025. Familierettleiarressursen vert lagt under barnevernstenesta, gjeldande frå 1.mai. Lågterskeltilbodet om foreldrestøtte blir av den grunn redusert, men psykologtilbodet blir meir tilgjengeleg som resultat av mindre leiaransvar. Det er vedtak om innsparinger både innan førebyggjande arbeid og samordning av fritidsfeltet som ressursane i Familiesenteret er involvert i. Arbeidet er igang, og det kan få konsekvensar for dei resterande fagressursane i Familiesenteret. Målet er å samordna og prioritera det førebyggjande arbeidet slik at innsatsen dekkjer heile tiltakskjeda frå den universelle for alle barn og unge, til det individuelle og spesifikke knytt til vedtak og individuelle vurderingar.

Vedteken eigedomsstrategi peikar på at Ungdomshallen, der ungdomsbasen er lokalisert, står på C-lista over kommunale bygg som treng vedlikehald. Ungdom skal medverka til mogleg alternativ plassering av ungdomsbasen. Det gjeld også utvida opningstider og tilbod til fleire grupper målgrupper.

### **Ergo- og fysioterapi**

Tenesta har 1 ergoterapeut, 4,23 fastlønna fysioterapeutar, 1 turnuskandidat og 6,6 driftsheimlar. Fleire av dei tilsette er spesialistar. Barnefysioterapi er fagleg ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta i tråd med lokale og sentrale føringar.

Ergo- og fysioterapitenesta arbeidar tverrfagleg både på system og individnivå for å møte dei overordna målsettingane med at flest mogleg skal bu i eigen heim (helse- og omsorgsplanen), vera ein del av trygge vaksne for barn og unge (oppvekstplanen) og helse i alt me gjer (helse- og omsorgsplanen).

Vidare arbeid med rullering av ergo- og fysioterapiplanen har venta på avklaringar om temaplanar generelt og korleis bruke Framsikt i dette arbeidet.

Tenesta nyttar *prioriteringsnøkkelen* som ledd i å sikra lik og rett prioritering av oppdrag/tiltak.

### **Utvikling og utfordringar**

Tenesta har i 2024 gjeve tilbod til 1729 pasientar. Talet på deltagarar i lavterskelgrupper og grupper for barn/foreldre er ikkje med i talet pasientar eller dei som berre har fått justert eit hjelpemiddel utan vidare vurdering.

På institutta har det vore noko sjukmeldingar men det er likevel jobba 1 driftsilskot utover dei 6,6, (2023:2,3 driftstilskot) utover. Fysioterapeutane strekk seg langt for å gje pasientane med 1. prioritet behandlingstilbod, og har lukkast med det. Det er synt at trening kan utsette mange operasjonar. Dette gjev auka behov for tenesta då det er mange som treng opptrening etter operasjon og. Det satsast mykje på tiltak og informasjon som gjer at pasientane har moglegheit for å ta vare på eiga helse. For pasientar med lågast prioritet har det vore ventetid på opptil 7 månader (2023 8 månader). For psykomotorisk fysioterapi var ventetida i 16 månader i 2023 og i 2024 vart det gjort ein stor jobb med ulike tiltak for å redusere ventetida slik at den ved årsskifte er redusert betydeleg. Ungdom og nybakte mødre med depresjon er ei prioritert gruppe.

Ergoterapi 138 brukarar fått ergoterapi (2023 121). Det ligg mykje arbeid i at fleire skal bu lengst mogleg heime og kunne leve eit mest mogleg sjølvstendig liv. Det er eit lite fagmiljø med 100% kommuneergoterapeut og 20% stilling på rehabiliteringsavdelinga (denne stillinga er lagt under rehabiliteringsavdelinga), og dette gjer satsinga med i Kvam med at fleire skal bu heime særslig sårbar. Kommune-ergoterapeuten vart leiar av demensteamet i 2024. De har vore utskiftingar i demensteamet og mykje av oppfølginga har vore lagt til kommune-ergoterapeuten. Med ei forventa auke av demente vil det verta meir oppfølging av ergoterapeut på både system- og individnivå som ein del av demensteamet.

Gruppetilbod: Som eit ledd arbeidet med å få ned ventelister har det vore satsa vidare på faggrupper. Det har 33 grupper (2023: 25 grupper) fordelt på alle institutta. Mellom anna har det vore styrke- og balansegrupper, aktiv med artrose, Parkinsongrupper, muskel- og skjelettplager, gruppe for kreftramma har halde fram i 2024. Dette er eit samarbeid mellom institutt, fastlønte og kreftsjukepleiarar. I Strandebarm og Ålvik er det lavterskelgrupper. I tillegg har det vore veldig små grupper tilpassa individuelle pasientbehov. Fastlønte fysioterapeutar har halde fram med styrke og balansegruppa 2 gonger i året. Det er etter eit prøveprosjekt sett i gang ei ny gruppa for dei med litt høgare funksjon, men som ikkje kan nytta gruppetilbod som pensjonistlag eller Grannehjelpa har.

Eldre/vaksne/rehabilitering: Ergo- og fysioterapitenesta har vore med å gje tenester for at flest mogleg bur lengst mogleg heime. Dette syner ma den store variasjonen i type hjelpemidlar som er søkt på, tid til bustadtilrettelegging og heimebehandlingar. Ca 1/5 av brukarane er over 90 år. Rutinane for forflytningsteknikk har vore fulgt opp og er ei hjelpe for at pasientane kan nytte eigne ressursar og spare personale. Tilrettelegging og mange hjelpemidlane frigjer og tid for personale. I tillegg er det godt samarbeid med institutta for å gje gode tenestar. Det er mange av dei eldre som får tilbod på institutta og bidreg til målsettinga om at eldre kan bu lengst mogleg heima. Til saman gjev ergo- og fysioterapitenesta tilbod til 73 personar over 80 år som ikkje har pleie- og omsorgstenester, 62 av desse går på institutta, og her er det i tillegg noko underrapportering. Rehabiliteringsavdelinga er mykje nytta og vert høgt prioritert i tenesta. Det gjeld og rehabiliteringspasientar som kjem rett heim. Det har vore evaluering av rutinane med kvardagsrehabilitering.

Fysioterapi for barn og unge: Det er 1,2 stilling kombinert med leiar for ergo- og fysioterapitenesta og fysioterapi for barn og unge. Det er flest gutar som er tilvist fysioterapi for barn og unge. Det har vore periodar opp mot 8 veker ventetid for dei med låg prioritet. Barnefysioterapeutane gjev tilbod til born og unge med funksjonsutfordringar (abilitering), og born og unge som slitt med psykiske plagar som kjem til uttrykk i kroppen. Fysioterapeutane for barn og unge var koordinatorar for 6 og sit i mange ansvarsgrupper. Det har vore 10 4 mindre grupper (2023:11) på helsestasjonen. Me har bruka kompetanse på tvers og nytta kommunale timer frå psykomotorisk fysioterapi til undervisning på Kvam

vidaregåande skule om psykisk helse og gruppe for foreldre med funksjonshemma barn. Det er lite ressursar til det førebyggande arbeidet, og det er framleis manko på ca 100% stilling etter rettleiande norm.

Prosjekt: Ergoterapeuten sit i prosjektgruppa i velferdsteknologi.

Nettverk: Ein fysioterapeut deltek i ressursnettverk i kreftomsorg og palliasjon.

Kompetanse: Ein av dei fastlønte tek master i folkehelse og samhandling. På Institutta har generasjonsskifte starta. 1 fysioterapeut gjekk av med pensjon i 2024. 4 av 7 nærmar seg pensjonsalder. Det krev ressursar å få erstatta denne kompetansen. Nokre av fysioterapeutane har små driftsheimlar, og dette gjev utfordringar i samband med både rekruttering, kompetanseheving og vidareutdanning. Det er ei aukande bekymring i ergo- og fysioterapitenesta over manglande prioritering i budsjettet over utviding av deltidsheimlane for å halde fram med høg kompetanse innan både psykomotorisk fysioterapi, generell fysioterapi og spisskompetnase innan muskel- og skjelettplagar.

Heiltidskultur: Det er ingen av dei faste fysioterapeutane som har 100% stillinger. Det er 3 av 8 driftsheimlar som er deltidshemlar. Det var ikkje mogleg å legge fram tiltak som støtta heiltidskultur i budsjettet 2025.

## Rus og psykiatri

### Status bemanning

Rop har pr. i dag 7,9 årsverk. Det har vore nokre mindre endringar i stillingar grunna bl.a. fråvær og vakans.

### Holmsund:

Tilbodet er redusert, og 0,5 fristilt stilling vert retta mot dagtilbod med varierande innhald til dei yngste brukarane. Litt av reduksjonen vert kompensert med eit tilbod på Kan-skje-kafè ein dag i veka.

### Kan-skje:

Opningstid er reduserte til 3 dager i veka for å få meir tid til brukarane, og tysdag nyttar som treningsdag. Kafeen hadde eit overskot på 80.000 i 2024, som er på fond. Overskot frå drifta vert nytt til sosiale treff som turar og f. eks fysisk aktivitet.

Kafeen har i dag tre VTO plassar, og dei tilsette får ei motivasjonslønn på 35,- i timen som vert finansiert av VTO-inntekter. Per i dag er det 4 brukarar som deler på å jobba i kafeen, der ein også har ei 20% stilling som vikar.

### Kafe påfyll:

Rop driver Kafepåfyll, som er ein lågterskel temakafe med høve for litt mat og ein god prat, kvar 14. dag i Kan-skje sine lokaler. Mental helse har også hatt ansvar for enkelte dagar. Det er eit nytt tema kvar

gong, som er utgangspunktet for samtalar/refleksjonar. Det er vanlegvis mellom 6-10 personar som deltek.

**Kompetanseutvikling:**

- deltaking ROP-konseransen og Rusfaleg forum
- 1 tilsett tek vidareutdanning i psykiatri og rus
- fokus på "Tidleg inn"
- 3 tilsette deltek på "sinnemestringsutdanning" (Brøsetmodellen)

**Ellers:**

Tilvisingar auka med 10%.

Assistert sjølvhjelp vert tilbydd pasientar med lette, moderate plager, medan forventninga ofte er 1-1-samtalar. Her er framgang med implementeringa, men tilbodet må arbeidast inn hjå blant anna legane, som er dei som tilviser mest til tenesta.

Trenden i hjelpeapparatet er å gå vekk frå å måtte skriva vedtak og over til behandlingsplanar for dei med lette/moderate plager, medan dei med langvarige lidinger framleis skal ha vedtak. Dette er noko me også ser på i Kvam.

Medarbeidarar i ROP-avdelinga vert involvert i kriseteamsaker, noko som krev ressursar i den perioden det vert arbeidd i kriseteam, og det vert arbeidd med å fordela dette på andre tenester og.

**Legetenesta:**

Siste åra har det både i fagmiljøa og i nasjonale media vore peika på at fastlegeordninga er i krise. Rekrutteringsvanskar og flukt frå fastlegestillingar skjer ikkje berre i småkommunar, men også i dei store byane. I Kvam har me i mange år hatt eit stabilt fastlegekorps, men me er no i eit begynnande generasjonsskifte og opplever at det er utfordringar med å rekruttera nye fastlegar i ledige heimlar. Kvam har rekruttert 2 nye fastlegar i 2024. Kvam har rekruttert ALIS legar (allmennlege i spesialisering), det er utfordrande å rekruttera spesialistar i allmennmedisin.

Tilsynslege for langtidsplassar i Helse og omsorg sa opp stillinga si i 2024. Kvam herad har rekruttert ny tilsynslege i 100% stilling. Det er ein vakant 40% stilling som tilsynslege pr. 31.12.2024.

Konstituert leiar for legeteneste gjekk ut i permisjon frå stillinga si frå 01.11.2024. Kvam herad er i rekrutteringsprosess for leiar for legetenesta i fast stilling.

Kvam herad overtok Norheimsund legesenter etter verksemndsovertaking frå 01.10.2024. Norheimsund legesenter er frå 01.10.2024 eit kommunalt legekontor.

Rekruttering av fastlegar har vore ei stor oppgåve i 2024 og syner og å bli det og i tida som kjem. Kommunen har avtale om mottak av ein LIS1 lege til kvar LIS1-periode. LIS1 har også oppgåver ved sjukeheimane og har teke del i helsestasjonsarbeid. Kommunen har ønskje om mottak av to LIS1 legar. I 2024 har Kvam herad hatt 2 LIS legar i siste LIS-periode i 2024. Ein av desse legane vart rekruttert inn som fastlege ALIS frå 2025.

## Årsmelding 2024

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024	rek/bud 2024	
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	10 355	10 163	10 673	10 309	146	1,4 %
Annet forebyggende helsearbeid	1 332	1 365	1 372	1 970	605	30,7 %
Diagnose, behandling, re-/habilitering	31 789	32 571	30 730	33 059	488	1,5 %
<b>Sum</b>	<b>43 476</b>	<b>44 100</b>	<b>42 785</b>	<b>45 339</b>	<b>1 239</b>	<b>2,7 %</b>

### Kommentar til status økonomi

På kommunehelse er det totalt sett eit mindreforbruk på 1,2 mnok i forhold til budsjett. Det er motteke meir inntekter på eigendeler og ressurskrevjande tenester. I tillegg er det mindreforbruk på lønnsutgifter.

### KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo 05	Kostragruppe 05
<b>Prioritet</b>				
Ergoterapeut Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	1,7	2,0	1,3	1,2
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) *) **)	5 909	5 255	4 107	4 279
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder (B)	99,0 %	98,8 %	98,7 %	102,7 %
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	11,8	13,4	10,7	13,1
<b>Kvalitet</b>				
Gjennomsnittlig listelengde	829,0	711,0	937,0	663,0

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Kvam herad har auka talet på legeårsverk og gjennomsnittleg listelengde er redusert.

Førebyggjande helsetenester for dei yngste innbyggjarane er framleis prioritert, og ligg over nivå til Kostragruppe 05 og landet utan Oslo.

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*Kjøp legekontor	1 250	1 000	2024	1 250	1 000
<b>Sum</b>	<b>1 250</b>	<b>1 000</b>		<b>1 250</b>	<b>1 000</b>

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 149/23 Bud24 Tillegg 1: Handlingsplan for førebygging av sjølvmord	Kvam herad skal utarbeida ein handlingsplan for å førebyggja sjølvmord. Finansiering: 400.000 kr Disp.fond	Iht. plan	Prosjektgruppe arbeider med handlingsplan. Arbeidet er leia av ROP. Handlingsplan skal slutførast hausten 205
HST 149/23 Bud24 Verbalpunkt 1: Utekontor for BUP.	Tenesta er i dag på Voss. For Kvam sin del er det eit sterkt ynskje om at ein får eit tilbod lokalt. Ansv: Adm/Politikk	Ferdig	Kvam herad har over år gitt tilbakemelding til BUP Voss om at det er både ynskjeleg og behov for utekontor i Kvam. Det siste året har ein psykolog frå BUP (bur i Kvam) hatt utekontor nokre dagar i Kvam. I tillegg tilbyr BUP Voss ulike gruppetilbod til barn og foreldre i heradet. Det har vore gjennomført ADHD-kurs for barn/ungdom og PMTO-kurs for foreldre(foreldrerettleiing). Aktuelle leiarar i heradet og leiar for allmennlegeutvalet har faste samarbeidsmøte med BUP gjennom året.
HST 149/23 Bud24 Verbalpunkt 4: Samlivskurs	Heradsstyret vil at Kvam herad, gjennom Familie- og læringssenteret, tilby eit samlivskurs før/rundt fødsel, t.d. gjennom BUFDIR-programmet «Godt samliv». Dei seks første åra, og spesielt det første året, legg grunnlaget for resten av livet. Ein trygg og god barndom er difor viktig for heile samfunnet. Ein bed rådmannen koma med sak til heradsstyret i.l.a første halvår 2024, med kostnadsestimat.	Ikke startet	Sak vart lagt fram for heradstyret 23.04.24. Heradstyret gjorde fyljande - Vedtak 066/24:  <i>Heradstyret ber rådmannen utarbeida ei forsøksordning med Godt samliv i samarbeid med helsestasjonen i Kvam. Kommunen kan søkje om støtte til Buf dir.</i>  I politisk sak var kostnad med å drifta Godt samliv stipulert til ca 200 000. Vedtaket 066/24 inneholdt ikkje ei økonomisk ramme for å drifta Godt samliv. Helsestasjonen skal søkja Buf dir om midlar til å drifta Godt samliv ved neste søknadsfrist som er 1.mars 2025.

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 014/24: Forhandlingsfullmakt	Kvam heradsstyre gjev rådmannen fullmakt til å forhandla vidare og slutføra prosessen	Ferdig	Overtaking vart framskunda til hausten 2024. Kvam herad gjennomføret

<b>Oppdrag</b>	<b>Beskriving</b>	<b>Status</b>	<b>Beskriving av status</b>
fastlegekontor u.off. sak jf. offl. §23, 1. ledd	med overtaking av fastlegekontor i Norheimsund f.o.m. 1.1.2025. Kvam heradsstyre forheld seg til rammeavtalen mellom KS og Den norske legeforening når det gjeld heimfall av fastlegeavtalar ved rekrutteringsutfordringar. Kvam heradsstyre ber rådmannen innarbeida vidare subsidiering av basistilskotet til næringsdrivande legar som driv eige legekontor i budsjettet etter 31.12.2024, som eit rekrutterings- og stabiliseringstiltak.		verksemドovertaking, og overtok drift av Norheimsund legesenter frå og med 01.10.2025.
HST 088/24 Overordna strategi for Helsefellesskapet i Bergensregionen	Kvam heradsstyre sluttar seg til overordna strategi for Helsefellesskapet i bergensområdet. Helse i Hardanger har vist oppsiktsvekjande- positive og godt dokumenterte resultat innan rehabilitering. Kvam herad gjer med dette helsefellesskapet i Bergensregionen merksam på dette, og bed om at helsefellesskapet støttar opp om tilbodet.	Ferdig	Vedtak meldt til helsefellesskap.

## Pleie og omsorg

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Pleie og omsorg](#)

### Utvikling og utfordringer

## Tenester til menneske med utviklingshemming. (MMU)

### Kompetanse:

Det er gjennomført ei rekke kompetanse-hevande tiltak i løpet av 2024:

- gruppeleiarar har delteke i CRPD-nettverk
- Mitt livs ABC perm 1 og 2: 19 personar fordelt på alle gruppene i tenester til MMU.
- Nasjonal leiarutdanninga for primærhelsetenesta ved BI Trondheim for 1 leiar
- kurs i MAP (meistring av aggressjonsproblematikk)
- kompetanseheving innan ernæring til menneske med utviklingshemming, - eit interkommunalt prosjekt i Voss lokalsjukehus sitt område leia av kliniske ernæringsfysiologar frå Kvam. Eigen pilotavdeling i Gropas bufellesskap, og eigne ernæringskontaktar i alle grupper.
- for fyrste gong arrangerte pleie- og omsorg eigne fagdagar, noko som viste seg å vera eit kjærkome tilskot til å auka fagkompetanse.
- innføring i Kvam sine nye økonomirutinar knytt til handtering av tenestemottakar sine midlar.

### Bemannning:

Auka press på avlastningstenester for yngste aldersgruppa har utløyst behov for meir personal og vakne nattevakter. Tenesta har hatt utfordring med langtidssjukemeldingar gjennom året. Fått til betre personaldekning i løpet av året og meir stabilitet og mindre fråvær. Bemanningskoordinator er viktig for å dekka opp fråvær og brukarbehov.

Fokus i LTV på gruppe og auka fleksibilitet, på trass av fordeling på ulike hus.

**Byggteknisk:**

Innstallering av nytt varmegjenvinningsanlegg i Gropafleten. (Varmepumper.)

Støydemping avlastninga: her er det meldt inn fleire avvik i 2024 som viser med tydelegheit at det er behov for tiltak. Kartlegging kring støy er gjort av teknisk og ergoterapeut.

**Anna:**

For fyrste gong fekk Kvam refusjonar på ressurskrevjande brukarar som mottok omfattande tenester både hjå oppvekst og helse. Det vart fatta såkalla helsevedtak.

I tenester til MMU vart det danna ei aktivitetsgruppe som har arbeidd med aktivitetar året rundt. Me kan nemna ferieveka på Solhovden, Halloweenfest på Tyst, open hall i Norheimsund og aktivitetsbingo som suksesshistoriar.

## Tenester for heimebuande

### Kompetanse og arbeid med demens

- Arbeidd vidare med noko av det same utviklingsarbeidet som i 2023.
- Kommunen har delteke i nettverk og prosjekt knytt til *Bu trygt heime* – reforma.
- Delteke i læringsnettverk, saman med andre deler av tenestene:
  - Det gode demensforløp, i regi av USHT. Hensikta med nettverket er å betra kontinuitet, forutsigbarheit og tryggleik i tenestetilbodet til personar med ein demenssjukdom og deira pårørande.
  - Avtale med Nasjonalforeninga for folkehelse om å vera eit demensvenleg samfunn
  - Gode rutinar og lett tilgjengeleg informasjon om demenssjukdom
  - krusing av næringsliv og kommunalt tilsette
- Fokus på og vidareutvikling av kompetanseplanar for ulike faggrupper
- Dossier er tatt i bruk som plattform for digitale opplæringsprogram, t.d innan medikamentopplæring, smittevern, ferievikaropplæring m.m.
- Ein fagarbeidar tek vidareutdanning i observasjons – og vurderingkompetanse.
- Ein pleiemedarbeidar er godt i gang med desentralisert sjukepleiarutdanning.
- Ein sjukepleiarar eit masterprogram i avansert klinisk allmennsjukepleier
- Fleire tilsette deltek på Demensomsorgens ABC.
- To tilsette ved dagaktivitetstilbodet har deltek på Mitt livs ABC og dette fortset i 2025.
- Tre av leiarane i tenesta er starta på helseledelse-utdanning gjennom BI.

### Dagaktivitetstilbod

## Årsmelding 2024

Dagtilbodet for eldre og MMU ved Øysteseheimen har i snitt hatt 35 (eldre) og 7 (menneske med utviklingshemming) brukarar per veke i 2024.

- Nye brukarar til MMU er unge som ikkje kan ha eit arbeidstilbod td ved Hardanger AKS
- Det er ein auke i brukarar med demensdiagnose, men dei fleste som søker om tilbodet er fødd før 1950, berre 5 er fødd etter 1950.

Gruppene har eit stort spenn i alder, diognosar og utfordringar. Det gjev utfordringar med lokala, og behovet for å skreddarsy opplegg til t.d yngre demente og unge brukarar i tenesta til menneske med utviklingshemming, som har større behov for tilrettelegging. Det er likevel funne gode og kreative løysingar for dette. Tilbodet har fagleg god dekning og fekk auka ramma med 70% (MMU) i 2024 .

Dagsenter Ålvik Dagsenter i Ålvik er ope 3 dagar i veka. Har 1 tilsett i 50 % stilling. Fordelt over heile året var det 8 bruker som benytta seg av dagsenteret.

Dagsenteret i Strandebarm er ope kvardagar 09:30-14 (15 ma / ons/ fred), og har 5 brukarar med vedtak frå 2-5 dagar i veka.

### **Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling (KRB)**

Tal innleggingar i korttidsavdelinga i 2024, viser at det har vore 243 innleggingar. Dette er medrekna pasientar som har vore inne på avlastningsopphald. 118 av desse kom frå sjukehus, 109 frå eigen heim, og 16 var overflytta frå ØH-seng (øyeblikkelig-hjelp-seng) til ordinær seng ved KRB.

KRB har kunna ta i mot nesten alle pasientar som har vore meldt utskrivingsklare frå sjukehusa, og berre betalt for 13 betalingsdøgn i 2024. 11 av desse er knytt til ROP/barnevern. Me ser likevel at det har vore fleire pasientar på KRB, og at fleire av desse har hatt fleire liggedøgn siste månadane av 2024. 11 pasientar har hatt opphold mellom 50-120 dagar.

Det er avgjerande for korttidsavdelinga at ferdigbehandla pasientar raskt får eit tilbod i heimen, eller på eit høgare omsorgsnivå om det er naudsynt. Kommunen har styrka tilboden i heimettenesta slik at dei i større grad enn tidlegare har greidd å ta imot utskrivingsklare pasientar ikkje berre til korttidsavdelinga, men også til brukarar i eigen heim. 75 % av pasientane har reist heim til eigen heim etter opphold i korttidsavdelinga.

### **Kvam heimetneneste**

I heimetnenesta har tal på brukarar blitt redusert frå 233 i 2023 til 181 i 2024. Vedtakstimar er redusert frå 2436 timer til 2282 timer.

Det var 53 personar med vedtak på praktisk bistand i 2024. Ordninga med eige personell som utfører praktisk bistand, vart utprøvd med vellukka resultat i 2023, og gjort om til faste stillingar i 2024. Dette vart løyst innanfor den ordinære stillingsramma.

Tenesta prøvde ut langvakter på helg i årsturnus 2023/2024, kvar 4 helg. Kvar langvakt var på 13,5 timer. Det vart prøvd ut med langvakter på 12,5 timer, men det passa ikkje til drifta i heimetjensta. Langvakter på 13,5 timer er godkjendt av NSF og fag forbundet sentralt. Langvakter har fungert godt, og i årsplan 2024/2025 er det fleire som ønsker å prøve langvakter på vekedagane og.

### **Heimesjukepleie Strandebarm**

## Årsmelding 2024

Ca 38 aktive brukarar med heimepleie og praktisk bistand. Tenesta er organisert saman med Strandebarm omsorg.

### **Rekruttering**

Pleie og omsorgstenesta i Kvam har merka rekrutteringsutfordingane i større grad i 2024. Ein har hatt lite søkjrarar til sjukepleiarstillingar i kommunen, samt at ein ser større utfordingar med å rekruttere helsefagarbeidrarar. Det har difor vore brukt vikarar frå vikarbyrå, for å få dekka behova for kompetanse. Det har vore leigd inn både helsefagarbeidere og sjukepleiere. I tillegg har tilgang på andre vikarar vore i nedgang.

I 2024 har det vore jobba vidare med fokus på oppgåvedeling og forskyving av oppgåver mellom kompetansegruppene.

### **Sjukefråvær**

Deltidsproblematikk og sjukefråvær er sentrale utfordingar for pleie og omsorgstenesta både nasjonalt og lokalt. Samla sjukefråvær i tenester til heimebuande har gått opp frå 10,56% i januar 2024 til 11,63% i desember 2024. Gjennomsnittleg sjukefråvær på 9,21% siste 12 mnd. Det vert arbeidd med kva tiltak som kan bidra til å skapa ein heiltidskultur, fleire større stillingar og redusert sjukefråvær. Heiltidskultur viser seg likevel å vera utfordrande med tanke på å få nok ressursar til helgejobbing.

### **Digitalisering og velferdsteknologi**

Helse og omsorg har eige velferdsteknologiprogram og deltek også i eksterne prosjekt og nettverk, som KS sitt eKomp prosjekt, Vestlandsprosjektet og e-helse Vestland.

Elektronisk meldingsutveksling mellom kommunen og sjukehusa er i bruk i dei fleste fagavdelingane våre.

I 2024 fortset ein implementeringa av innleggingsrapport som første melding frå kommunane. Bruken av dette har vore avgrensa, og det må jobbast vidare for å implementere dette som fast prosedyre ved innleggingar frå kommunen.

Alle våre analoge tryggleiksalarmer er no erstatta med digitale tryggleiksalarmer. Denne endringa gjer det mogleg å knyte fleire løysingar saman. Til dømes får no alle mottakarar av tryggleiksalarm installert røykvarslar som varslar automatisk til responsenteret. Kommunen har samarbeidsavtale med Bergen kommune om responsenterløysing og er godt nøgd med denne ordninga.

Sporingsteknologi (GPS) er etablert som tenestetilbod. Teknologien gjer brukar høve til å leve eit aktivt liv, samstundes som både pårørande og helsepersonell kan vere trygge for at brukar ikkje går seg bort.

Det er også teke i bruk ulik sensorteknologi som bevegelses-sensorar, sengematter, epilepsi-alarmar og dørsensorar.

Tenesta brukar Lifecare mobil pleie som arbeidsverktøy for dei tilsette og elås-system hos brukarane.

Kommunen har kjøpt inn elektroniske nøkkelboksar i same systemet i Lifecare mobil. I samarbeid med sameiga i Øystese/Norheimsund, vil desse bli montert opp så snart som mogleg, til bruk for tenesta ved oppdrag i desse byggja.

Arbeidet med å innføra og prøva ut RoomMate til bruk ved digitale tilsyn er fullført, og tatt i bruk ved Strandebarm Omsorg i siste del av 2024. Ein vil evaluera nytteeffekten av dette utover i 2025.

## Heildøgnsomsorg

Tenesta har ansvar for heildøgns omsorg i kommunen og har om lag 120 årsverk og 126 plassar fordelt på 48 langtidsplassar, 77 omsorg+ og 1 palliasjon/avlastningsplass.

Toloheimen demensavdeling med 16 langtidsplassar, har arbeida med å bli ein felles avdeling. Ein har hatt fokus på å auke fagkunnskap i begge grupper (gruppe vest og firklooveren) og gjere dei tilsette trygge på å arbeide på begge sider. Det er gjort ei kartlegging av arbeidsoppgåver som skal brukast til planlegging av innføring av matvertar i 2025.

Øysteseheimen har 28 langtidsplassar og har gjennom heile 2024 hatt eit høgt sjukefråvær som er redusert frå 30% til 17 % i desember. Spesielt korttidsfråvær har hatt ein tydeleg reduksjon. Det er blitt gjort fleire tiltak for å redusere fråvær, auke omdømme og betre kulturen:

- Tørn - med tilrettelegging av turnus og kartlegging av oppgåver
- Matvertar og eit kjøkken med kokk
- Bemanningsprosjekt
- Teamleiarar i kvar etasje for å minske leiarspennet og hjelpe leiar
- Tilsette tilknytt ein etasje og ein teamleiar
- Utprøving av servicemedarbeidar som ordnar senger, ryddar rom mm.
- Oppussing av lokale

Fleire fagarbeidrarar har slutta eller søkt permisjon og det har vært få eller ingen kvalifisert søkerar på utlyste stillingar. På slutten av året har ein fått tilsett 2 nye sjukepleiarar som betrar den faglege kvaliteten. Det har vært behov for oppgradering av takheisar og ein har difor investert i 4 nye. Det har også blitt kjøpt inn 9 nye senger for å betre sengeparken.

Avdelinga har brukt av fondsmidlar til nye møblar i 2. og 3. etasje, oppgradert med nye planter ute saman med pårørandeutval, maling av fellesrom/vaktrom, nye biletar, gardiner/interiør og sommarfest for pasientane saman med pårørandeutvalet.

Ved Tolo omsorg har ein gått frå 32 til 25 (24) plassar i 2024 og denne prosessen har gått fortare enn forventa. Bemanningsprosjektet har kartlagt oppgåvedeling og dei har vært med på eit kompetanseforløp i forbettingsarbeid ved USHT Vestland.

Ein har gjennomført oppussing av bebuarrom og fellesareala, og pengar frå fond er brukt på sommarfest for personale og nye møblar til fellesstover.

5 tilsette er med i Demensomsorgens ABC, perm 2. Sjukepleiar er med i nettverk for kreftomsorg og lindrande behandling og 3 pleiemedarbeidrarar har tatt fageksamn og arbeidar mot fagprøven for å bli fagarbeidrar. Avdelinga har hatt kurs i opplæring /oppfrisking av NEWS saman med fagsjukepleiarane, handtering av akuttsituasjonar, medikamenthandtering og kommunikasjon/miljøarbeid med ressurspersonar frå demensteamet.

Mikkjelsflaten har hatt lite utskifting av bebuarar, men har fleire som er på venteliste til langtidsplass.

## Årsmelding 2024

3 tilsette har tatt kurs i palliasjon, 2 har tatt vidareutdanning i palliasjon og 3 har deltatt på parkinsonnet. Gjennomført 6 fagprøvar i HFA, stort sett hatt 2 lærlingar, språkpraksiselevar, godt samarbeid med frivillige; bingo/trim/song mm. Leiari i avdeling har i tillegg gjennomført kurs for tilsette utan helsefagleg bakgrunn. Dei har fått undervisning for å gjere seg klar til helsefag eksamen, og kan søke seg opp til fagbrev med avsluttande eksamen i November 2024.

Strandebarms omsorg er delt mellom omsorg+ og heimeteneste. Har fått fleire ressurskrevjande brukarar.

Er med i matvertprosjektet og har per no 7 matvertar, 3 matvertar er blitt rekruttert til pleie. Samarbeid med frivillige: trimgruppe/mandagstreff/song mm.

6 stk. er med i ABC demensomsorg, ein er med i nettverk for kreftomsorg og lindrande behandling. Fått tilsett ein ny fagarbeidar, og har hatt fleire lærlingar/TAF. Noko utfordringar med å tilsette nok fagarbeidarar i ledige stillingar.

Pleie og omsorg har arrangert fagdag for alle tilsette og ca. 200 tilsette deltok. Her var det stands og stasjonar som ein fekk gjennomgang på fleire tema; sår/bandasjer, urinkateter, NEWS, O2/inhalasjon mm. Dette var eit populært arrangement og me planlegg nye for 2025. HLR opplæring/oppfrisking har blitt gjennomført i alle grupper.

I periodar har det vore høgt sjukefråvær, både langtids og korttids, i alle grupper. Dette har ført til noko meir overtid. Samtidig som ein har eit mål om å auke stillingar, fører det til at tilsette raskare kjem i overtid ved fråvær.

I sommaravvikling har ein hatt inne vikarar frå vikarbyrå for å kunne avvikle ferie på ein forsvarleg måte. Dette har fungert godt i alle grupper. 2 helsefagarbeidarar vart forlenga etter sommarferie for å avhjelpe bemanning på Øysteseheimen. Etter kvart kunne dei flyttast frå Øysteseheimen og til Strandebarms og Tolo omsorg då dei hadde utfordringar med sjukefråvær.

### Tenestekontoret

Kvam herad har gjort fleire organisatoriske grep for å styrka tilbodet til innbyggjarane og optimalisera ressursbruken. Koordinerande eining skal vera ein pådrivar og eit kontaktpunkt for samarbeid internt og eksternt på tvers av fagområde og nivå.

### Utfordringar:

- Innsending til KPR, viste at 15 % av alle registrerte brukarar hadde feil i Gerica.
- Den økonomisk ramma er for lav på lavterskelttilbod, t.d. støttekontakt.

### Prosjekt 2024

## Årsmelding 2024

- Velferdsteknologi ABC -Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester – DIGI Vestland
- EARLY INTERVENTION - forskningsprosjektet - tidlig innsats i omsorgstjenestene – Høgskulen Vestland
- Fallprosjekt 345864 -forskningsprosjekt – Digitale tilsyn – RooMate – HVL og VID saman med Bergen kommune - Kvam samanliknings kommune
- Velferdsteknologi til Barn Unge Voksne – med medfødt eller tidleg erverva funksjonshemmning - Helsedirektoratet og KS

### Dette har me i drift i Velferdsteknologi året 2024

- 183 trygggleiksalarmar
- 122 pasientvarslingsanlegg i heildøgnsomsorg
- 9 stk. GPS-klokker
- 133 e-låsar
- 5 epilepsialarmer
- 1 blodsukkermålar
- 40 rørslesensorar
- 5 sensorer for digitale tilsyn
- 8 døralarmar (fordelt på heildøgnsomsorg og MMU)

### Alkohol og servering

Avdeling for alkohol og servering (som omfattar sals- og skjenkekontrollen) har 5 tilsette som gjennomfører kontrollar i 8 medlemskommunar (Eidfjord, Ullensvang kommune, Voss herad, Vaksdal, delar av Bjørnafjorden, Samnanger, Ulvik og Kvam). Avdelinga har ansvar for sakshandsaming av søknader om serveringsløyve og sals- og skjenkeløyve i Kvam og rådgjev dei andre kommunane. I området som er omfatta av samarbeidet, vart det 2024 gjennomført 939 kontrollar. Det er 104 salsløyve (Kvam 16), 188 skjenkeløyve (Kvam 26) og om lag 150 einskildløyve (Kvam 21).

I tillegg kjem tilsyn av 100 salsplasser av tobakk (Kvam 15), fleire av desse er dei same som sel alkohol. Det skal gjennomførast 200 tilsyn med tobakkssal. Avdelinga driv jamleg med kurs og opplæring i kommunane.

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser	5 791	9 518	9 530	9 704	186	1,9 %
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	80 118	93 660	80 399	84 928	-8 732	-10,3 %
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	148 217	0	0	-1 374	-1 374	-100,0 %
Tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunene	2 150	3 434	1 063	1 099	-2 335	-212,6 %
Bofellesskap/samlokaliserte omsorgsboliger med personellbase	0	74 560	93 406	93 179	18 619	20,0 %
Ambulerende virksomhet med videre	0	68 598	53 364	55 445	-13 153	-23,7 %
Institusjonslokaler	12 316	11 701	12 258	12 656	955	7,5 %

## Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i % 2024
	2023	2024				
<b>Sum</b>	<b>248 591</b>	<b>261 471</b>	<b>250 018</b>	<b>255 638</b>	<b>-5 833</b>	<b>-2,3 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Pleie og omsorg har eit samla overforbruk mot budsjett på 5,8 mnok. Avviket skuldast i hovudsak auke i kjøp av varer og tenester som mat- og drikkevarer, inventar, vaskeritenester, innleige av vikarbyrå og kjøp av omsorgsplassar i andre kommunar. Tenesten fekk i løpet av 2024 auka budsjettet noko på lønn, men rekneskapen synar at ein ikkje har overhaldt lønsbudsjettet. Det meste av dette er knytt til vikarlønn og overtid.

Tenesten har motteke meir i inntekter på brukarbetaling og refusjon i forbindelse med ressurskrevjande tenester enn det som var budsjettert.

### KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet Kostragruppe uten Oslo 05	
<b>Produktivitet</b>				
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	373 488			
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) *)	1 992 980	2 330 065	1 653 818	1 590 012
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel beboere i institusjoner 80 år og over (B)	66,7 %	66,2 %	63,1 %	61,0 %
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	11,7 %	9,3 %	3,3 %	4,5 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	8,0 %	6,9 %	9,3 %	10,3 %
Mottakere av hjemmetjenester per 1000 innbyggere (B)	58	61	41	58
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over (B)	11,2 %	9,8 %	15,3 %	16,7 %

\*) Inflasjonsjustert med deflator

KOSTRA-tala syner at netto driftsutgift pr. Innbyggjar til pleie og omsorgstenesta for institusjon har auka vesentleg, og er mykje høgare enn i landet og Kostragruppe 05. Men Kvam har vesentleg færre på institusjon enn andre kommunar i høve ande 80 år og over. Tala viser at me ligg vesentleg over når det gjeld heildøgnsomsorg, som er eit tilbod me har bygd for mykje opp, men her er nedgang i 2024. 11

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*ENØK tiltak kommunale bygg - Rokabrekka og Stoppel	368	304	2099	141	77
0*Framtidig utviding av sjukeheimspllassar	1 250	1	2025	1 250	1
0*Nytt kjøken og oppvaskmaskin Toloheimen	500	89	2024	0	89
0*Sansehage Toloheimen	2 975	34	2025	2 941	0
0*Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg 2020-2024	9 400	6 662	2024	5 126	2 390
0*Solskjerming kommunale bygg	10 525	3 627	2025	6 383	3 234
0*Velferdteknologi - årleg	-	-	LØPANDE	4 728	92
<b>Sum</b>	<b>25 018</b>	<b>10 716</b>		<b>20 569</b>	<b>5 882</b>

## Status politiske vedtak

### Budsjettvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 149/23 Bud24 Verbalpunkt 5: Eldre og omsorg	Plass ved Strandebarm omsorg skal ha eit omsorgsnivå som svarar til det som rett til institusjonsplass ved gamle Strandebarmheimen innebar. Ingen som ville hatt rett til institusjonsplass ved Strandebarmheimen skal flyttast fra Strandebarm omsorg. Nivået på tenestetilbodet og samla kompetanse knytt til Strandebarm omsorg skal vera like godt ved den nye omsorgsheimen som ved den gamle institusjonen. Det gjeld også legetenesta.	Iht. plan	pr. 31.12.2024 er det 4 langtidsplassar ved Strandebarm omsorg. Desse 4 plassane har same tenestenivå som ein hadde på Strandebarmsheimen inkludert tilsynslege.

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 076/23 Utbyggingsbehov Helse og omsorg - heildøgnsomsorg		Iht. plan	oppdraget er organisert som eit prosjekt med styringsgruppe, prosjektgruppe og ulike arbeidsgrupper. Prosjektet skal levere politisk sak til heradsstyre i september 2025
HST 077/23 Rett mat til rett person: mattilbod og ernæring i helse og omsorg		Ferdig	Matvertar vert innført, sjå anna vedtak. "Mat på huset" vert ikkje starta opp.
HST 122/24 Sluttrapport bemanningsprosjektet	Kvam heradsstyre tek sluttrapporten til bemanningsprosjektet til vitande og gjev rådmannen fullmakt til å vidareføra prosjektleiar for bemanningsprosjektet i 2025. Dette vert finansiert med ubrukte	Ferdig	Sluttrapport er ferdigstilt. Prosjektleiar held fram i 2025. Bemanningsprosjektet skal gjennomføre kartleggingar på alle langtidsinstitusjonar og heildøgns omsorgsbustader i Kvam herad

## Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	midlar innanfor ramma som heradsstyre vedtok i sak 094/22.		
HST 14/21 Utgreiing om kommunale måltidstilbod	<p>Kvam heradsstyre gjev rådmannen fullmakt Ferdig til å 1. gjennomføra nytt, ordinært offentleg anbod på middagslevering for ein avtaleperiode på 1 år, med opsjon på 1+1 +1år. Anbodet skal ta omsyn til at bebruarane på Strandebarm Omsorg, frå bruksstart av Strandebarm Omsorg, kanskje ikkje er del av middagsleveringa, jfr pkt 3c. 2. avslutta prosjekt P37200</p> <p>Produksjonskjøken med ei ramma på 2 mill.kr. 3. oppretta eit nytt prosjekt med ei ramma på 1 mill.kr. eksl.mva., finansiert med disposisjonsfond 25600200, og hyra inn konsulent til å utgrei a. løysingar og økonomiske rammer for matproduksjon i eigen regi. b. interesse og ev. løysingar og økonomiske rammer for eit privat-offentleg samarbeid om lokal produksjon og/eller leveranse av kommunale måltid. c.</p> <p>Heradstyret ber rådmannen særskilt greia ut om moglegheitene for produksjon frå eige kjøken i Strandebarm Omsorg, som eit pilotprosjekt frå bruksstart av Strandebarm Omsorg. Inkludert i dette skal fylgjande greiast ut både for Strandebarm Omsorg og dei andre institusjonane i heradet (Toloheimen/Øysteseheimen), jfr pkt 3b: - er det mogleg at lokal catering-/matbedrift kan produsere mat heile eller deler av veka, og kok/kjøl dei to andre dagane, eventuelt matleveransar frå sentral leverandør desse dagane? - er det mogleg at lokal bedrift får disponera kjøkenet på den aktuelle institusjonen som sitt, også til sin kommersielle produksjon, mot at dei også står for middagane ved heimen? - er det mogleg å kombinera dette med ei ordning der skulen også får servert varm mat ein eller fleire dagar i veka? - er det mogleg å kombinera dette med ei ordning der bedrifta også lagar matpakkar til skuleborna? (jfr tilskot i Hurdalserklæringa) - er det mogleg å oppretta ei kafèløysing knytt til Strandebarm Omsorg, etter kvart dei andre institusjonane, drifta av privat verksemد?</p>	Ferdig	Kvam herad har hatt eit matvertprosjekt i 2024. Sluttrapporten frå dette prosjektet og heradstyrevedtak i november 2024 førte til at Kvam herad skal innføra matvertar på alle langtidsinstitusjonar og omsorgsbustader frå og med 2025.
HST- sak 055/20 Demenstilbodet i Kvam	Kvam heradsstyre ber rådmannen om å starta opp arbeidet med temaplan for demensomsorga i Kvam hausten 2020, med mål om å leggja fram sak til politisk handsaming våren 2021.	Forsinket	Plan er ferdig skreve og er lagt inn i framsikt. Høyringsrunde og endeleg slutføring av plan er ikkje prioritert i 2024

## Sosialteneste

### Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: [Sosial](#)

### Utvikling og utfordringer

#### Informasjonsarbeid

Nav Kvam har i 2024 oppdatert informasjon om dei ulike tenestene på heimesida til Kvam herad. Dette er i tråd med strategien vår om å være synlege og tilgjengelege. Dei som treng få kontakt med oss skal få det til på ein enkel måte.

#### Tryggleik

Fokusområde i Nav Kvam saman med Nav Vestland i 2024 har vore nærværars arbeid og tryggleik. Det er innført standard for sikre brukarmøter og gjort tilgjengeleg system for risikovurderingar. Navleiar har saman med region Voss/Hardanger gjennomgått leiaropplæring i nærværars arbeid.

#### Bustadsosialt arbeid

Trivselvaktmeistrane saman med bustadkoordinator er Nav Kvam sitt bustadsosiale team. Dei utviklar fagområdet og yt tverrfaglege tenester. Brukarmedverknad og individuell oppfølging er styrande for dette arbeidet. Resultata av dette arbeidet er tryggare bustadar for mange, betre bukvalitet og overgang frå å leige bustad til å eige eigen bustad. Det er i 2024 innvilga 18 startlån. Nytt i 2024 er at kommunen har fått digital søknad om kommunale bustadar og oppdatert informasjon på heimesidene om tenesta.

#### Busetting av flyktninger

Flyktningstenesta har busett 42 flyktningar i 2024. Alle er flyktningar med kollektiv beskyttelse frå Ukraina. I busettingsarbeidet er det nytta mest private husvære med depositumsgaranti frå kommunen, men og nokre kommunale bustadar er nytta. Lov om integrering stiller strenge krav til arbeidsretting av introduksjonsprogrammet til flyktningane. Intensiv norskopplæring i starten for så å knyte vidare opplæring nærmere næringslivet krev språk treningsplassar. Arbeidet med å skaffe desse har vore ressurskrevjande, utan at ein har lukkast å få på plass eigna plassar for alle tidsnok.

#### Sosialtenesta

Sosialtenesta har behandla om lag 1550 søknader om økonomisk sosialhjelp i 2024, og 237 personar har fått utbetalt sosialhjelp i 2024. Det høge talet busette flyktningar har stor innverknad på arbeidsmengda til sosialtenesta.

#### Ungdom

Ungdomsgarantien i Nav har lagt føringar for korleis Nav Kvam organiserar arbeidet sitt til denne gruppa. Dette handlar om både tal personar den enkelte rettleiar skal fylgje opp og det handlar om korleis ein skal arbeide og at ungdommar skal ha fast kontaktperson. Nav Kvam har ungdomsteam på 3 personar, tilsaman 2,4 stilling og stettar krava til ungdomsgarantien. Desse jobbar tett og syter for krav om aktivitet for å kome i arbeid. Måleindikatoren overang til arbeid syner gode resultat.

# Årsmelding 2024

## Kvalifiseringsprogram

I 2024 har Nav Kvam hatt auka bruk av kvalifiseringsprogram. Dette gjev brukar rett til tett arbeidsretta oppfølging og lønn i form av kvalifiseringsstønad. Dette har ført til formidling til ordinært arbeid for nokre av kandidatane.

## Råd og rettleiing

Økonomisk råd og rettleiing er ei av kjerneoppgåvene til Nav. Nav Kvam hadde i 2024 tilsyn frå Statsforvaltaren på tenesta økonomisk råd og rettleiing. Dette tilsynet syntet at me føl lovkrava til tenesta og det vart ikkje avdekka lovbro.

Gjeldsrådgjevar med vidareutdanning i faget og har i 2024 hatt 28 saker til handsaming. Nokre er lette saker med enkel rådgjeving, men mange er komplekse saker med førebuing til gjeldsordning. Heimesidene til Kvam herad er oppdatert og har god informasjon om denne tenesta.

Sjukefråvær 2024: 4,01 %

## Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024	rek/bud 2024	
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	11 400	12 046	11 578	12 487	440	3,5 %
Tilbud til personer med rusproblemer	401	265	392	383	118	30,8 %
Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	4 717	4 929	4 549	4 547	-382	-8,4 %
Introduksjonsordningen	8 601	6 492	10 704	10 429	3 937	37,8 %
Kvalifiseringsordningen	1 062	1 634	1 003	2 003	368	18,4 %
Økonomisk sosialhjelp	12 852	12 213	11 470	12 684	471	3,7 %
<b>Sum</b>	<b>39 033</b>	<b>37 580</b>	<b>39 697</b>	<b>42 533</b>	<b>4 953</b>	<b>11,6 %</b>

## Kommentar til status økonomi

Sosialteneste har eit underforbruk 4,9 mnok som i hovudsak skuldast mindre utbetalingar gjennom introduksjonsordninga enn det som var budsjettert.

## KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo 05	Kostragruppe
<b>Prioritet</b>				
Kvalifiseringsordningen brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	130	192	318	135
<b>Dekningsgrad</b>				
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	6,5 %	6,2 %	5,3 %	7,6 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	6,7	6,7	6,5	6,1

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Andelen sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar er redusert frå 2023. Kvam ligg under Kostragruppe 05, men over landet utanom Oslo. Kvam har same stønadslengd for mottakarar av sosialhjelp og ligg over Kostragruppe 05 og landet utanom Oslo.

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 010/24: Busetting av flyktnigar i Kvam i 2024	Kvam heradsstyre vedtek at Kvam herad skal busetja opptil 45 flyktnigar i 2024	Ferdig	Busetjinga i 2024 var om lag som vedtak på opptil 45, då me busette 42.

## Barnevern

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Barnevern](#)

### Utvikling og utfordringer

## UTVIKLING

I 2024 har tenesta hatt noko redusert bemanning, grunna permisjonar. I ein periode mangla tenesta 3 fulle saksbehandlarstillingar. Det var og eit leiarskifte i tenesta juni 2024, som gav reduserte føresetnader for å jobba med strategiane for å styrka dei beskyttande faktorane som tenesta prioriterte. Med redusert bemanning, der ein ikkje lukkast med å skaffe vikar, resulterte det i fleire oppgåver på dei som var i arbeid. Samstundes førte leiarskifte til uro, og usikkerheit innan tenesta ein periode. I 2024 opplevde ein fleire akuttpllasseringar enn vanleg, noko som kravde ekstra ressursar frå tenesta. Det var og uynskte hendingar knytt til sikkerheit til dei tilsette. Det vart derfor behov for å omprioritere mykje av fokuset til tenesta på arbeidsmiljø gjennom hausten. Det vart gjennomført vernerunde og utviklingssamtaler, samstundes som at ein gjorde nokre endringar intern i organisasjonen for å sikre ein betre flyt og tryggleik i arbeidsoppgåver for dei tilsette. Frå november 2024 var det tilsette i alle stillingane.

*Modulus-barn*, det nye fagprogrammet som barneverntenesta tok i bruk frå september 2023, kravde også i 2024 mykje kapasitet frå tenesta. Tenesta ser at det også vidare vil krevja mykje arbeid vidare med fagprogrammet, då ein ved bruk oppdagar nye problemstillingar. Kostra tala i perioden 2023\2024 inneheldt ein del feil, og dette vart orientert til Statsforvalter av brev datert 16.10.2024. Kommunen fekk avvik knytt til undersøkingsfrist, som ikkje var reelle avvik, men ein konsekvens av feil berekningsmodell. Desse feila har Bufdir i skriv datert 20.02.2024 varsla kommunen om på førehand, at kunne oppstå, og at ein skulle lese enkelte av Kostra tala med varsemd etter overgang til digital rapportering via barnevernregisteret. Kostra tala for 2024 er ikkje klare, og ein forventar at desse tala vil ha ein betre kvalitet enn forrige periode.

## Årsmelding 2024

Utvikling av hjelpetiltak har ikkje tenesta hatt kapasitet til. Men tenesta vil leggja til at det er høgt fokus på å finna eigna tiltak for det enkelte barn og familie. Barneverntenesta erfarer at ein har godt samarbeid med dei andre kommunale tenestene, og tenesta har fleire gode erfaringar på at dette samarbeidet har ført til bedre hjelp frå kommunen som heilheit enn kva barneverntenesta kunne fått til åleine.

Våren 2024 starta ein eit arbeid(arbeidsgruppe) i kommunen med å sjå på bruken av familierttleiar ressursane i Familisenteret. Oppvekstsjef leverte si tilråding til rådmannen i november 2024, men endeleg avgjersla vart utsett til januar 2025. 2,5 familierttleiarressursar skal overførast til barnevernstenesta innan mai. Dette arbeidet har vore ressurskrevjande for tenesta, men utfallet vil kunne styrke tenesta framover i arbeidet med å vidareutvikle tiltaksapparatet til barneverntenesta. Innsatsen vil bli retta mot dei mest sårbare barna i kommunen, og på sikt er målet å kunne redusere tal plasseringar ut av heimen.

Barneverntenesta har delteke i prosjektet "Vestlandsmodellen", som har gitt tenesta betre verktøy i undersøkingane knytt til familiær med omfattande og vedvarande konflikt. I tillegg har ein delteke i eit prosjekt knytt til fosterheimsarbeid som mellom anna handlar om samarbeid med Voss og Ullensvang om kurs til fosterforeldre. Dette prosjektet vart avslutta desember 2024, men implementeringsarbeidet i høve veilederen til saksbehandlarane gjenstår. Tenesta har erfart at prosjekt på tvers av kommunegrenser er gjevande, men også svært ressurskrevjande for ei lita tenesta. Frametter vil tenesta retta fokuset på utviklingsprosjekt internt i kommunen.

Brukarundersøking er ikkje gjennomført i 2024. Evaluering frå enkeltsakene gir tenesta eit bilet på kor fornøgd brukarane er, og det er eit sterkt ønske om å gjennomføra kvalitetsmessige brukarundersøkingar knytt til tenesta. Dette har det dverre ikkje vore kapasitet til.

Statforvaltaren og Helsetilsynet byrja eit planlagt landsomfattande eigentilsyn på alle barneverntenester i perioden 2024-2025. Dette var eit ønske fokusområde for tenesta, då ein deltok saman med dei andre kommunane i drøftingar kring dei ulike funna. Rapport vart levert etter utsett frist i 2025, utan funn av avvik i tenesta. Grunnen for behov for utsett frist var at tenesta samstundes fekk forvaltningsrevisjon av Deloitte. Deloitte har meldt frå om at arbeidet er satt på pause, og rapport er venta hausten 2025. Funn frå Deloitte vil dermed ikkje kunne sjåast i samanheng med funn frå eigentilsyn gjennom Statsforvaltaren, då dette arbeidet er pågående og ny rapporteringsfrist etter at forbedringsarbeidet er satt igang er 31.12.2025.

HST 072/24 1. tertialrapport 2024 - tillegg til punkt d) Kyrkjeleg fellesråd	Kyrkjeleg fellesråd: Rådmannen får fullmakt til å utbetala intill kr 500.000 for å sikra likviditet , og komma tilbake i 2. tertial med sak som svarer på søknaden frå rådet. Finansiering: Disposisjonsfond.	Ferdig	Heradet fekk ikkje spørsmål om likviditetstilskot frå kyrkja, og ekstra tilskot for å dekka underskotet for 2023 vart lagt inn i 2. tertial 2024.

## Samferdsel

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Samferdsel](#)

### Snøbrøyting og vintervedlikehald

Ein snørik start på 2024 førte til ein del ekstraarbeid og overtid utover normalt.

### Asfalt og autovern

Det vart asfalterrert ein del i løpet av 2024, men sidan rammeavtalen på asfaltering gjekk ut i 2024 vart det asfalterrert mindre enn me ynskte.

Likevel fekk ein asfalterrert vegar både i Ålvik, Øystese og Norheimsund dette året.

I 2024 vart det montert litt autovern og varamurer på mellom anna Byrkjelandsvegen, men sidan rammeavtalen på dette området òg gjekk ut i 2024 vart resterande arbeid sett på vent i påvente av ny rammeavtale.

### Vegljos

Kvam herad har tidlegare hatt driftsansvaret for dei fylkeskommunale vegljosa. I juni 2024 tok fylkeskommunen tilbake driftsansvaret for sine eigne vegljos, noko som mellom anna gjorde at Kvam herad ikkje like mykje refusjonsinntekter i 2024 som tidlegare år. I tillegg forsvann nokre synergieffektar som følgje av dette.

Kvam Energi ved Haringnett har fortsatt hatt jobben med å drifta dei kommunale vegljosa. Det vart skifta ut mange kommunale vegljos langs kommunale vegar i 2024.

### Privatiserte vegar

## Årsmelding 2024

Det har også i løpet av dette året vore diskusjonar knytt til private vegar som vart nedklassifiserte frå kommunal drift i 2022. Støtteordninga dei fyrste 5 åra etter overgangen ser ut til å bli brukt, det kom inn 5 søknader i løpet av året. Uteståande sikring i Vallandsvegen vart også utført.

### Utfordrande med ekstremvèr

Ekstremvèr med stadig meir farevarsel og kriseberedskap er til tider utfordrande, samtidig som ein skal halde normal drift. Særskilt merkast dette om det går over lengre tid.

Det er stor fokus på fokus og observasjonar på kritiske punkt i forkant av farevarsel.

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
	2023	2024				
Samferdselsbedrifter/transporttiltak	0	0	375	750	750	100,0 %
Kommunale veier	18 907	17 963	16 741	18 509	546	3,0 %
<b>Sum</b>	<b>18 907</b>	<b>17 963</b>	<b>17 116</b>	<b>19 259</b>	<b>1 296</b>	<b>6,7 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet Samferdsel hadde eit overskot på 1,3 mnok i 2024.

Det låg mellom anna ein ubrukt budsjettpost frå 2023 knytt til driftsprosjektet "Reguleringsplan betre trafikkavvikling Norheimsund sentrum" på 0,75 mnok i 2024. Denne budsjettposten vart heller ikkje nytta i 2024.

Elles er utgåtte rammeavtalar på asfaltering og rekerverk årsaken til at kommunale vegar ikkje fikk nytta alle budsjettmidlane sine i 2024.

### KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo	Kostragruppe 05
<b>Prioritet</b>				
Brutto driftsutgifter til samferdsel i kr per innbygger *)	2 736	2 390	2 339	3 245
Brutto investeringsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. veier og gater *)	1 525	1 733	1 571	1 664
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel km tilrettelagt for syklende i prosent av alle kommunale veier (prosent)	14,8 %	16,7 %	14,7 %	8,2 %
Andel kommunale veier og gater med belysning i prosent av alle kommunale veier (prosent)	88,9 %	86,1 %	61,9 %	43,3 %
Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger	12,71	12,68	8,02	19,68

\*) Inflasjonsjustert med deflator

Samferdsel hadde noko lågare driftsutgifter i 2024 enn året før, landet utanom Oslo og kostragruppa si, mens investeringsutgiftene var høgare.

## Årsmelding 2024

Kvam herad har fleire kilometer med kommunal veg pr 1000 innbyggjar enn landsgjennomsnittet utanom Oslo, men færre enn kostragruppa si. Av dei kommunale vegane har Kvam herad ein høgare prosentandel som er tilrettelagt veg for syklande enn landsgjennomsnittet og kostragruppa si. Kvam herad har òg ein større prosentandel med kommunale vegar som har ljós.

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*Asfaltering - årleg prosjekt	-	-	LØPANDE	5 000	5 273
0*Fornyning teknisk utstyr - årleg	-	-	LØPANDE	1 016	595
0*Gangveg Torebøen	10 875	9 417	2024	10 450	8 992
0*Kryss Tolo - Buspareklubben	7 500	461	2025	6 929	43
0*Lysetjing strandveg i Norheimsund	363	551	2024	150	338
0*Rassikringstiltak - årleg	-	-	LØPANDE	6 391	0
0*Snuhammar Fartøyvernsenteret	1 125	1 128	2025	1 125	1 128
0*Tilrettelegging av elbillading for kommunale køyretøy	1 250	766	2024	677	193
0*Utbetring kommunale bruer - årleg	-	-	LØPANDE	774	0
0*Uteområde Sandven drenering /asfaltering	625	327	2024	298	0
0*Utomhusområde rundt Kvam rådhus/KFL-bygget	12 500	46	2025	2 500	46
0*Utskifting av køyretøy	1 500	836	2024	1 500	836
0*Veg Sandvenhagen/Sæland	9 477	9 586	2029	462	282
0/1*Trafikksikringsplan - årleg	2 250	1 767	2099	498	108
0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg	3 438	2 085	2099	249	0
Sum andre prosjekt	0	1 003		389	19
<b>Sum</b>	<b>50 903</b>	<b>27 972</b>		<b>38 408</b>	<b>17 854</b>

## Status politiske vedtak

### Budsjettpunkt

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Budsjettpunkt 2020 – 15. Bestillingsskyss, tilsvarende modell som i nabokommunar	Kvam herad ser på muligheten for å innføre ordning med bestillingsskyss, tilsvarende modell som i nabokommunar som har ei slik ordning.	Forsinket	Kvam herad har hatt dialog i 2024 med Skyss om mogleg løysingar. Løysingar i nabokommunar har hatt krav til relativt stort kommunalt bidrag.
HST 149/23 Bud24 Verbalpunkt 2: Prioritering av prosjekt	For å nytte rolige tider i anleggsbransjen og sikre aktivitet og arbeid ynskjer fleirtalskonstellasjonen å forsikre seg om at dei politisk vedtekne prosjekta: Nytt fortau Torebøen, utomhusplan rundt KLF og rådhus og nytt kryss og tilførselsveg opp til Toloheimen blir gjennomførte/starta i 2024 slik det er lagt opp til i rådmannen sitt framlegg til budsjett. Dette er politisk vedtekne prosjekt som ikkje skal utsætjast fleire gonger. Prosjekta er finansierte i rådmannen sitt framlegg for 2024. Om nødvendig skal det leigast inn innkjøps-/prosjekt-/byggjeleiring for å få gjennomført prosjekta no.	Forsinket	Nytt fortau Torebøen er utført og ferdigstilt. Utomhusplan rundt KLF og rådhus er lyst ut, men konkurransen vart avlyst pga klager. Nytt kryss og tilførselsveg opp til Toloheimen vart del av ny konkurranse i lag med utanomhusplan rundt KFL og rådhus, for å nyttiggjera steinmassar betre.

### HST- og FSK-vedtak

## Årsmelding 2024

<b>Oppdrag</b>	<b>Beskriving</b>	<b>Status</b>	<b>Beskriving av status</b>
HST 042/22 Tertiaрапорт 2022, 1. tertiaл - HST tillegg h) Kostnadsoverslag for ferdigstilling av gangveg «Pensjonisten – Torget» i Ålvik.	<b>HST 042/22 Tertiaрапорт 2022, 1. tertiaл - Ferdigstilling av gangveg «Pensjonisten – Torget» i Ålvik.</b> Kvam heradstyre ynskjer ferdigstilla gangvegen mellom «Pensjonisten» og Torget i Ålvik. Ein bed administrasjonen koma tilbake til heradsstyret med kostnadsoverslag i løpet av 2022, med siktet på å innarbeida det i investeringsbudsjettet for 2023.	Ferdig	Sjølve kostnadsestimatet for vegen er ferdig.  ABO har utført kostnadsbereking av ny GS for heile vegen frå torget til Pensjonisten (10,6 mill) og i tillegg for oppgradering rundt torget (1,3 mill). Dette er i 2023 kroner.  Det er estimert ein kostnad på 2,8 mill for bygging av veg frå FV til Pensjonisten. VA biten er i tillegg estimert til opp til 2 mill. Det er lagt til rette for søknad om trafikksikringsmidlar til VLFK pr desember 2024
HST 042/22 Tertiaрапорт 2022, 1. tertiaл - HST tillegg j) Etablira gatelys som er prioritert i trafikksikringsplanen. Starta med strekkja frå gravplassen i Tørvikbygd til Heradstveitvegen.	ST 042/22 Tertiaрапорт 2022, 1. tertiaл - HST tillegg j) Gatelys Rådmanne får i oppdrag å få framdrift i etablering av gatelys som er prioritert i trafikksikringsplanen. rådmannen får i oppdrag å strata med strekkja frå gravplassen i Tørvikbygd til Heradstveitvegen. Heradstyret kjem tilbake til ein heiheitleg plan i budsjettet for 2023 kostnadsramme kr 400,000 finansiert: Lån	Forsinket	Lysa vart etablert som eit prøveprosjekt for å sjå om solceller fungerer Det er etablert solcelledrevne gatelys langs vegstrekket. I ettertid har det vore nokre utfordringar knytt til desse, og ny type lyskjelder vart montert før vinteren, utan særleg betring.
HST 072/23 Tertiaл 1-2023 tillegg D: Vegen i Tangeråslia		Forsinket	Vedtaket er registrert og vil bli utført. Det er sendt forespørsel til planavdelinga som må ta dette vidare for at opprettinga vert registrert i vegkartet.
HST 096/24 Tunell bak Norheimsund sentrum - vurdering av prosess og type plan (del 2)	2. Administrasjonen får i oppdrag å snarast iht. plan mogleg få på plass det allereie politisk vedtekne avbøtande trafikksikringstiltaket med opphøgd gangfelt i området rundt nedkøyringa til fartøyvernsenteret.	Iht. plan	Det har vore noko kontakt med VLFK knytt til nytt opphøgd gangveg ved Fartøyvernsenteret. Denne tilbakemeldinga kom 5.12.2024 i årleg TS-møte:  1. Kvam herad ynskjer opphøgd gangfelt over fv. 49 ved fartøyvernsenteret. I området er det tilbod for mijuke trafikantar på begge sider av fylkesvegen. Det kjem an på tal kryssande i makstimen på staden om ein anbefaler å etablere gangfelt (meir enn 20 personar). Per no vert ikkje denne staden prioritert hjå Vestland fylkeskommune, men om det kjem gode grunnar frå Kvam at vi skal sjå nærmare på staden, tek vi ei ny vurdering.
			Når det gjeld tunell bak sentrum er planavdelinga i gang med arbeidet for å etablere reguleringsplan

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 097/24 Vidare prosess for reguleringsplan for ny vegløsing i Grovagjelet	Kbam heradsstyre avsluttar planarbeidet som vart starta opp i samband med HST-verdak 075/23. Rådmannen får fullmakt til å nytta deler av tildelte prosjektmidlar til å gjennomføra ei mindre reguleringsendring av reguleringsplanen for Kbam VGS til regulering av ei løysing med rundkøyring i utomhusplanen.	Iht. plan	Geoplan har fått i oppdrag å gjennomføre ei mindre endring av reguleringsplanen for Kbam VGS. Planen er i prosess.

## Bustad

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Bustad](#)

#### Bustadforvaltning

Kbam herad har i overkant av 200 bustadar i bustadforvaltninga si.

Ved utgangen av 2024 var bustadforvaltninga fordelt slik:

- 14 einebustadar + 4 hybler
- 13 fleirmannsbustadar
- 40 trygdebustadar
- 139 omsorgsbustadar

I tillegg disponerer Kbam herad fleire bueiningar i privateigde bustadar som vert nytta ved tildeling av trygde- og omsorgsbustad. Dette gjeld mellom anna bueiningane Kbam herad disponerer i Kbam bustadstifting.

Eit nytt bustadbygg vart kjøpt av Kbam herad i 2024 som skulle nyttast til bustadutleige. Det blei utført ein del oppgradering i bygget før huset kunne leigast ut.

Elles vart det i 2024 oppgradert eit bad i ein av dei eksisterande utlegebustadane, samt utskiftning av eit kjøken i ein av trygdebustadane.

#### Brannsikring

Innan bustad er hovudfokus ein verdig og brannsikra trygg bustad.

Kommunen har mange bustadar som vart bygd for eldre brukarar i perioden 1986 og 1987. Desse treng noko betre brannsikring mellom bueiningar for å tilfredsstilla dagens krav og ny tyngre brukargruppe i bustadane. Det er mellom anna installert brannalarmanlegg i alle bustadbygg med meir enn 2 bueiningar dei siste åra. Vidare har det vore gjennomført oppgraderinger i ein del bustadar som har bytt brukar. Her har kommunen hatt prosjekt knytt til brannsikring av bustadar.

Kommunen har vore aktiv søkjar på stønadsmidlar til ENØK-tiltak, og har nytta stønadsordningar frå ENOVA og Husbanken. Slike stønadar krev òg at kommunen bidreg med minst like store del.

### Status økonomi per teneste

# Årsmelding 2024

*Beløp i 1000*

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
Kommunalt disponerte boliger	-5	3 335	-2 431	1 321	-2 014	-152,5 %
Bistand til etablering og opprettholdelse av egen bolig	2 640	2 571	1 601	1 948	-622	-31,9 %
Boligbygging og fysiske bomiljøtiltak	224	441	392	400	-41	-10,2 %
<b>Sum</b>	<b>2 859</b>	<b>6 346</b>	<b>-438</b>	<b>3 669</b>	<b>-2 677</b>	<b>-73,0 %</b>

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområde "Bustad" hadde eit meirforbruk på 2,67 mnok i 2024.

Dette heng saman med større oppgraderingar i nyinnkjøpte hus, samt eksisterande utleigebustadar. Dette utgjorde tilsaman kring 1 mnok i budsjettoverskriing.

Det vart òg utbetalt 0,64 mnok i underskotsgaranti i bygg som Kvam herad har disponert bustadar i.

Kommunen har òg hatt krav på 0,64 mnok knytt til Husbanklån som ikkje har blitt tilbakebetalt av lånetakar, og som dermed er blitt registrert som tap.

## KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet uten Oslo	Kostragruppe 05
<b>Prioritet</b>				
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	2 830	3 253	2 286	2 686
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (antall)	27	30	21	32
<b>Produktivitet</b>				
Antall boliger godkjent av kommunen for finansiering med startlån, per 1000 innbyggere (antall)	2,4	1,1	1,5	1,7
<b>Kvalitet</b>				
Beløp per innbygger i startlån videretildelt av kommunen *)	4 347	2 175	3 085	2 551
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>				
Antall uteleide boliger per 31.12	208	220	94 813	3 546

\*) Inflasjonsjustert med deflator

Kommunale bustadar hadde eit høgt forbruk i 2024 samanlikna med året før. Dette gjenspeglar det som er nemnt under avsnittet "Økonomistatus". Det er stor variasjon i dei innraporte driftsutgiftene til Kostragruppe05, og Kvam herad ligg litt over gjennomsnittet til kostragruppera si, samt landet utanom Oslo.

Kvam herad disponerer og leiger ut fleire bustadar i 2024 enn året før. Kvam herad ligg noko høgare på utleige pr 1000 innbyggjarar enn landsgjennomsnittet utan Oslo, men litt under kostragruppera si.

Beløp per innbyggjar i startlån som er vidaretildelt av kommunen er lågare i 2024 enn i 2023, og skuldast færre tildelinger. Kvam herad ligg under landsgjennomsnittet og kontragruppa si.

## Årsmelding 2024

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*Brannsikring trygdebustad Hatlevegen	500	513	2024	414	427
0*ENØK - Oppgradering eksisterande ventilasjon Mikkjelsflaten	1 850	1 268	2026	0	568
0*ENØK tiltak kommunale bygg -Gartveit	227	189	2025	227	189
0*ENØK tiltak kommunale bygg -Hatlevegen	652	325	2099	652	325
0*Felles brannsikringstiltak	13 750	13 842	2026	6 805	6 897
0*Heradet kjøper seg inn i byggeprosjekt	50 000	0	2028	5 000	0
0*Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	2 250	1 748	2025	877	389
0*Oppgradering bygg -årleg prosjekt	-	-	LØPANDE	2 082	1 863
0*Prosjektering - Bufellesskap for personar med psy	625	110	2024	549	34
0*Varmepumper Øysteseheimen	3 750	1 308	2025	1 625	1 308
Bustader 2024	25	0	2024	7 396	0
Husbanklån	-	-	LØPANDE	50 000	0
<b>Sum</b>	<b>73 629</b>	<b>19 305</b>		<b>75 627</b>	<b>12 001</b>

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 072/23 Tertia 1-2023 tillegg C: Heradet kjøper seg inn i byggeprosjekt		Forsinket	Viser til orientering i møtebolk 3/24 og nye eigedomstrategi. Det har førebels ikkje vore prosjekt som har kome langt nok til at det har vore aktuelt å kjøpa seg inn i dei. I samband med budsjetthandsaminga for 2025 og økonomiplanen for 2025-2028, vart prosjektmidlane redusert med 35 mnok til 15 mnok.

## Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft

### Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde: [Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft](#)

### Utvikling og utfordringer

#### Landbruk

Det kom nye nasjonale retningslinjer for utdeling av SMIL midlar i 2024. Kommunen gjennomførde samtidig ein revisjon av tilskot til tiltak i beiteområde. Både retningslinjer for SMIL midlar og tilskot til beiteområde har vore på høyring i 2024. Sakshandsaminga til kommunen er no justert til dei nye retningslinene.

## Årsmelding 2024

I 2024 tok administrasjonen over hjorteviltforvaltninga som før har vore gjort av innleidd ressurs frå Ullensvang kommune. Det har kravd noko ekstra ressursar å sette seg inn i regelverket og få på plass rutinar for hjorteviltforvaltninga.

I 2024 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av system for utdeling av produksjonstilskot. Tilbakemeldinga frå revisjonen var at kommunen sine vurderingar måtte koma tydelegare fram. Kommunen har gjort dei naudsynte justeringane slik at kommunen sine vurderingar vert tydelegare for bøndene.

### Næringsutvikling

Det har vore jobba med temaplan for næring og kompetanse i 2024 og arbeidet vil fortsette i 2025.

Kvam herad har støtta prosjektet rekruttering i Hardanger og Voss som er eit prosjekt som går over to år. Hovudmålet til prosjektet er å sjå på korleis me kan legge til rette for at arbeidstakrar klarar å rekruttere tilsette med tilstrekkeleg kompetanse innan rimeleg tid i rekrutteringsprosesser samt å legge til rette for at tilflyttarar vert verande i regionen i minimum 5 år.

Kommunen har og gitt støtte til ei ny stifting som skal bidra til utvikling av næringslivet i herada Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Voss. Stiftinga sitt føremål er å bidra til nyskaping og vekst i Hardanger og Voss, gjennom investeringar i såkornfond og andre investeringsinitiativ i regionen. Stiftinga skal bidra med kapital, kompetanse og nettverk.

### Reiseliv

Gullsmed Bjørgum AS har og i 2024 drive turistinformasjonen ved Steinsdalsfossen. Dette har fungert svært godt.

Visit Hardangerfjord har jobba med marknadsføring av regionen i 2023 og 2024. Resultat ligg på heimesida til Visit Hardangerfjord. Det har vore jobba med eksisterande materiell til bruk i kampanjer, utvikling av kreative konsept, visningstur for å bygga skuldersesong og turkart for Kvam turistinformasjon.

### Konsesjons og heimfallskraft

Kommunen sine kraftinntekter er omtala i eige hovudkapittel i denne årsmeldinga.

### Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opp. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
	29	-42	17	-9	33	366,8 %
Kommunal næringsvirksomhet						

## Årsmelding 2024

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik rek/bud 2024	Avvik i %
Konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg	-54 289	-38 171	-28 018	-42 927	-4 756	-11,1 %
Tilrettelegging og bistand for næringslivet	5 189	8 317	3 159	7 588	-728	-9,6 %
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	138	445	698	713	268	37,6 %
<b>Sum</b>	<b>-48 934</b>	<b>-29 452</b>	<b>-24 143</b>	<b>-34 635</b>	<b>-5 183</b>	<b>-15,0 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft har eit totalt meirforbruk på 5,2 mnok i 2024.

Kommunen har fått 4,7 mnok mindre i netto inntekter på kraft enn budsjettet. Overskotsskatten har ein reduksjon på 0,16 mnok og grunnrenteskatten har ein reduksjon på 1,1 mnok samanlikna med budsjett. Inntekter på sal av heimfallskraft er 6,9 mnok lågare enn budsjettet. Sal av konsesjonskraft er 0,4 mnok høgare enn busjett.

Tilrettelegging og bistand for næringslivet har eit meirforbruk på 0,7 mnok som skuldast tidsforskyving av ein del midlar, som td Markedsføring av Kvam som reisemål og at kostnaden med Turistinformasjon er 0,24 mnok høgare enn budsjett.

Landbruk har eit mindreforbruk på 0,27 mnok på drift av landbruksavdelinga pga permisjonar i 2024

### KOSTRA Nøkkeltal

	Kvam 2023	Kvam 2024	Landet Kostragruppe uten Oslo 05
<b>Prioritet</b>			
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,1 %	0,1 %	0,2 %
Netto driftsutgifter per innbygger (321) kons.kraft kraftrettigh. & annen kraft for videresalg (B) * ) **)	-6 661	-4 447	-517
Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) * ) **)	551	1 499	137
			221

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Landbruk utgjer ein liten del av kommunen sine kostnader, nivået er omlag likt som landet utanom Oslo, men lågare enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 5 ( K05). Landbruk består av landbrukskontoret og veterinærkvert som er dekka av statlege midlar.

Kvam har høgare inntekter på heimfall og konsesjonskraft enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 5 ( K05). Inntektsnivået ligg langt over landet utenom Oslo. Nivået i Kvam herad er omlag 34% lågare i 2024 enn i 2023.

## Årsmelding 2024

Kvam har svært mykje høgare netto driftsutgifter på bistand og tilrettelegging for næringslivet enn samanliknbare kostrakommunar og landet utenom Oslo. Sjå tekst til tenesteområdet om støtte til investeringsstiftinga i 2024.

Auken i Kvam frå 2023 til 2024 er på over 270%.

### Status politiske vedtak

#### Budsjettvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 149/23 Bud24 Tillegg 11: Auke tilskot til Kvam Næringsråd til Kvam næringsråd	Det vert løyvd 60.000 ekstra i årleg tilskot til Kvam Næringsråd.Finansiering: Disposisjonsfond	Ferdig	Sum er lagt inn i årleg tilskot til Kvam Næringsråd.

#### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 004/24: Endring av søknadsfrist for Kraftfondet	Kvam heradsstyre vedtek å endra setninga om søknadsfristar i retningslinjene til Kraftfondet i § 5 vert endra til: Søknadsfristane for bedrifter og tiltak som ynskjer støtte frå fondet er 1. april og 1. oktober	Ferdig	Endra i retningslinjer og på nettsider.
HST 013/24: Tilleggsopplysningar frå styret til søknad om midlar til flytting - Hardanger AKS	Kvam heradsstyre løyver inntil kr 4.482.000, tilsvarande 49,8% av søknaden til Hardanger AKS AS til auke i eigenkapital på følgjande vilkår: Dei andre eigarane (Vestland fylkeskommune og Samnanger kommune) gjer tilsvarende vedtak. Tildelinga kan gjerast utan å vera i strid med statsstøttereglaneLøyvinga skal fortrinnsvis skje som kapitalinnskot, finansiert med kapitalfond. Om dei andre eigarane vil gje tildelinga som eit tilskot, får rådmannen fullmakt til å endra tildelinga frå kapitalinnskot til tilskot. I så fall må tilskotet finansierast over drift.	Ferdig	Dei andre eigarane har gjort tilsvarende vedtak, og tilskotet er utbetalt.
HST 026/24 Søknad om støtte til prosjektet Rekruttering i Hardanger og Voss	Kvam heradsstyre løyver inntil kr 100.000 til prosjektet "Rekruttering i Hardanger og Voss". Utbetaling av full løyving forutset løyvingar i tråd med finansieringsplan i søknad, og dokumentasjon. Finansiering frå Kraftfondet. Kvam heradsstyre oppmodar om at styringsgruppe vert oppretta, med representasjon frå kommunane.	Iht. plan	Halve tilskotet er betalt ut i 2024 og halve vert utbetalt i 2025.

## Årsmelding 2024

<b>Oppdrag</b>	<b>Beskriving</b>	<b>Status</b>	<b>Beskriving av status</b>
HST 034/24 Investeringsstiftinga Hardanger og Voss	Kvam heradsstyre vedtek å gi ei gâve på 5.4 millionar til Investeringsstiftinga Hardanger og VossGåva vert gjeve under føresetnad av at alle kommunane som er førespurde gir tilsvarande det dei er bedne om. Vidare at investeringsstiftinga vert formelt etablert i løpet av 2024. Gåva vert finansiert frå Kraftfondet.	Ferdig	Gåva er utbetalt og stiftinga etablert
HST 042/22 Tertiアルrapport 2022T1 tillegg g) og HST 043/22 Utkast til økonomiplan 2023-2026 - tillegg 1) Gratis kontorplassar for fjernarbeid. Leige av to kontor i kontorhotell (kontorfellesskap)	HST 042/22 Tertiアルrapport 2022, 1. tertial - HST tillegg g) Gratis kontorplassar for fjernarbeid Kvam heradsstyre bed rådmannen leiga to kontorarbeidsplassar i eitt av kontorhotella i Kvam Føremål: Å tilby kontorsplassar gratis til utflytte kvemmingar eller andre som kan tenkja seg å arbeida i eit fellesskap medan dei er i Kvam. Samlokalisering på tvers av profesjonar kan gje synergieffektar, og mogleg vinst for lokal næringsutvikling. I periodar der det er ledig kapasitet kan heradet sine tilsette nyttar kontora. Det vert sett av inntil 50.000, til dette for resten av 2022 Finansiering: Disposisjonsfond  HST 043/22 Utkast til økonomiplan 2023-2026 - tillegg 1) Leige av to kontor i kontorhotell (kontorfellesskap) Kvam heradsstyre bed rådmannen leiga to kontorarbeidsplassar i eitt av kontorhotella i Kvam. Føremål: Å tilby kontorsplassar gratis til utflytte kvemmingar eller andre som kan tenkja seg å arbeida i eit fellesskap medan dei er i Kvam. Samlokalisering på tvers av profesjonar kan gje synergieffektar, og mogleg vinst for lokal næringsutvikling. I periodar der det er ledig kapasitet kan heradet sine tilsette nyttar kontora. Det vert innarbeidd inntil kr 100.000,- til dette føremålet i budsjettet for i 2023 Finansiering: Disposisjonsfond	Ferdig	Pendlarkontoret har fungert etter planen heile året, men oppseiling/avslutting er sendt i løpet av desember for komande år
HST 072/24 1. tertiアルrapport 2024 - tilleggspunkt 1 Kraftfondet	"Ved neste utdelingsrunde av midlar frå Kraftfondet, skal Kvam herad skal prioritere søknadar frå verksemder som ynskjer å starta føretak som driftar daglegvarebutikkar i utkantane av kommunen. Føretak som har til hensikt å drive daglegvarebutikk i bygder som står i fare for å stå utan slikt tilbod, dersom det ikkje kjem inn nye driftarar, skal ha fortrinn. Inntil 500 000 kr frå Kraftfondet skal disponerast til dette føremålet ved neste utdelingsrunde".	Iht. plan	Det skal ikkje delast ut midlar frå kraftfondet i 2025, evt. søknad må handsamast ved utdeling i 2026, alternativt som eigen sak i 2024.
HST 087/24 Ny støtte til fjernarbeidsprosjekt i regi av Hardangerrådet	Kvam heradsstyre løyer kr 170.000 til del 2 av prosjekt om fjernarbeid i regi av Hardangerrådet, finansiert med disposisjonsfond. Løyning forutset at dei	Iht. plan	Del 2 har starta i regi av Hardangerrådet.

## Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	andre kommunane i Hardangerrådet bidreg med sin andel inn i prosjektet, i tillegg til støtte frå Sparebankstiftinga Hardanger. Kvam heradsstyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.		
HST 095/23 Støtte til fjernarbeidsprosjekt i regi av Hardangerrådet		Ferdig	Del 1 er avslutta og ny del 2 har starta opp.
HST- sak 079/20: Kraftfondet - søknad frå Hardanger og Voss museum om tilskot til Smietunet, utviding av smie og mekanisk verkstad	Kvam heradsstyre avslår ny søker om ytterlegare 3 mill.kr. i tilskot til Hardanger og Voss museum til «Tett-på-prosjektet». I staden vert vilkåra i tidlegare tildeling endra til følgjande: Kravet til fullfinansiering vert fjerna slik at Hardanger og Voss museum kan nyitta tidlegare tildelt tilskot på 3 mill.kr. til finansiering av delprosjekta i «Tett på»-prosjektet. 0,3 mill.kr. skal nyttast som Kvam herad sin eigenandel i delprosjektet og nærmiljøtiltaket «Maritim park» som det vert søkt om andre tilskotsmidlar til. Resterande kan nyttast til Smietunet og ev. restsum til andre av dei 7 ulike delprosjekta i «Tett på».	Ferdig	Tilskot utbetalt i tråd med vedtak.

## Brann- og ulykkesvern

### Beskriving av tenesteområde

Lenke til omtale av tenesteområde: [Brann- og ulykkesvern - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://Brann- og ulykkesvern - Nettsider for Kvam herad (www.kvam.no))

### Utvikling og utfordringa

Samla har 2024 har vore eit år med høg aktivitet, viktige investeringar og eit sterkt fokus på å forbetra både sikkerheit og arbeidsmiljø. I 2024 rykka Kvam brann og redningsvesen ut på 134 oppdrag mot 99 i 2023, ei auke på 35,4%. Dette er ei betydeleg auke i oppdragsmengd mot tidlegare år. Av desse var det 27 brannar mot 24 brannar i 2023. Ingen personar omkom som fylgje av brann i 2024, noko som kan vitna om godt førebyggande arbeid og rask innsats.

### Oppdragstypar i 2024

Blant oppdragstypar i 2024 var trafikkulykker (15 oppdrag, 11.2 %), akutt forureining (8 oppdrag, 6 %), brann i bygning (6 oppdrag, 4.5 %), naturhendingar (6 oppdrag, 4.5 %), og brann i personbil (5 oppdrag, 3.7 %). Samanlikna med nasjonale tal ser me at Kvam brann- og redningsvesen har ein høgare del oppdrag knytt til trafikkulykker og akutt forureining, noko som reflekterer dei lokale risikoforholda.

### Oljevern

Kvam brann- og redningsvesen hadde i 2024 fleire hendingar med akutt ureining som var omfattande, kostbare og tidkrevjande som då M/S Rover sokk ved kai.

### Klimatilpassing og førebygging

Ekstremvêr og flaumfare har gjort at me har intensivert samarbeidet med andre etatar og fokusert på å styrka både den førebyggande og operative delen av tenesta.

### **Ny stasjon i Norheimsund**

Brannstasjonen i Norheimsund har no hatt sitt andre driftsår og har fortsett å fungera som ein trygg og effektiv base for personell og utstyr. Erfaringane frå 2023 er vidareført, og det er gjennomført ytterlegare tilpassingar for å sikra optimal drift og trivsel blant dei tilsette.

### **Overgang til 4-delt vaktordning**

I 2024 gjekk Kvam brann- og redningsvesen frå ei 5-delt til ei 4-delt vaktordning. Ei forsterking av vaktlaga med ein person, som ein konsekvens av analysekrav, gjorde denne omlegginga naudsynt. Auka vaktbelastning som fylgje av mellom anna mange sjukemeldingar og permisjonar gjorde 2024 til eit svært krevjande år, også økonomisk.

### **Feie- og tilsynstenesta**

Etter overtakinga av feie- og tilsynstenesta frå Vestnorske Feiertjenester AS i 2023, har Kvam brann- og redningsvesen i 2024 fokusert på å konsolidere drifta i kommunal regi. Kvam brann- og redningsvesen har 2 årsverk dedikert til feiing og tilsyn. Det er gjennomført omfattande opplæring, og tenesta er no på veg til å bli fullt ut integrert med våre andre førebyggjande tiltak.

I 2024 er har det vorte gjennomført eit omfattande kartleggingsarbeid som skal sikra at me kan levera tilsyn etter behov, basert på ei risikovurdering. Basert på dette vert tid for neste tilsyn sett. Det vert utført feiing etter behov. Behovet vert vurdert etter sotmengde, og intervallet vert sett uavhengig av tilsynsintervall. Arbeidet vert utført med høg fagleg kvalitet med fokus på HMS .

### **Førebyggjande arbeid og samarbeid**

Kvam brann- og redningsvesen har 1,8 årsverk på førebyggande arbeid. Brannvesenet har eit godt samarbeid med helse- og omsorgseininga, NAV, trivselsvaktmeistrane, helsestasjonen og flyktningtenesta. Gjennom systematisk opplæring og etablering av sjekklisten og rutinar vert branngryggleiken styrka, spesielt for sårbare grupper.

Samordna tilsyn med lokalt EL-tilsyn og byggesaksavdelinga har bidrige til auka branngryggleik i heile heradet.

### **Mengd bekymringsmeldingar, tilsyn og søknader**

I 2024 tok førebyggjande avdeling mot 7 bekymringsmeldingar, utførte 14 vurderingar av overnattingar og behandla 10 meldingar om arrangement. Det vart og innvilga 5 søknader om fyrverkeriutsal, og brannvesenet gjennomførte tilsyn med alle utsala.

### **Nytt og oppdatert utstyr**

Gjennom 2024 har me motteke og teke i bruk ny framskoten eining til Norheimsund stasjon og ny innsatsleiarbil. Det nye utstyret har allereie vist seg nyttig i fleire redningsoperasjonar, og arbeidet med systematisk vedlikehald og internkontroll har vore ei prioritert oppgåve. Den nye brannbåten har ein også venta på, men leveringsfrist har vorte utsett og båt var ikkje levert som avtala.

### **Kompetanseprosjekt og -tiltak i 2024**

Kvam brann- og redningsvesen har i 2024 gjennomført omfattande kompetanseheving og øvingar for å sikra høg fagleg standard, tryggleik i tenesta og lukke avvik på lovpålagt opplæring. Det vart bl.a. gjennomført røykdykkarkurs, uthyrkingsleiarkurs og skogbrannkurs og akutthjelparkompetanse. I tillegg vart det gjennomførte også spesialiserte øvingar som PLIVO, tunneløving i Hansagjelet saman med Vestland fylkeskommune og CBRNE-øving i samarbeid med lokal legevakt.

### **Oppdragshandteringssystem for 110-sentralen**

Det nye oppdragshandteringsverktøyet (LEO) gjekk i drift i desember 2024 og fungerer som forventa.

## Årsmelding 2024

Trass i at det framleis er nokre utfordringar med systemet, har det ikkje ført til operasjonelle utfordringar. Systemet og drifta av 110-sentralen har derimot ført til auka kostnader som me har liten eller ingen innverknad på.

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024	rek/bud 2024	
Forebygging av branner og andre ulykker	960	-694	-475	-325	369	113,5 %
Beredskap mot branner og andre ulykker	14 664	18 954	15 280	16 809	-2 145	-12,8 %
<b>Sum</b>	<b>15 624</b>	<b>18 260</b>	<b>14 805</b>	<b>16 484</b>	<b>-1 776</b>	<b>-10,8 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet Brann- og ulykkesvern er delt i ein sjølvkostdel (feietenesta) og ein ordinær driftsdel (branntilsyn og brannberedskap).

Området “Beredskap mot branner og andre ulykker” hadde eit meirforbruk på 2,2 mnok i 2024. Noko av dette heng saman med kompetanseprosjektet som hadde eit meirforbruk på 0,7 mnok. I tillegg har omlegging av vaktordning, i kombinasjon med mannskapsmangel, ført til høge lønnskostnader i 2024.

Feietenesta er eitt av fleire sjølvkostområde i kommunen. Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnadene med å levere tenestene skal dekkast av gebyra som brukarane betalar. Kommunen skal ikkje profittera på tenestene. For at gebyra ikkje skal variere for mykje frå år til år kan det også budsjetterast med overskot/underskot eit år for å jamne ut gebyr i komande år.

På feiring budsjettet ein opphavleg med eit overskot på 0,38 mno for å kunne betale tilbake på underskotsfondet til feiring, men ein endte kun med eit overskot på 0,027 mnok. Underskotsfondet til feiring er no på 1,51 mnok.

FEIING	Rekneskap 2024	Opphavleg budsjett	Revidert budsjett	Avvik rekneskap/rev. budsjett	Avvik rev. budsjett/opphavleg budsjett
Gebyrinntekter	-2 909 491	-2 905 403	-2 905 403	-4 088	0
Øvrige driftsinntekter	-33 407			-33 407	0
<b>Driftsinntekter</b>	<b>-2 942 898</b>	<b>-2 905 403</b>	<b>-2 905 403</b>	<b>-37 495</b>	<b>0</b>
Driftsutgifter, inkl. indirekte driftskostnadar	2 449 615	2 335 056	2 921 129	-471 514	586 073

## Årsmelding 2024

Avskrivningskostnad				0	0
Kalkulatorisk rente (4,30 %)	462 307	326 840	326 840	135 467	0
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	3 572	4 998	4 998	-1 426	0
<b>Driftskostnader</b>	<b>2 915 494</b>	<b>2 666 894</b>	<b>3 252 967</b>	<b>-337 473</b>	<b>586 073</b>
<b>Resultat</b>	<b>-27 404</b>	<b>-238 509</b>	<b>347 564</b>	<b>-374 968</b>	<b>586 073</b>

Som nemnt ovanfor så budsjetterer ein av og til med over- eller underskot for å kunne betale inn eller bruke av sjølvkostfonda, men det er fleire faktorar som gjer at ein ikkje alltid treff så godt som ein ynskjer med gebyrsatsane.

Ei av årsakene er at gebyrsatsane vert fastsett hausten, året før. På det tidspunktet veit ein ikkje nøyaktig korleis resultatet av inneverande år kjem til å ende. Uføresette resultatavvik vil dermed gje utslag som avvik året etter, ettersom dette er meir-/mindreforbruk av sjølvkostfonda som gebyra ikkje har tatt høgde for.

I tillegg kan det vere nødvendig å gjere budsjettendringar i løpet av året (1. og 2. tertial), og sidan gebyra ikkje vert endra av den grunn, er dette òg noko som fører til at det blir brukt meir eller mindre av sjølvkostfonda enn det ein opphavleg hadde tenkt når ein fastsette gebyrsatsane.

<b>SJØLVKOSTFOND</b>	<b>Pr 01.01.2024</b>	<b>Endring</b>	<b>Pr 31.12.2024</b>
Underskot Feiing	1 537 932	-27 404	1 510 528

### KOSTRA Nøkkeltal

	<b>Kvam 2023</b>	<b>Kvam 2024</b>	<b>Landet</b>	<b>Kostragruppe 05</b>
<b>Prioritet</b>				
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,35	0,23	0,34	0,38
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	11,7	15,7	18,1	17,8
Beredskap mot branner og andre ulykker brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *	2 001	2 451	1 294	1 993
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel piper feiet	32,8 %	5,9 %	20,0 %	21,5 %
<b>Kvalitet</b>				
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)	524	480	640	727
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>				
Antall boligbranner (antall)	3	2	1 646	45
Antall utrykninger (antall)	99	134	88 121	2 090

## Årsmelding 2024

*\*) Inflasjonsjustert med deflator*

Kvam brann og redning hadde noko lågare bustadbrannar i 2024 enn året før, mens det derimot var ein auke i andre utrykningar.

Kvam ligg noko under Kostragruppa si og landet utanom Oslo i antal utrykningar og bustadbranner. Kostnadane i 2024 var høge og speglar det som er nemnt i avsnitta "Utvikling og utfordring", samt "Økonomistatus".

Den kommunale feietenesta var ikkje kome skikkeleg i gang i 2024, og det vart prioritert tilsyn framfor feiing. Difor ligg Kvam herad under snittet for gruppa si, samt landet utan Oslo. Årsgebyret for feiing i Kvam er lågare enn kontragruppa si og landet utan Oslo.

## Status investeringar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap
0*Etablering av feietenesta	3 437	2 868	2024	1 055	486
0*Kjøp av kjøretøy KVBR	15 250	8 697	2025	7 494	7 191
Sum andre prosjekt	0	36 199		901	616
<b>Sum</b>	<b>18 687</b>	<b>47 765</b>		<b>9 450</b>	<b>8 293</b>

## Status politiske vedtak

### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 025/24 Ny forskrift om gebyr for tilsyn og feiring av fyringsanlegg	· Gjeldande forskrift om gebyr for tilsyn og feiring av fyringsanlegg, Kvam herad, Vestland, 09.12.2021 nr. 4007, vert oppheva- Kvam heradsstyre vedtek forslag til ny forskrift om gebyr for tilsyn og feiring av fyringsanlegg, og forskriftena vert publisert i Norsk Lovtidend. · Kvam heradsstyre vedtek endring av gebyrregulativ for 2024 gjeldende feiring og tilsyn: Tilsynsgebyr kr 600,- Timepris for feiring kr 490,-	Ferdig	Ny forskrift er utarbeida, politisk vedteke og iverksett.
HST 033/22 Etablara feiring og tilsyn i kommunal regi. Inngå midlertidig avtale med ekstern leverandør. Tilrettelegga fasilitetar i den nye brannstasjonen.	Feiring og tilsyn i Kvam herad Kvam heradsstyre gir rådmannen fullmakt til å inngå avtale om utføring av tilsyn og feietenester i privat regi fram til 1.6.2023. · setja i gang prosessen med å overta tilsyn og feiring i eigen regi. · tilrettelleggja fasilitetar til feie- og tilsynstenesta i ny brannstasjon. Auke budsjettramma i prosjekt P65180 Brannstasjon KVBR med 2 mill.kr., finansiert med lån. · tilpassa budsjetta for ny avtale med privat aktør i 2022, og overgang i 2023	Ferdig	Feiring og tilsyn er overtakne til kommunal drift og arbeidet er sett i gang
HST 078/23 Krav til organisering, bemanning og utrustning av Kvam brann- og redningsvesen (Drift)		Ferdig	Driftsprosjektet er auka ramme til kompetanseheving, auka bemanning av vaktlag og øving på Flesland. Dette skal vera innarbeid i som ein varig auke i budsjettet og ein del av forutsetningane for drifta i 2025 og vidare.
HST 078/23 Krav til organisering, bemanning og utrustning av Kvam brann- og redningsvesen (Investering)		Forsinket	Det meste av tiltaka er utført. Største tiltak som står att er brannbåt til 2,7 mill som er planlagt levert no 2025

## Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde

### Beskriving av tenesteområde

Lenkje til omtale av tenesteområde:[Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde](#)

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Opph.	Rev. bud.	Avvik	Avvik i %
	2023	2024	bud. 2024	2024	rek/bud	2024
Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	9 097	3 962	4 745	4 548	586	12,9 %
<b>Sum</b>	<b>9 097</b>	<b>3 962</b>	<b>4 745</b>	<b>4 548</b>	<b>586</b>	<b>12,9 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Tenester utafor kommunalt ansvarsområde har eit totalt mindreforbruk på 0,6 mnok i 2024

Klima og energifond har hatt utbetalingar på 1,8 mnok i 2024, noko som er 1,2 mnok lågare enn budsjett. Midlane er løyvd og utbetalingane vil koma i 2025.

Det er brukt midlar på heving og opphogging av ein båt som sokk ved Tolo, det er ei pågåande sak med forsikringsselskap for å få dekka kostnadane ved fjerning av båten.

Det er gjort utbetalingar på 0,1 mnok til støtte av private veglag i 2024, mot budsjett på 0,3 mnok.

Det vart overført 1,29 mnok knytt til Ferde AS /Jondalstunnelen, som budsjettert.

### Status politiske vedtak

#### Budsjettvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 149/23 Bud24	Heradsstyret bed administrasjonen gå i kontakt med Vestland fylke eventuelt	Forsinket	Kommunen skal i dialog med Vestland fylkeskommune om ladepunkt.
Verbalpunkt 8:			
Ladestasjoner for store køyretøy	ENOVA for å få nytta stønadsordningane som finst for å etablere ladepunkt for næringskøyretøy og store køyretøy		

#### HST- og FSK-vedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
HST 026/22: Kvam heradsstyre ber	Kvam heradsstyre ber rådmannen greia ut moglegheitene for fjernvarmeanlegg i	Ikke startet	Det er sett opp prosjekt knytt til etablering av brønnpark/varmepumpe ved

## Årsmelding 2024

<b>Oppdrag</b>	<b>Beskriving</b>	<b>Status</b>	<b>Beskriving av status</b>
rådmannen greia ut moglegheitene for fjernvarmeanlegg i Kvam- både når det gjeld kapasitetsauke på eksisterande anlegg og etablering av nye.	Kvam- både når det gjeld kapasitetsauke på eksisterende anlegg og etablering av nye. 2. Kvam heradsstyre ber rådmannen koma tilbake med politisk sak til heradsstyret med overslag som viser investeringar og potensielle innsparingseffektar. Arbeidet vert knytta opp til handlingsdelen til klima og energiplanen.		Strandebarm skule og ved Tolo Varmesentral. noko for prosjektering og noko for utbygging i 2025/2026.
HST 027/22: Utgreiing av hurtigladestasjonar for elbil i Kvam	Kvam heradsstyre ynskjer hurtigladestasjonar for elbil i alle dei definerte bygdesentra i Kvam, med serskilt vekt på trafikk-knutepunktet i Tørvikbygd.Heradsstyret ber rådmannen greia ut kommunal medfinansiering av ei slik investering, i dialog med Fylkeskommunen. Rådmannen skal komme tilbake med politisk sak til heradsstyret seinest til budsjettmøtet.Heradsstyret bed om at det også vert vurdert løsninger for ladepunkt for sykkel i samband med dette.	Iht. plan	Det er lagt inn i rutinane til kommunen ved privat planframlegg som spør om ladepunkt ved regulerings av større parkeringsareal. Dersom me skal rullere kommuneplanen sin arealdel, så vert det eit naturleg tema å vurdere kor me skal ha nye ladepunkt.  Det vert etablert nye ladepunkt ved parkering på Spar butikken i Norheimsund. Det har også vore undersøkt mogleg løysing for elbil-lading i Ålvik, men aktuelle leverandørar har meldt tilbake at dei ikkje ser at det er tilstrekkeleg marknad då det er ladepunkt i Øystese og Granvin for gjennomgangstrafikk, og elles lading i private heimar.
HST 073/23 UØP 2024-27 tillegg H: Tiltak for reduksjon av klimagassutslipp	Heradsstyret bed rådmannen koma tilbake i Ferdig budsjettet med inntil kr 200.000 i tilleggsløyving - med siktemål å få utarbeidd konkrete tiltak som kan gje netto reduksjon i klimagassutslepp.		Tiltaket vart ikkje prioritert i budsjett for 2025.
HST 081/23 Søknad om tilskot til oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli		Ferdig	Tilskot er utbetalt.
HST 096/24 Tunell bak Norheimsund sentrum - vurdering av prosess og type plan (del 1)	1. Kvam heradsstyre vedtek at arbeidet med å utarbeida reguleringsplan for ny tunell bak Norheimsund sentrum held fram etter vedteken plan	Iht. plan	Arbeidet med reguleringsplan er i gang.